




Seljord kommune

Årsmelding 2020



Utskikkspunkt i Flatdal. Foto: Dag Jensen

Innhald

| | |
|--|----|
| Innleiing..... | 3 |
| 1. Ordføraren har ordet..... | 3 |
| 2. Medlemmer i politiske organ i 2020 | 6 |
| 3. Statistikk over politiske vedtak og saker | 7 |
| 4. Rådmannen har ordet | 8 |
| Administrativ organisasjon og leiing..... | 9 |
| 5. Medarbeidarar og personalpolitikk..... | 9 |
| 6. Pandemi og beredskap | 9 |
| 7. Rekruttering og kompetanse..... | 9 |
| 8. Kurs..... | 11 |
| 9. Heiltidskultur | 11 |
| 10. Bedriftshelseteneste | 11 |
| 11. HMS – helsefremjande arbeid..... | 12 |
| 12. Nærværarbeid..... | 12 |
| 13. Livsfase | 13 |
| 14. Likestillings- og diskrimineringsarbeid | 13 |
| 15. Etikk | 14 |
| 16. NAV Vest Telemark..... | 14 |
| 17. Kontroll og tilsyn - Internkontroll | 14 |
| Mål og resultat for Seljord kommune | 16 |
| 18. Hovudmål 1 | 17 |
| 19. Hovudmål 2 | 20 |
| 20. Hovudmål 3 | 25 |
| 21. Måloppnåing og utvikling i 2020 | 28 |
| 22. Samfunnstryggleik og beredskap | 32 |
| 23. Ytre påverknad av miljø..... | 32 |
| Kommunen si økonomiske stilling..... | 33 |
| 24. Situasjon | 33 |
| 25. Oppdrag..... | 34 |
| 26. Investeringar..... | 36 |
| Økonomi og resultat for programområda | 37 |
| 27. Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter | 37 |
| Programområde 2 Skule og oppvekst | 38 |

| | |
|--|----|
| Programområde 3 Helse og omsorg..... | 49 |
| Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift..... | 60 |
| Saker til handsaming i kommunestyret i 2020..... | 73 |

Innleiing

Denne årsmeldinga skildrar tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen si økonomiske stilling og resultat som ikkje går fram av årsrekneskapen, og andre tilhøve som er viktige for kommunen.

Ordføraren har ordet

Det har vore eit spesielt første år som ordførar i Seljord. Koronapandemien har prega oss alle. Mange har hatt svært krevjande arbeidsdagar over lang tid. Mykje synleg og usynleg arbeid må til for å få ein kommune til å fungere i ein pandemi. Det har vore eit unntaksår på alle vis. Å skulle drifte ein kommune, levere gode tenester og samstundes måtte forhalde seg til den uvissa og det meirarbeidet som ein pandemi inneber, har vore krevjande for mange. Eg er umåteleg imponert over måten dei tilsette i Seljord kommune har løyst utfordringane på strak arm. Det er mange som har strekt seg mykje lengre enn ein kan vente.

Til alle tilsette i Seljord kommune: Du skal vite at vi folkevalte ser den store innsatsen som er lagt ned i heile organisasjonen, og at vi er utruleg stolte av kvaliteten på tenestene som vert levert - kvar einaste dag!

Beredskapsleiinga har hatt jamnlege møter heile året. Førre var-prinsippet har vore rettesnora for alt arbeidet vi har gjort, og det har gjeve resultat. Vi har vore godt budde når ulike situasjonar har dukka opp. Då landet stengte ned valde vi i beredskapsleiinga, formannskapet og kommunestyret å innføre svært inngripande tiltak. Karantenepåbod og innreiseforbod gjennom lokal forskrift. Det var heilt nødvendig fordi kommunen sto utan tilgang på smittevernustyr, og ikkje kunne beskytte dei tilsette mot smitte i den svært uoversiktlege situasjonen vi sto i. Vi sto i ein situasjon der vi frykta både for tryggleiken til dei tilsette, til innbyggjarane våre og for å ikkje kunne levere heilt grunnleggjande tenester. Eg vil takke innbyggjarar og næringsliv for forståing og tålmod i den krevjande tida.

Det har vore eit viktig fokus frå kommunen si side å sørge for god og riktig informasjon til innbyggjarane. Oppfølging av barn og unge har vore eit hovudfokus frå første dag. Vi var raskt i dialog med både barnevernet, politi og NAV for å sørge for at vi hadde oversikt og fulgte opp dei viktigaste områda å ha ein beredskap på. Det som imponerte stort då landet stengte ned og uvissa var som størst var den store dugnadsånda i lokalsamfunnet. Det både gjorde godt og var til stor hjelp på mange måtar.

Barn og unge er dei som har merka pandemien mest, og det er nok dei som vil bli mest prega av dette annleisåret i åra vi har framom oss. Sidan alle elevar allereie hadde eigen iPad då pandemien råka har elevane våre hatt god tilgang på digitale læringsplattformer frå først stund, og kunne

kommunisere med læraren og ha undervisningsopplegg under nedstenginga av skulane. Det er langt i frå alle kommunar som hadde eit like godt utgangspunkt som oss. Etter at skulane opna att har elevane i Seljord hatt få dagar utan fysisk oppmøte.

2020 vart året der rekka med Dyrsku'ar vart broten. Alle arrangement og festivalar på Dyrsku-plassen vart avlyste. Det var heilt uverkeleg, og har fått store konsekvensar for lokalsamfunnet. Det har vore arbeid mykje opp i mot sentrale styresmakter og fylkeskommunen for å få fram den krevjande situasjon for Seljordssamfunnet. Heldigvis lukkast det å få noko statleg kompensasjon til både Dyrsku'n og til næringslivet ellers.

Kommunestyret løyvde ein million kroner til lokale koronatiltak for å bøte på verknadane av pandemien. Desse midlane har gått til ulike verksemder som ikkje har fått nytte av dei statlege ordningane, innovative satsingar, lag og foreningar og sommarjobb for ungdom både i næringslivet og i kommunen.

Eg er òg veldig stolt av at vi greidde å oppretthalde lokaldemokratiet då pandemien ramma og landet stengte ned, og at både formannskap, kommunestyre og andre utval har vore i full funksjon i heile 2020. Rett etter nedstenginga i mars gjennomførte vi både formannskapsmøte og kommunestyremøte digitalt.

Eg vil takke kvar og ein av dei folkevalde i kommunestyret og og i utvala for å ha bidrege til det politiske arbeidet i annleisåret vi har lagt bak oss. To medlemmar av kommunestyret har fått varig fritak frå verva sine i løpet av 2020: Helge Hellesø Lundgren (Sp) og Marianne Vadder (Sp). Eg vil på vegne av Seljord kommune takke dei begge for innsatsen dei har gjort den tida dei har vore folkevalde i Seljord kommune.

På tross av koronaen har det skjedd mykje positivt i Seljord i 2020:

Nedgangen i innbyggjartalet snudde, og det vart 12 fleire innbyggjarar i kommunen. Ei auke frå 2888 til 2900.

- Første del av parsellen Bukti - Stodi på Riksveg 36 vart opna. Og vi fekk lagt til rette for at anleggsarbeidet ikkje vart hindra på grunn av pandemien. I samband med vegen vart det òg opna ein ny turistattraksjon i Seljord: Sjøormen på rasteplassen ved Stodi.
- Butikken i Åmotsdal nyopna, som ein del av Snarkjøp-kjeda.
- Sundsbarm kraftverk var 50 år.
- Det var 300 år sidan den fyrste nedteguna observasjonen av sjøormen i Seljord
- Det var 150 år sidan den første norske luftferda. Sjølve jubileumsfeiringa vart utsett, men det er sett opp ei dagsturhytte i nærleiken av Ballongfararsteinen.
- Det opna ein flott ny turistattraksjon i Flatdal, utkikkspunktet som er ein del av Sogevegen om Nutheim, opplevingsvegprosjektet i samband med omlegginga av E134 gjennom Mælefjell.
- Hegna landhandel vart utnemnt som historisk stad: Noreg sin første høgteknologiske daglegvarebutikk, som no er modell for ein nasjonal pilot for digitalisering av landhandlar og nærbutikkar.
- Seljord veterinærkontor fylte 30 år, og i mai flytta Eiksenteret til Seljord og opna ny verkstad og butikk på Århusmoen.
- Frivilligsentralen flytte inn i nye lokaler etter å ha lagt ned 2000 dugnadstimar.

- Vi har fått ladestasjon for elmoped på grunn av at ungdommen har engasjert seg.
- Frivillig innsats har sørget for Tuftepark på Eventyrøy og skatepark i Flatdal.

Hausten 2020 vart Seljord kommune utnemnd til "Trafikksikker kommune", og i november kunne kommunestyret markere at vi er rangert som Noreg si 8. beste kulturkommune på Kulturindeksen som Telemarksforskning utarbeider.

Kommunestyret har iverksett forprosjekt om investering i Flatdal skule for framtida. Vi har fått på plass att 4-dags tilbod i barnehagane for å leggje til rette for barnefamiliane våre.

Vi har tilsett ein eigen SLT-koordinator, som arbeider med kriminalitetsførebyggande arbeid overfor barn og unge. Vi har sett i gang ordninga "Frå leige til eige", som skal hjelpe folk til å kunne eige boligen sin sjølv. Vi har greidd å ta samfunnsansvaret vårt òg i dette krevjande pandemiåret, og har teke i mot dei flyktningane styresmaktene har bede oss om.

Kommunestyret har satsa på breiband, og inngått avtale med VTK AS om å bygge ut breiband i Vefall/Brekke, Seljordhei med Garvik og Telnes og i Kivledalen. Med dette kan dei fleste fastbuande i Seljord bli knytt til fiber. Etter initiativ frå Seljord kommune har Vest-Telemarkrådet starta opp felles stillingsslepp for Vest-Telemark for å marknadsføre regionen og få fleire til å leggje merke til oss og ville flytte hit.

Vi er i gang med å utarbeide ein felles klimaplan i Vest-Telemark, og regionen har sett seg i førarsetet for arbeidet med eit bærekraftig reiseliv. Seljord kommune har signert klimaavtale med klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark, og er igang med å bli sertifisert som Miljøfyrtårnkommune.

Hovudplan for vatn og avløp for dei neste 10 åra er vedteke, og vi er i gang med å utarbeide ein ny Helse- og omsorgsplan for å planlegge godt for framtida, kartlegge utfordringane og kunne investere og drifte klokt i åra som kjem.

Dette er berre eit utdrag av smått og stort som har skjedd i Seljord kommune i 2020. Eit glimt av ulike vedtak som er fatta. Satsingar som er gjort. Små og store milepælar.

Eg har tru på Seljord, og skal gjere mitt for at vi òg i åra framover leverar gode tenester og sørge for at Seljord er ein attraktiv plass både å bu og etablere verksemd i.

Beate Marie Dahl Eide
Ordførar Seljord kommune

Medlemmer i politiske organ i 2020

Kommunestyret

Ordfører Beate Marie Dahl Eide (Sp)
Varaordfører Sonde Aasan (Sp)
Marita Byggstøyl Dyrland (Sp)
Terje Haugland (Sp)
Marianne Vadder (Sp) – Varig fritak frå 10.12.20
Eilev Eiesland Bjørge (Sp)
Helge Hellesø Lundgren (Sp) – Varig fritak frå 26.03.20
Håkon Høgetveit (Sp) – Fast medlem frå 26.03.20
Maria Groven (Sp) – Fast medlem frå 10.12.20
Peter Fjågesund (MDG)
Gunhild Flatland (MDG)
Per Dehli (H)
Margit Elise Karlsen (H)
Edvard Mæland (H)
Mogens Iversen (FrP)
Carina Thorvaldsen (FrP)
Halfdan Haugan (Ap)
Eivind Skogheim (Ap)
Ingvild Haugerud Øverland (Ap)

Ungdomsråd

Anne Øygarden Haugland
Martin Haugen Kultan
Olav Brennemo Eriksen
Abdi-Rahin Ise Mohamed
Celina Lauvstad
Martin Eilefstjønn Berntzen
Carina Thorvaldsen (politisk valt)

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Rita Andersen - Leiar
Gunvor Susanne Hegni - Nestleiar
Jon Funner
Henry Mæland (Sp)
Elisabeth Haugen (Ap)

Eldreråd

Odd Vidar Rui - Leiar
Ruth Tordsson - Nestleiar
Margunn Gimmestad
Henry Mæland (Sp)
Elisabeth Haugen (Ap)

Formannskap/økonomiutval

Ordfører Beate Marie Dahl Eide (Sp)
Varaordfører Sondre Aasan (Sp)
Marita Byggstøyl Dyrland (Sp)
Peter Fjågesund (MDG)
Per Dehli (H) – Varig fritak frå 05.11.20
Margit Elise Karlsen (H) – Fast medlem frå 05.11.20
Carina Thorvaldsen (FrP)
Halfdan Haugan (Ap)

Samfunnsutval

Terje Haugland (Sp) – Leiar
Tone Reiten (MDG) - Nestleiar
Marianne Vadder (Sp) – Varig fritak frå 10.12.20
Helge Hellesø Lundgren (SP) – Varig fritak frå 26.03.20
Sondre Aasan (SP) – Fast medlem frå 26.03.20
Marita Byggstøyl Dyrland (SP) – Fast medlem frå 10.12.20
Edvard Mæland
Eivind Skogheim (Ap)
Mogens Hougaard Iversen (FrP)

Velferdsutvalet

Gunhild Flatland (MDG) - Leiar til 26.03.20
Kjell Hartberg (MDG) – Leiar frå 26.03.20
Marita Byggstøyl (Sp) – Gjekk ut 10.12.20
Håkon Høgetveit (Sp)
Eilev Eiesland Bjørge (Sp) – Fast medlem frå 10.12.20
Kathrine Volhovd
Carina Thorvaldsen (FrP)
Ingvild Haugerud Øverland (Ap)

Kontrollutval

Jon Svartdal (H)
Hallgeir Ofte (Ap)
Kari Wolden (FrP)
Maria Groven (Sp)
Eilev Eiesland Bjørge (Sp) – Gjekk ut 10.12.20
Bjørn Arve Nordbø (Sp) – Fast medlem frå 10.12.20

Statistikk over politiske vedtak og saker

| Utval | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--|------|------|------|------|------|------|------|
| Kommunestyret | 69 | 110 | 110 | 111 | 84 | 109 | 149 |
| Formannskap/økonomiutval | 91 | 98 | 113 | 109 | 86 | 90 | 107 |
| Plan, miljø og teknisk utval | 62 | 53 | 71 | 48 | 53 | 49 | - |
| Administrasjonsutval | 14 | 6 | 7 | 21 | 32 | 31 | 27 |
| Eldrerådet | 13 | 9 | 9 | 9 | 7 | 8 | 12 |
| Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne | 14 | 11 | 8 | 10 | 6 | 9 | 11 |
| Kontrollutvalet | | | 30 | 27 | 26 | 33 | 30 |
| Samfunnsutvalet | | | | | | 10 | 45 |
| Velferdsutvalet | | | | | | 4 | 24 |

| Tal på politiske møte i 2020 | |
|--|----|
| Kommunestyre | 14 |
| Formannskap | 13 |
| Administrasjonsutval | 9 |
| Elderåd | 5 |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 5 |
| Kontrollutvalet | 4 |
| Ungdomsrådet | 4 |
| Samfunnsutvalet | 8 |
| Velferdsutvalet | 7 |
| Kommunestyre | 14 |

Rådmannen har ordet

Årsmeldinga tek utgangspunkt i kommunen sine overordna målsetjingar og vedteke arbeidsprogram for 2020. Saman med rekneskapstal, omtale av kommunen si økonomiske stilling og anna relevant informasjon, gjev årsmeldinga eit utfyllande bilde av aktiviteten i Seljord kommune i 2020.

2020 har vore eit utfordrande år på mange vis. I januar fekk vi kjennskap til eit virus som skapte utfordringar på andre sida av jordkloden, og beredskapsleiinga hadde sitt fyrste møte der ein eventuell pandemi var på dagsordenen 31.januar. Vi starta med å oppdatere pandemiplanen, informere tilsette og befolkningen om basale førebyggjande smittevern. 28.februar startet jobben for alvor. Vi fikk meldinger frå Helsedirektoratet og FHI om at det var fare for at viruset ville spre seg til Norge, og at det var satt i gang flere tiltak for å hindre spredning frå tilreisande med fly inn til landet. I starten av mars byrja vi å rigge oss for ein kommande pandemi, med kontinuitetsplanlegging, risikovurdering, kommunikasjon ut til tilsette og innbyggjarar. 12.mars kom regjeringa med dei sterkaste og mest inngripande tiltaka vi har hatt i Norge i fredstid. Dei nasjonale tiltaka blei ikkje vurdert som tilstrekkeleg for Seljord kommune sin del, og saman med nabokommunar innførte vi ved lokal forskrift karantenerregler og innreiseforbod. Fyrst og fremst fordi vi ikkje hadde tilstrekkeleg med beskyttelsesutstyr dersom vi skulle få eit lokalt smitteutbrot.

Kommuneoverlegen fekk stort ansvar for å handtere pandemien saman med beredskapsleiinga. Vi har hatt høg beredskap i 10 månader der oppgåva har vore å jobbe med førebyggjande tiltak, førebu oss på TISK strategien, rigge kommuneorganisasjonen for å møte dei nye utfordringane og ivareta innbyggjarane på best mogleg måte. Det har vore krevjande, tilsette har stått på og vist stor endringsvilje. Det er ein stolt rådmann som ser tilbake på korleis vi som kommune og samfunn har takla annleisåret 2020.

Koronapandemien førte til at vi måtte ta i bruk nye digitale løysningar. Teamsmøte og digital kommunikasjon blei møteformen gjennom året. Vi hadde heldigvis rigga oss for å ta i bruk nye verkty, noko som gjorde at vi raskt var i gang med å leie, gjennomføre og utvikle kommunen primæroppgåver via digitale hjelpemiddel.

Det har vore eit høgt aktivitetsnivå og store oppgåver som ein har måtte løyse i lag. Det er utfordrande når kommunen gjennomgår endringar i den administrative toppleiinga, samstundes som vi skal løyse nye oppgåver med smittesporing, gjennomføre strategisk planlegging og styre etter stramme økonomiske løyvingar. 2020 har og vore eit rekordår i tal på politiske møte og saker og med ein liten administrasjon har dette vore krevjande. Likevel vil eg trekkje fram at eit godt samarbeid med politisk leiing, høg tillit og tru på at vi saman skal løyse oppgåvene har gjort det spennande og utviklande å vere kaptein på skuta.


Eg vil avslutte med å takke dei tilsette, tillitsvalte, politikarar og samarbeidspartar for samarbeidevilje og ikkje minst for innsatsen.

Frid Elisabeth Berge

Konstituert rådmann

Administrativ organisasjon og leing

På øvste administrative nivå i Seljord kommunen ser organiseringa slik:



Medarbeidarar og personalpolitikk

I 2020 vart det levert 819 løns- og trekkoppgåver.

Pandemi og beredskap

Som alle andre kommunar i Noreg har også arbeidet i Seljord kommune vore prega av beredskapsarbeid knytt til handteringa av coronapandemien i store delar av 2020. Organiseringa av arbeidet har vorte tilpassa mest mogleg effektiv og smittevernvenleg tenesteleveranse. Tilsette har måtta finne seg i å bli omdisponert til andre arbeidsplassar, nye oppgåver og -tider for å møte dette behovet. Veldig mange tilsette har strekt seg langt for å bidra på best mogleg måte i pandemihandteringa. Mange har jobbe veldig mykje, og leiargruppa har fleire gonger ytra uro for kva dette arbeidstrykket på sikt kan føre til av slitasje på arbeidsmiljø og helse hos den einkilde.

Rekruttering og kompetanse

Seljord kommune har lykkast med å rekruttere relevant kompetanse til ledige stillingar også i 2020. Vi opplever ein aukande tendens til at det er færre søkarar til stillingar med bestemte kompetansekrav, som sjukepleiar, sjølv om vi hittil har lykkast med det. Det er elles klart at stillingar som inneber kvilande nattevakt, der 1/3 time blir kompensert, er vanskeleg å rekruttere til. Vi opplever ei nokså stor utskifting av personell innanfor skule, som følgje av at tilsette går av med pensjon.

Ved Seljord barne- og ungdomsskule har Arnhild Gjessing vorte tilsett som ny assisterande einingsleiar, med ansvar for barnetrinnet. Ved undervisningskontoret og i rådmannsteamet er Ronde Schade tilbake som kommunalsjef for kommunalområdet skule og oppvekst frå og med august, etter permisjon frå stillinga.

Ved Nesbukti pleie- og omsorgssenter har kommunen fått tilsett ny einingsleiar. Kristin Aamot kjem frå stillinga som assisterande einingsleiar ved same arbeidsplass. Med seg på laget har ho fått Grete Størmer Lid i stillinga som assisterande einingsleiar. Ho har vore tilsett som sjukepleiar i kommunen i

nokre år. Vi har tilsett Sveinung Gårå som miljøterapeut innan psykisk helse, inkludert 30 % som SLT-koordinator.

I administrasjonen vart det også ein del endringar i løpet av 2020. I mars starta vår nye arkivleiar, Ann Kristin Marumsrud, i stilling med ansvar for arkivteneste og val. I august starta Merete Trangsrud som servicemedarbeidar og sekretær ved merkantil avdeling. Ho er mellombels engasjert for å dekke opp sakshandsamingsoppgåver medan Frid Berge er konstituert som rådmann. Amalie Versted er leigd inn som konsulent på samfunnsutvikling- og planoppgåver i same periode.

I samband med den nasjonale satsinga innan psykisk helse og rus vart det oppretta to 100 % psykologstillingar som skulle serve alle Vest Telemark-kommunane. Barn og unge vart bestemt som særskilde satsingsområde. Seljord kommune er vertskommune for psykologane. I august starta Henrik Eriksen opp i den andre psykologstillinga. Han kjem frå psykologisk pedagogisk stilling i København.

I 2020 rekrutterte kommunen dessutan reinhaldarar, sjukepleiarar, lærarar og vikarar i ei rekkje tenesteutøvande stillingar.

Vidareutdanning

Seljord kommune ynskjer at dei tilsette skal få auke kompetansen sin, ved til dømes at dei studerer fag ved universitet og høgskular, eller tek fagutdanning. I 2020 fekk Seljord kommune med 4 lærarar på den statlege ordninga med vidareutdanning for lærarar. Dei finansierast gjennom stipendordning, og skal avslutte studia våren 2020 I 2010 vart det vedteke satsar for lønsmessig kompensasjon for auka kompetanse, og ein del av dei tilsette i kommunen har nytt godt av dette etter end studium også i 2020.

| Sektor | Yrke | Studiepoeng/Grad | Periode | Studie |
|-----------------------|--------------------------------|------------------|---------|-----------------------------|
| Personal og merkantil | Organisasjons- og personalsjef | 30 studiepoeng | 2020 | Master i verdibasert leiing |
| Skule og oppvekst | Lærar | 15 studiepoeng | 2020 | Kunst og handverk, Udir |
| Skule og oppvekst | Lærar | 15 studiepoeng | 2020 | Programmering, Udir |
| Skule og oppvekst | Barnehagelærar | 15 studiepoeng | 2020 | Andrespråkspedagogikk, Udir |
| Skule og oppvekst | Ass. einingsleiar | 15 studiepoeng | 2020 | Utdanningsleiing |
| Skule og oppvekst | Lærar | 15 studiepoeng | 2020 | Spesialpedagogikk |
| Skule og oppvekst | 1 assistent | 60 fagskulepoeng | 2020 | Barn med særskilde behov |
| Skule og oppvekst | 6 barnehagelærarar | 30 studiepoeng | 2020 | Profesjonsrettleiing |
| Skule og oppvekst | 1 barnehagelærar | 30 studiepoeng | 2020 | Spesialpedagogikk |

| | | | | |
|-----------------|----------------|----------------|------|--------------------------|
| Helse og omsorg | Sjukepleiar | 30 studiepoeng | 2020 | Helsesjukepleiar |
| Helse og omsorg | Miljøterapeut | | 2020 | Kognitiv terapi, trinn 2 |
| Helse og omsorg | Sjukepleiar | 30 studiepoeng | 2020 | Helsesjukepleie |
| Helse og omsorg | Vernepleiar | 30 studiepoeng | 2020 | Psykisk helsearbeid |
| Helse og omsorg | Einingsleiarar | 30 studiepoeng | 2020 | Årsstudium i leiing |

Lærlingar

Seljord kommune har tre lærlingplassar fordelt på helsefag og barne –og ungdomsarbeidarfag. Kvar lærling går to år i lære før fagprøva:

| Sektor | Fag | Fyrste lærlingår | Planlagt fullført |
|-------------------|--------------------------------|------------------|-------------------|
| Helse og omsorg | Helsefagarbeidar | 2018 | 2020 |
| Helse og omsorg | Helsefagarbeidar | 2019 | 2021 |
| Skule og oppvekst | Barne- og ungdomsarbeidarfaget | 2020 | 2022 |

Kurs

10 medarbeidarar ved Teneste for funksjonshemma fullførte i 2020 Mitt livs ABC, fem perm 1 og fem perm 2. Tre medarbeidarar ved same arbeidsplass starta hausten 2020 på kurset Nettverk om utviklingshemming og ernæring, ved USHT.

Alle tilsette innan reinhald og helse og omsorg har fått kursing spesielt retta mot smittevern. I dei heile har heile organisasjonen fått auka kompetanse på smittevern i løpet av dette året.

Heiltidskultur

Trass i at kommunen ikkje lenger er med i KS sitt heiltidskulturprosjekt, jobbar vi jamt for å rekruttere til så store stillingar som råd, aller helst heile stillingar. I praksis er ikkje dette alltid like lett, både fordi at når ein tilsette sluttar og etterlet seg ein stillingsprosent er det denne heimelen ein har rom for å tilsette i, og fordi at dei fleste einingar i helse og omsorg har behov for å dekke opp alle helgar, netter og kveldar, samt heilagdagane. Den gjennomsnittlege stillingsstorleiken for tilsette i 2020 er 68,65 %. For sjukepleiarar er den 87,70 % og for lærarar 88,10 % same år. Av desse er det en del som ynskjer seg større, fast stilling, medan andre ynskjer å jobbe deltid. Særleg utfordrande er dette innanfor helse- og omsorgssektoren, der ein er avhengig av turnus- og helgearbeid. Tilsette som arbeider utover fast stilling som vikar, opparbeider seg rett til auka fast stilling etter Arbeidsmiljølova ut frå gitte kriteria.

Bedriftshelseteneste

Seljord kommune har i 2020 også hatt avtale med *Bedriftshelsen AS* om levering av lovpålagde bedriftshelsetenester. Dei tilbyr assistanse av ulikt slag, som helse- og arbeidsmiljøundersøkingar,

helsesamtalar og målretta helsekontroll, ergonomisk kartlegging av arbeidsplassar. Dei utfører også målingar på til dømes inneklima, støy og ljøs, vaksinerer tilsette i utsett arbeid, deltek på møte i Arbeidsmiljøutvalet og dialogmøte i samband med sjukemelde arbeidstakarar.

Kvart år blir det lagt ein plan for samarbeidet, som vert revidert på slutten av året, med planlegging for arbeid komande år.

HMS – helsefremjande arbeid

Bedriftshelsetenesta tilbyr lovpålagt HMS-kurs for leiarar, verneombod og tillitsvalde, kurset gjev opplæring i HMS-arbeid og regelverk knytt til dette. I 2020 var to verneombod og ein leiar på HMS-kurs. *Bedriftshelsen* held fram med kartlegging av arbeidsmiljø og systematisk helsekontroll på dei ulike arbeidsplassane, etter planen for arbeidet i Seljord kommune. I 2020 har bedriftshelsetenesta gjennomført gruppekartlegging i Open omsorg, helseundersøking av tilsette på reinhaldsavdelinga. Brannmannskap og røykdykkarar har gjennomført årlege kontrollar hos bedriftshelsetenesta *Bedriftshelsen* har blitt engasjert i HMS-relaterte saker i kommunen i 2020.

Dei har og vorte engasjerte i ergonomiske vurderingar i fleire tilfelle det siste året. Denne typen tilrettelegging av arbeidsplassen kan gjere at tilsette får ein betre arbeidskvardag. Slikt tiltak har i tillegg mål om å førebygge og unngå sjukemelding. Tre tilsette har hatt ein slik gjennomgang med bedriftsfysioterapeuten, og på denne måten fått tilpassa kontorpultar, stolar, ljøs og fått andre ergonomiske hjelpemiddel det siste året.

Bedriftshelsen har også bidratt med deltaking i 4 AMU-møte og skrive årsrapport for arbeidet.

Nærværarbeid

Då coronakrisa kom, vart det raskt innført nye nasjonale fråværs grenser og refusjonsordningar. For å hindre smittespreiing var det viktig at tilsette var heime frå jobb dersom dei hadde symptom på forkjøling eller influensa. Heile organisasjonen var spent på korleis dette ville slå ut med tanke på å skulle ha tilstrekkeleg bemanning for å oppretthalde drift. Ein måtte og ta høgde for høgare fråvær i samband med sjukt barn.


Tilsette i samfunnskritiske rollar fekk nasjonal prioritet til barnehage, fysisk skuleplass og SFO. I tråd med retningsliner frå DSB vart det planlagt for auka fråvær og endra bemanningsbehov.

For å sikre fleire ressursar å spele på vart det annonsert etter vikarar innan både helse og reinhald. I tillegg inngjekk kommunen samarbeid med Seljord frivilligsentral om utveksling av frivillige medarbeidarar, gjerne med helsefagleg bakgrunn.

Kommunen opplever at dei tilsette har strekt seg langt og bidratt etter beste evne for å levere gode tenester. Mange har jobbar langt ut over det som er forventa og det er grunn til å vere takksame for at folk har vore på jobb, sjølv om dei var både slitne og tom. kanskje leie.

Trass i auka høve til sjukefråvær opplever kommunen at fråværet har vore moderat, sjølv om det har auka noko sidan 2019. Sjølv i slike krevjande tider har einingar og avdelingar i stor grad klart å gjennomføre oppgåvene sine. Dette har latt seg gjere ved å leige inn vikar, omdisponere tilsette, delegere oppgåver til andre eller tilsette fleire medarbeidarar mellombels.

Sjukefråværsstatistikk blir presentert for arbeidsmiljøutval (AMU) og administrasjonsutval (ADMU) kvart kvartal. Sidan 2020 har vore eit unnataksår på så mange vis har det heler ikkje vore mogleg å gjennomføre arbeidsmiljødagar eller andre typar fagdagar der nærvær og HMS har vore tema.



Livsfase

Kommunesektoren har gjennom framforhandla avtaler og lovverk gode ordningar for seniorar og tilsette i alle livsfasar. Det var ikkje mogleg å tilby seniorane det planlagde informasjonsmøtet med KLP i 2020, sidan reiserestriksjonar vart innført. Det er håp om at det vil bli mogleg i løpet av 2021.

Omsorgspermisjonar for tilsette med barn under 12 år og redusert stilling for tilsette som ynskjer gradert AFP blir for det meste imøtekome etter dialog med arbeidsplassen.

Likestillings- og diskrimineringsarbeid

På lik line med dei fleste kommunar i landet er også Seljord kommune prega av eit overtal av kvinnelege arbeidstakarar. Kommunen følgjer gjeldande lover, føresegner og tariffavtalar som kan bety noko for likestilling mellom kjønna, og ynskjer å stimulere til ei god kjønnsfordeling mellom dei tilsette. I tilfella der vi ser at eitt kjønn er underrepresentert, og at det vil vere hensiktsmessig å ha inn fleire av det andre kjønn, oppmodar vi spesielt til at desse skal søke når stillingar vert utlyst.

Det kommunale lønssystemet er basera på kompetanse og ansiennitet, og skal sikre lik løn for likt arbeid. Likevel ser vi nokon skeivheiter mellom arbeidsgrupper med likt utdannings- og ansvarsnivå, og har bruka dei siste lokale oppgjera til å jamne ut desse noko. Kvinner utgjorde i 2020 om lag 86 % av kommunen sine tilsette. Seljord kommune har ein stor del kvinner i leiarstillingar. I rådmannsteamet var fordelinga mellom kjønna til og med andre kvartal 2020 tre kvinner og to menn, dvs. 60 % kvinner. Etter sommaren 2020 vart fordelinga tre kvinner og ein mann, altså 75 % kvinner. På einingane er det berre kvinnelege leiarar, medan det blant avdelingsleiarar er tre menn og ei kvinne, altså 75 % menn.

Det jobbar mange personar med nasjonal eller etnisk bakgrunn i Seljord kommune. Desse er tilsett innanfor forskjellige einingar og med ulike arbeidsoppgåver. Mellom anna finn vi helsefagarbeidarar,

reinholdarar, miljøarbeidarar, badevakt, assistentar i helse, barnehage og skule, psykolog og ansvarleg for distribusjon av hjelpemiddel.

Dei siste åra har Seljord kommune fått fleire nye flyktningfamiliar, og ein ser at det er svært nyttig å spele på lag med innbyggjarar som har liknande erfaringar og som har budd i kommunen ei tid. Fordelen er at desse har røusle med det å vere nye i eit framand land og i ein norsk kommune og kan bistå med nyttig kunnskap om språk, kultur og daglegliv. Kommunen opplever det som svært meningsfylt å kunne nytte slike ressurspersonar til arbeidet med integrering, og ein ser at mangfaldet har ein stor verdi i seg sjølv.

Etikk

I Seljord kommune vil vi at dei tilsette skal oppleve å bli møtt med respekt og toleranse i alle samanhengar. Vi ynskjer tilsvarande at dei tilsette skal opptre respektfullt overfor tenestemottakarar, andre innbyggjarar og kvarandre.

Kommunen sine etiske retningslinjer forpliktar kvar einskild tilsett å vere medviten om at dei gjennom stillinga si og utøving av arbeidet er representantar for kommunen. Det er ei forventing om at ein er lojal mot dei lover, føresegner, reglement og vedtak som til ei kvar tid gjeld. Samstundes har den einskilde arbeidstakaren plikt til å gjere sitt til å skape eit godt psykososialt og fysisk arbeidsmiljø på arbeidsplassen, og kan forvente det same tilbake.

Seljord kommune har etiske retningslinjer som er detaljerte og konkrete på kva for åtferd som er akseptert og ikkje. Desse er ein del av kommunen sine *Personalpolitiske retningslinjer*. Retningslinjene har eit eige kapittel som tek opp reglar mot sosial dumping, som særleg er relevant i samband med innhenting av anbod i mellom anna byggesaker.

NAV Vest Telemark

NAV Vest-Telemark er eit interkommunalt samarbeid som blei etablert 01.01.2020 med alle Vest-Telemark kommunane som medlemmar. På grunn av pandemien vart 2020 eit veldig spesielt år, der arbeidsløysa auka med 1000 % i Vest-Telemark i løpet av ei veke i mars. Arbeidsløysa har ved utgangen av 2020 gått mykje tilbake, men er framleis større enn tidlegare år.

Seljord hadde ved årsskifte 67,6% av befolkningen i alderen 15 – 74 sysselsatt. Det er meir enn Vestfold og Telemark fylke og heile landet. Det same gjeld fleire av dei andre Vest-Telemark kommunane. Det blei i 2020 utbetalt 2 723 894,- i sosialhjelp til totalt 70 personar i Seljord, av desse var 26 stk under 30 år og 44 stk over 30 år. Dette er det høgaste talet i Vest-Telemark. NAV Vest – Telemark har utarbeida eigen årsmelding som blir handsama av kommunestyret 29. april 2021.

Kontroll og tilsyn - Internkontroll

Kommunen er underlagt statlege tilsyn og har i 2020 hatt tilsyn av Fylkesmannen og Arbeidstilsynet. Kontrollutvalet er valt av kommunestyret og førar tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet skriv eigen årsmelding.

Seljord kommune sin rutine for intern varsling om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen ligg tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Etter vedtak i AMU i 2019 vart kommunen sin kontaktperson for varslings saker hovudverneombodet. Det vart ikkje meldt nokon varslings saker i 2020.

Internkontroll omhandlar systematiske tiltak som sikrar at verksemda planlegg, organiserer, utfører og held ved like aktiviteten sin i samsvar med gjeldande krav i ulike lovverk. Krav om internkontroll

finst på ei rekkje område, til dømes etter HMS-lovgivinga, helselovgivinga, barnevernlova, matlova, sosialtenestelova og etter lovgiving om personvern og informasjonstryggleik.

På eit overordna nivå synes internkontrollen framleis å vere god. Det har over dei siste åra vorte jobba med å få betre kontroll på mellom anna avtalehandtering (rammeavtalar, forsikringar, leasingar, kontraktar med økonomisk konsekvens), systematisk oppfølging av innmelde avvik, oppfølging av endringar i rutinar som sikrar at endringane er forstått og implementera ute i kvart ledd i organisasjonen.

Internkontrollsystemet Compilo vart innført i 2019. Heile organisasjonen skal ha fått opplæring i bruk av Compilos avviksmodul, og einingane kom i løpet av 2020 godt i gang med bruken. AMU tek ut statistikk på HMS-relaterte avvik i kvart møte. Dette gjev ein god oversikt og innblikk i kva for avvik som skjer, alvorgrad og hyppigheit. Det gjev høve til å fylgje opp meir spesifikt dersom ein t.d. avdekkjer eit mønster i avvika. Innan helse og omsorg er det etablert eit eige kvalitetsutval som går igjennom kvalitative avvik og ser på moglege forbetringar ut frå desse.

I tillegg jobbar einingane med å etablere eit dokumentbibliotek der alle rutinar, prosedyrar og retningsliner skal ligge lett tilgjengeleg. Vidare vert det jobba med både årshjul og ROS-modul, slik at Compilo blir eit fullverdig internkontrollsystem for alle tilsette i kommunen.

Fylkesmannen gjennomførte nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet som fann avvik når det gjaldt aktivitetsplikta i skulen i samband med trygt skulemiljø. Kommunen fekk frist til 01.07.2020 med å lukke avviket.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med legevakta i Seljord. Det vart peika på avvik når det gjeld risiko- og sårbarheitsanalyse av vald, truslar og uheldige belastningar. Her nemnast også tilsyn som omhandla involvering av bedriftshelsetenesta i arbeidet. Tilsynet viste at vernetenesta i større grad må bli involvert.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark. I rapporten peiker fylkesmannen på at nødvendig dokumentasjon av barnevernfaglege vurderingar må bli lagt til. Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark har ikkje eit tilstrekkeleg system og kontroll for å fanga opp svikten. I rapporten vert det peika på at det å høyre kva barnet sjølv meiner er viktig for å kunne gjere gode vurderingar, og difor må ha høg prioritet i tenesta. Barnevernsamarbeidet skal lage ein plan for dette og rapportere tilbake til Fylkesmannen.

Vidare har Seljord kommune fleire system for internkontroll i dei einskilde einingane. Desse systema er etablert for å tilfredsstille særlovgiving som gjeld for tenesteproduksjon på desse områda. Det øvste nivået for internkontroll er årsmelding og rekneskap som skal sikre rapportering på resultat i høve til kommuneplan og Gul bok.

Internkontrollsystem på kommunenivå er organisert som vist i figuren i kapittel under med ein kommuneplan på strategisk nivå som ligg fast over lang tid. På det operasjonelle nivå er det fire hovudelement som skal rullerast kvart år.

Mål og resultat for Seljord kommune

Ein trygg og effektiv kommune utviklar tenester i takt og i tråd med dei utviklingstrekk som finst i kommunen og samfunnet forøvrig. Å være ein attraktiv kommune som folk vil bu og etablere næring i, er ein bærebjelke for eit kvart lokalsamfunn. Gjennom dei planar og hovudmål som til ei kvar tid blir vedteke politisk, vert retninga sett for kor ein vil og kva som skal prioriterast. Det må vere samsvar mellom handlingsplanar og økonomiske løyvingar for at ein skal oppnå god effekt mellom ynskjer og realitet. Like viktig som løyvingar er klare prioriteringar.

Seljord kommune har som overordna visjon "Det gode vertskap". I det ligg det at vi ynskjer å vere ein viktig, serviceorientera og kvalitativt god leverandør av kommunale tenester. Seljord kommune deltek som ein av 12 kommunar i eit nettverk starta av Telemarksforsking, der fokus er å sjå på korleis påverke, styre og stimulere samfunnsutviklinga dit ein ynskjer. Kommunen får gjennom nettverket eit analyseverktøy som gir status på busetting, arbeidsplassar m.m. , og som kan gje retning for måloppnåing. Det å ha ei god verktøykasse, og sjølvstakt kunne nytte dei riktige verktya, er eit anna viktig element.

Tiltak for å nå ynskja samfunnsutvikling finn ein i vedteken handlingsdel, som blir konkretisert gjennom arbeidsprogrammet. Status på dette kjem fram av tabellar i årsmeldinga.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ha ein handlingsdel som fortel korleis planen skal fylgjast opp i dei neste fire åra. I Seljord vert kravet ivareteke ved å utarbeide Gul bok; ein handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan som skal rullerast årleg. Handlingsprogram har ein horisont på fire år som legg føringar for økonomiplan og budsjett, som igjen legg føringar for utvikling og arbeidsprogram. Årsmeldinga og rapportering frå arbeidsprogram legg føringar for neste revisjon av handlingsprogrammet. Statsbudsjettet kjem utanfrå og legg sterke føringar i overgangen mellom handlingsprogram og økonomiplan/budsjett.



Samfunnsdelen av kommuneplan er delt opp i tre hovudtema med klare mål for utviklinga.

Hovudmål 1

Seljord i vekst

- 1.1 Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år
- 1.2 Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030
- 1.3 Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid

| Frå handlings-program | Politisk føring | Rapportering |
|-----------------------|---|---|
| Tema 1 | Politisk føring | Rapportering årsmelding |
| 1.1.2.4 | Kommunen skal spisse sin innsats når det gjeld utvikling av basisnæringar, dette for å få best mogeleg kraft i sin innsats i bruk av næringsfond og anna stønad til næringsdrivande | Skjer gjennom rådgiving og rettleiing i kommunens verkemiddelapparat |
| 1.2.1.1 | Stimulere til god framdrift av private reguleringsplanar for nye tomter og leilegheiter | Sinnesodden har vore til 1. gongs handsaming. Det har vore gjennomført eit eige temamøte i kommunestyret der ulike utbyggjarar har lagt fram sine planar. |
| 1.2.1.4 | Gjennom kommunens arealplanlegging, syte for at det er tilstrekkeleg med attraktive næringsareal i kommunen | Eige tema i rullering av KDP |
| 1.2.1.5 | I samarbeid med private, syte for at det til ein kvar tid er attraktive næringslokale i kommunen | Dialog med aktørar i Nordbygdi. Århusmoen er og aktuelt område. |
| 1.3.1.8 | Bidra til god organisering, samarbeid og nettverk for regional vekst i saman med næringsseksjonane i Vest Telemark der fokus er å skape samarbeidskultur og optimisme | Næringsseksjon deltek i disse organa |
| 1.3.2.1 | Vere aktiv part i å følgje opp tiltak og sikre samhandling mellom aktørane i Møtestad Seljord. Seljord kommune skal vere ein forutsigbar eigar i Møtestad Seljord AS. Framtidig finansiering av selskapet må takast opp til ny vurdering saman med dei øvrige eigarane. Arbeidet i Møtestad Seljord skal vidareutviklast og dette må gjerast saman med kommune, næringsliv, og lag og organisasjonar på ein måte som fremjar dei gode kvalitetane og moglegheitene vi har i kommunen vår. Det betyr også at vi må sjå på om dagens organisering og drift er rett og om ein utviding av samarbeidet er kan vera formålstenleg. | I 2020 er det ikkje starta opp arbeid frå kommunens side for å sjå på organisering |
| 1.3.4.2 | Syte for at det er gode rutinar for rettleiing og rådgjeving mellom verkemiddelapparatet hjå kommune og næringshagemiljøet | Kommunen har eit svært godt samarbeid med Telemark Næringshage som er regionens kompetansesenteret overfor verkemiddelapparatet . TNH har godt overblikk over næringslivet i kommunen. |

| | | |
|---------|---|--|
| 1.3.4.4 | Sikre at næringshagane yter bistand for å sikre meir innovasjon og kompetanseutvikling innafor eksisterande bedrifter | Telemark næringshage i Kviteseid har stor og kompetent rådgjevingskompetanse for å støtte det av næringslivet i kommunen som ynskjer dette. Seljord Næringshage har dessverre ikkje fått moglegheit til å bli ein slik aktør. |
|---------|---|--|

| Nr | Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til: | Ansvar: | Frist: | Rapportering årsmelding |
|------------|--|--------------------------------|----------------|---|
| 1.1 | Seljord skal vere ein attraktiv kommune for næringsliv, slik at tal på arbeidsplassar får ein ekstra vekst på 20 pr. år. | Programområde/ fagansvarleg | | Fargekode grøn, gul, raud når ein rapporterer |
| 1.1.1 | Samarbeide tett med Seljord næringslag i utvikling av ulike sentrumssatsingar. | K- sjef PO4 | Kontinuerleg | Godt samebid under koronatida |
| 1.1.2 | Fylgje opp næringsetableringar på Århusmoen og i Nordbygdi | K- sjef PO4 | Kontinuerleg | Nyetablerte bedrift på Århusmpen – Eiksenteret. Det jobbast med felles utbyggingsavtale for å sikre god infrastruktur i Nordbygdi. |
| 1.2 | Seljord skal vere ein attraktiv kommune å bu i og flytte til, slik at det blir 100 ekstra til flyttarar fram til 2030. | | | |
| 1.2.1 | Kommunen har selt totalt 2 tomter i bustadfeltet Furutoppen i Tømmeråsen | K- sjef PO4 | 31.12.2020 | Det er selt 6 tomter i 2019/2020. |
| 1.2.2 | Vere pådrivar for å få på plass ny reguleringsplan for Sinnesodden og Nes for å realisere bustadområder i sentrum. | K- sjef PO4 | 31.12.2020 | Sinnesodden er i rute, må avklare meir kring Nes. Eige orientering i K-.styre 9. juni. |
| 1.3 | Seljord kommune skal vere ein attraktiv arbeidsplass, ein positiv pådrivar for næringsutvikling og auka regional satsing og samarbeid. | | | |
| 1.3.1 | Delta i interkommunale prosjekt og anna samarbeid | Rådmann | Kontinuerleg | I Vest-Telemark: Rådmannsutval som styringsorgan for digitale prosjekt/innføringar i VT. På fylkesnivå: Forprosjektet DigiTV, regionalt digitaliseringsprosjekt som skal identifisere felles utfordringar og løysingar for kommunane i Vestfold og Telemark |
| 1.3.2 | Delta i forpliktande kompetansesamarbeid mellom kommunane i VT, fylkesmannen og USN | Rådmann | 31.12.2020 | Ikkje starta opp, grunna meirarbeid med Korona |
| 1.3.3 | Få på plass ein overordna strategi for digitalisering. | Rådmann | 31.12.2020 | Utført og på plass. |
| 1.3.4 | Delta i felles digitaliseringsstyre | Rådmann | Kontinuerleg | Skjer via rådmannsutval i Vest-Telemark |
| 1.3.5 | Delta i interkommunalt samarbeid innan skatt og innkrevjing | Økonomisjef | Kontinuerleg | |
| 1.3.6 | Vurdere meir bruk av forpliktande partnerskapsavtalar for å få styrka samarbeid i regionen | Rådmann | Medio okt 2020 | Har vore diskutert i rådmannsutvalet i Vest-Telemark |
| 1.3.7 | I samarbeid med Vest Telemark rådet, sjå på korleis fleirkjernestrukturen i Vest Telemark kan vere eit fortrinn for å sikre statlege arbeidsplassar i kommunar og regionen | Rådmann | Medio okt 2020 | Heng litt saman med punkt 1.3.6, men ikkje tatt opp spesifikk. |

| Nr | Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til: | Ansvar: | Frist: | Rapportering årsmelding |
|--------|---|----------------------------|---|---|
| 1.3.8 | Utarbeide gode rutinar for publikumsmottak med fokus på rask og effektiv behandling av spørsmål | Org. og P-sj. | Kontinuerleg. | Ny oppgåvefordeling etter tilsetjing av ny arkivleiar. I samband med koronakrisa har det vorte utarbeidd ein del nye, tilpassa rutinar, innført registrering av besøkande, ringeklokke og fjernopning av hovudinngangen. |
| 1.3.9 | Auka bruk av digitale verktøy – dømer videokonferanse | Rådmann | Utført medio mars 2020 | Alle tilsette har tilgang til Teams som tek i vare fildeling, kunnskapsdeling, møte- og videokonferanser |
| 1.3.10 | Utarbeide plan for utvide delegasjon/ kompetanseheving frå kommunalsjef til einingsleiarnivå | Rådmann | Avventar politisk handsaming av politisk delegeringsreglement | Gjeldande reglement vart vedteke i desember, og det er varsla at dette vil takast opp for endringar. |
| 1.3.11 | Vurdere bruk av heimesida til kommunen utifrå ein overordna digital strategi | Rådmann | Kontinuerleg | Ny heimeside er innført saman med alle kommunane i Vest-Telemark. Sida gir ein betre visuell løysing og brukaroppleving, gir betre søksfunksjon, og er lettare å oppdatere/publisere på |
| 1.3.12 | Aktivt arbeid for utvikling av breiband og mobilnett for heile kommunen. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | For områda Vefall- Brekke, Seljordsheii – Garvik – Telnes og Kivledalen pågår det nå i mai kontraktsforhandlingar i regi av fylkeskommunen – utbygging forventa innan des 2021 Mobilnettet har framleis mange område utan dekning. |
| 1.3.13 | Utarbeide kommunikasjons- og mediestrategi som byggjer opp under visjonen Seljord –det gode vertskap | Rådmann | 31.12.2020 | Utsatt grunna korona |
| 1.3.14 | Deltaking i nettverk/prosjekt "Kunnskapsbasert strategisk planlegging" i regi av Telemarkforskning | K- sjef PO4 | Kontinuerleg | I rute- ny analyse og framtidssenario skal inngå som utfordringsnotat for ny planstrategi 2020 - 2023 |
| 1.3.15 | Få på plass KDP for skule og oppvekst og for helse –og omsorg | K-sjef PO2 & 3 | 31.12.2021 | Arbeidet med kommunedelplan for Programområde 2 er utsett til hausten 2021/våren 2022 grunna manglande kapasitet ved skulekontoret. Ein må vurdere innleige av ekstra ressurs for å gjennomføre planprosessen. |
| 1.3.15 | Få på plass KDP for skule og oppvekst og for helse – og omsorg | K-sjef PO2 & 3 | 31.12.2021 | Arbeidet er starta opp og i gang. |
| 1.3.16 | Fullføre endringsprosessen som skal gjennomførast i Seljord kommune, med fokus på rådmannsnivå | Rådmann | Utført desember 2019 og mai 2020 | Fullført |
| 1.3.17 | Reduksjon i servering, faglitteratur, abonnement, aviser, tidsskrift, stillingsutlysingar Omfanget på desse postane skal gjennomgåast for alle einingar med mål om størst mogleg reduksjon. På interne møter (politisk og administrativt) skal det kun unntaksvis vere servering. Unntak kan t.d. vere ved lengre møter (der t.d. tilsette har krav på diett) og der det er eksterne deltakarar i møte. Servering skal vere nøktern. | Rådmann | 01.02.2020 | Signalet er gitt ut via kommunalsjefane og pers- og organisasjonssjef Servering er redusert ifm møter |
| 1.3.18 | Stillingsutlysingar må i større grad løysast ved hjelp av digitale løysingar/plattformer. | Pers- og organisasjonssjef | Kontinuerleg | Stillingar blir annonsert på kommunen si heimesida, NAV og Facebook. Vi brukar ikkje middel på annonsering i aviser, finn.no etc. med mindre det er stillingar det særskild vanskeleg å rekruttere til. |

| Nr | Aktivitet / tiltak / oppgave knytt til: | Ansvar: | Frist: | Rapportering årsmelding |
|--------|--|-------------------------------------|--------------|--|
| 1.3.19 | Kurs, opplæring og møter Det skal jobbast for å skape ein betre delingskultur internt i Seljord kommune og mellom kommunane i Vest-Telemark. Det er mykje kompetanse i eigen organisasjon og det er viktig at denne vert nytta på tvers av einingar og sektorar, og at samhandlinga mellom sektorar i kommunen vert betre. Dette vil styrke kommunen som heilskap og i tillegg redusere behovet for ekstern kursing og opplæring. Digitale plattformer og videokonferanse må leggest til rette for og nyttast i større grad, både mtp kurs og møter. Naudsynt kompetanseheving for å imøtekome lovverk og kompetansekrav skal prioriterast. | Rådmann/ Pers- og organisasjonssjef | Kontinuerleg | Dette blir jobba med, ved bl.a. innføring av Teams, og elles utnytte dei digitale systema vi har betre. Digitaliseringsprosjekt i Vest Telemark. |
| 1.3.20 | Budsjettprosessen for 2021 skal starte våren 2020 med eit utfordringsdokument til kommunestyret. Budsjettframlegget frå rådmannen skal presenterast for kommunestyret i løpet av oktober, etter at statsbudsjettet er lagt fram. Budsjettframlegget skal så handsamast i dei ulike råd og utval, begge hovudutvala, formannskapet og kommunestyret. | Rådmann | 01.10.2020 | Struktur og digitale samhandlingsplattform klar for testing 16. januar. Korona stoppet prosessen fram til 20.05.20. Utfordringsnotat blei lagt fram 17.09.20 i kommunestyret |
| 1.3.21 | Seljord kommune skal praktisere «det gode vertskap» og ha eit høgt servicenivå i heile organisasjon. Det å møte innbyggjarane, næringsdrivande, og besøkjande på ein god måte er viktig for å oppnå denne målsetjinga. | Rådmann | Kontinuerleg | Opplev at vi langt på vei matchar målsettinga. Vi har bevisstheit om temaet når vi diskuterar i både små og store sakar |
| 1.3.22 | Kommunal planstrategi 2020 -2023 skal vedtakast innan 18. oktober 2020 | Rådmann | 18.10.2020 | Ferdig |
| 1.3.23 | Rullering av samfunnsdelen - " Seljord inn i framtida" Ei forenkla rullering av samfunnsdelen av kommuneplanen skal startast opp i januar 2020. Hovudutvala skal involverast, og arbeidet gå parallelt med rullering av arealdelen. Det skal arrangerast inspirasjonsmøter i dei ulike grendelaga som ein del av dette arbeidet. | Rådmann | 18.10.2020 | Sjåast opp mot punkt 1.3.22 |
| 1.3.24 | Ombygging Heddeli | Kom.sjef PO4 | 31.12.2020 | Utsatt til 2021 grunna Koronapandemi og bruk som isolat. |

Hovudmål 2

Det gode livsløp i Seljord

- 2.1 Seljord skal tilby gode barnehagar og skular
- 2.2 Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester
- 2.3 Seljord skal leggje til rette for meningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle
- 2.4 Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen

| Tema 2 | Politisk føring | Rapportering årsmelding |
|----------|--|---|
| 2.1.1.1. | Tilsette i grunnskulen skal få tilbod om deltaking i den statlege vidareutdanningsstrategien | Det er 7 tilsette i grunnskulen som gjennomfører vidareutdanning 2020-21 i faga norsk, engelsk, matematikk, |

| | | |
|----------|---|---|
| | | programmering og kunsts- og handverk. |
| 2.1.1.2 | Leiarar i barnehage og skule skal få tilbod om deltaking i relevant leiarutdanning | Ein leiar gjennomfører rektorskolen 2020-21. |
| 2.1.1.3 | Tilsette i barnehage og skule skal få tilbod om relevant vidareutdanning og etterutdanning, jf. lokal kompetanseplan | Ein tilsett gjennomfører 30 stp spesialpedagogikk 2020-21. |
| 2.1.2.8 | Tilpassa opplæring skal vere eit grunnleggande prinsipp for heile opplæringa. Spesialundervisning skal i størst mogeleg grad leggjast opp slik at elevane får ta del i fellesskapet | Det blir kontinuerleg arbeid med tilpassa opplæring, skulane arbeider for fleire fagarbeidarar (vernepleiarar) i teamet rundt elevane med samansette vanskar. |
| 2.1.2.9 | Elevane skal gjennom arbeid med entreprenørskap utvikle metodekompetanse for å få til nyttenking, setje eigne idear om til røynsle, utnytte lokale ressursar og sjølv bli ein ressurs i samfunn-, kultur og arbeidsliv i lokalmiljøet sitt. | Skulane har i liten grad samarbeid med UE og ynskjer at ein avviklar den kommunale avtalen og i staden brukar midlane til å utvikle samarbeidet med Seljord hage. |
| 2.1.2.10 | Det skal vere eit særskilt fokus på samarbeid mellom SFO ved Flatdal skule og Seljord barneskule | Det er godt samarbeid mellom sfo-tenesta i Seljord og Flatdal. |
| 2.1.3.3 | Vidareføre rettleiing av tilsette i barnehagane i Seljord og delta i fagleg samarbeid om rettleiing i region VT. | Alle barnehagane har periodisk rettleiing og er aktive i samarbeidet om rettleiing VT. |
| 2.1.4.2 | Barneskulane skal ha særskilt fokus på metodikk, organisering og ressursinnsats på 1. til 4. trinn | Det har i liten grad vore kapasitet ved skulane til å utvikle dette fagområdet i 2020. |
| 2.2.2.1 | Vidareføre den interkommunale organiseringa i VT kring samhandlingsreforma | OK |
| 2.3.2.4 | I tillegg til kommunesenteret, skal det fokuserast på gode trivselstilbod i alle grender | |
| 2.3.3.3 | Kulturskulen skal arbeide for at barn og ungdom i Seljord får møte fleire ulike kulturuttrykk/tilbod enn i dag slik at dei kan utvikle skapande evner og anlegg | Kulturskulen tilpassar tilbod kvart år etter påmelding og interesse. Dei siste åra har vi t.d. prøvd ut tilbod med meir vekt på digital teknologi |
| 2.3.3.4 | Kulturskulen skal samarbeide med lokale musikarar, lag og korps til beste for kulturlivet i Seljord. | Det er eit godt etablert og velfungerande samarbeid med musikarar, lag og korps. |
| 2.3.4.1 | Tett samarbeid med Seljord Frivilligsentral | |
| 2.4.2.1 | Stimulere til frivillig arbeid i kommunen gjennom aktivt bruk av kommunes økonomiske verkemiddel | |

| Nr | Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til: | Ansvar: | Frist: | Rapportering årsmelding |
|------------|---|------------|-----------|---|
| 2.1 | Seljord skal tilby gode barnehagar og skular | | | |
| 2.1.1 | Vidareutvikle skulemattilbodet med omsyn til kvalitet og lokalitet. Vurdere skulematordning ved alle skulane frå og med hausten 2018. | K-sjef PO2 | Avviklest | Tiltaket er ikkje gjennomførbart grunna mangel på ressursar til å realisere drifta. Skulane manglar tilgang til fysiske fasilitetar (rom, kjøleskåp, m.m) og tilsette med relevant kompetanse for å kvalitetssikre matserving ihht krav frå Mattilsynet. Skulane har heller ikkje personalressursar til gjennomføre matserving per i dag. |

| | | | | |
|------------|---|------------|----------------------|---|
| 2.1.2 | Gjennomføre naudsynte tiltak og godkjenne skulane etter forskrift om miljøretta helsevern i skule og bhg | K-sjef PO2 | 31.12.2020 | Det er tilsette prosjektleiar for «forprosjekt Flatdal skule». Prosjektrapport vil bli lagt fram for kommunestyret juni 2021 med tilråding om tiltak. |
| 2.1.3 | Sikre elevar og tilsette ved Flatdal skule eit arbeidsmiljø i samsvar med lov og forskrift. | K-sjef PO2 | 31.12.2020 | Ikkje gjennomført. Ressursar omdisponert til forprosjekt Flatdal skule. Ny godkjenningrunde kan gjennomførast etter eventuelle tiltak er gjennomført. |
| 2.1.4 | Arbeide for meir fysisk aktivitet og kosthald i skulekvardagen, m.a. ved deltaking i "Liv og røre" (TFK satsing på fysisk aktivitet/kosthald) og samarbeid med "den økologiske hagen" i sentrum. | K-sjef PO2 | 31.07.2021 | Skulane har definerte ressurspersonar som samarbeider med pedagogisk konsulent for å utvikle «Liv og røre». Ei arbeidsgruppe ved skulen samarbeider med Seljord hage. |
| 2.1.5 | Innføring av fem dagar skule for alle elevar frå hausten 2018, samt vurdere innhald og organisering av skuledagen til beste for elevane sitt faglege og sosiale læringsutbytte. | K-sjef PO2 | Ferdig | Endring av struktur på skuledagen for 1-4. trinn, tilsynsordning for skyselevar, endra tilbodsstruktur i SFO er innført. Skulane vurdere behovet for justeringar fortløpande. |
| 2.1.6 | Utarbeide digital strategiplan for sektoren og ta i bruk nye digitale verktøy i skule og bhg. | K-sjef PO2 | Ferdig | Gjennomført. Arbeid med evaluering av gjeldande IKT-satsing er starta opp. |
| 2.1.7 | Lokal Rammeplan skal reviderast i tråd med ny nasjonal Rammeplan og endringar i lokalsamfunnet | K-sjef PO2 | Ikkje lenger aktuelt | Oppfølging av sentral rammeplan følges opp kontinuerleg. |
| 2.1.8 | Gjennomføre planlagt vedlikehald på alle skulebygga i kommunen. | K-sjef PO4 | | Følgjer vedlagt plan for vedlikehald på dei fleste punkt. Tiltak på Flatdal skule vert utsatt til resultat av forprosjekt Flatdal skule ligg klar. Generelt er det eit stort vedlikehaldsetterslep ved alle skulane |
| 2.1.9 | Delta i UDIRs satsing «Inkluderande barnehage- og skolemiljø» | K-sjef PO2 | 31.12.2020 | Skule og bhg er meldt på i 2020-22 (pulje 5). Arbeidet i gang. |
| 2.1.10 | Delta i den statlege kompetanseordninga (DeKomp) for skular | K-sjef PO2 | 31.07.2021 | Deltaking pågår, tema er fagfornyninga og inkluderande skulemiljø. |
| 2.1.11 | Delta i den statlege kompetanseordninga (ReKomp) for barnehagar | K-sjef PO2 | 31.07.2022 | Kompetansekartlegging og kompetanseplan ferdigstilte. |
| 2.1.12 | Flatdal oppvekstsenter - barnehage Det skal oppretthaldast minst ein barnehage knytt til Flatdal oppvekstsenter i kommunestyreperioden 2019-2023. I tida Flatdal barnehage må stenge pga vasskade bør Åmotsdal barnehage/samfunnshus fortrinnsvis dekke barnehagebehovet for borna som soknar til Flatdal oppvekstsenter. I den ekstraordinære situasjonen me har kome i bør opningstida i barnehagen utvidast med inntil ein halvtime i kvar ende av dagen (07-17). | K-sjef PO2 | 01.09.2020 | Flatdal oppvekstsenter si barnehageavdeling i Åmotsdal blei lagt ned i august 2020, jf forutsetningen for budsjett 2020. |
| | Utandørs svømmeundervisning Det skal leggest fram ei sak for Velferdsutvalget om å drive delar av svømmeopplæringa utandørs mellom mai og september. | K-sjef PO2 | 31.12.2020 | Tiltaket er ikkje realisert, men Seljord b- og u-skule har delar av opplæringa (livredning) lagt utandørs i samarbeid med Grenland symjeklubb. |
| 2.2 | Seljord skal tilby gode helse- og omsorgstenester | | | |
| 2.2.1 | Etablere rutinar for brukarinvolvering for alle tenestekområda innan helse og omsorg | K-sjef PO3 | 2021 | Det er etablert rutinar for å involvere pasientar på individnivå, men det er ikkje etablert gode system for brukarinvolvering i alle delar av helsetenesta. Det har ikkje vore rom for å jobbe med dette i 2020. |
| 2.2.2 | Jamlege brukarundersøkingar | K-sjef PO3 | 2021-2022 | Ikkje gjennomført |

| | | | | |
|--------|--|------------|--------------|---|
| 2.2.3 | Koordinerende eining bidrar til å sikre samanheng i tilbod til pasientar og brukarar med trong for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering og rehabilitering | K-sjef PO3 | Kontinuerleg | Tenestekontoret er koordinerende eining i Seljord kommune, og har som oppgåve å koordinere tenester i kommunen. Dette arbeidet må vidareførast og vidareutviklast. |
| 2.2.4 | I møte med pasientar/brukarar skal tenestene ha fokus på «Kva er viktig for deg?» | K-sjef PO3 | Kontinuerleg | Det er stor fokus i tenestene på å gje tilbod som er tilpassa brukarane behov. |
| 2.2.5 | Auke tal på konsultasjonar av lege heime hjå pasienten m.a. i samarbeid med heimetenesta | K-sjef PO3 | 2021 | Kommunen deltek i primærhelseteam og gjennom prosjektet er det fokus på å tilby fleire heimebesøk, særleg til bebuarar på bu- og servicesentra. Det er allereie etablert ordningar for Heddelitunet. |
| 2.2.7 | Innføre og ta i bruk tryggleiksskapande velferdsteknologi | K-sjef PO3 | Kontinuerleg | Helse og omsorg er godt i gang med arbeidet knytt til innføring av velferdsteknologi. Kommunen har: mobil omsorg, digitale tryggleiksalarmar, responsenter for velferdsteknologi. Heimetenesta er i ferd med å ta i bruk digitalt tilsyn og digitale medisindispenser. Det er sett mål for kva som skal oppgraderast av velferdsteknologi ved Nesbukti. |
| 2.2.8 | Etablere korttidsplassar i institusjon med fokus på avklaring, kartlegging, rehabilitering og habilitering | K-sjef PO3 | Kontinuerleg | Det er etablert 3 korttidsplassar, i hovudsak til rehabilitering ved kommunens institusjon. For å få til ein betre flyt i tenesta, vil det vere behov for å doble tale på korttidsplassar. |
| 2.2.9 | Etablere inntil 4 nye plassar for heildøgns omsorg /rehabilitering i omsorgsbustad i kommunen. | K-sjef PO3 | 2020-2023 | Det er ikkje etablert plassar då det er naudsynt med ei nærare vurdering av behovet, noko som må gjerast gjennom helse og omsorgsplan. |
| 2.2.10 | Starte pårørandeskule/ samlingar for pårørande | K-sjef PO3 | 2020-2023 | Dette er ikkje gjennomført. Det er eit ønske om å få til eit samarbeid med nabokommunar om slike tilbod. |
| 2.2.11 | Utvikle eit heilskapeleg tilbod slik at fleire kan bu lengre heime i eige hus | K-sjef PO3 | 2020-2023 | Tenesta er i gang med definere ein heilskapeleg modell for det tilbodet kommunen skal tilby. Det vil seie å beskrive omsorgstrappa, ta i bruk ny teknologi m.m. Dette vil bli utreia i ny helse og omsorgsplan. |
| 2.2.12 | Delta i samarbeid i VT og i fylket/regionen om kompetansebygging og val av/ innkjøp av teknologi/utstyr | K-sjef PO3 | 2020-2022 | Det er etablert gode arenaer for samarbeid i VT. Dette skal vidareførast og vidareutviklast. Det har opna seg nye rammer ved digitaliseringa. |
| 2.2.13 | Det må etablerast samarbeid med andre linjetenestene i tråd med forventninga om eit helsefelleskap | K-sjef PO3 | 2020-2021 | Det er allereie etablert eit betre samarbeid med sjukehuset (STHF) i samband med koronapandemine, og det må vidareførast i eit helsefelleskap. |
| 2.2.14 | Det må etablerast eit godt system for å sikre at bebuarar ved institusjon, og bu- og servicesentra har ein meiningsfull kvardag jf. Målettinga for eldrereforma "Leve heile livet" | K-sjef PO3 | 2022 | Det er sett i vert eit arbeid i samband med eldrereforma "Leve heile livet". Det er sett ned ei prosjektgruppe som skal utarbeide ein plan for arbeidet. Planen skal kome til politisk handsaming i løpet av 2021. |

| | | | | |
|------------|---|--------------------|--------------|---|
| 2.3 | Seljord skal leggje til rette for meningsfulle kultur- og fritidsaktivitetar for alle | | | |
| 2.3.1 | Vurdere ulike tiltak for å auka sosial aktivitet og kontakt for dei som bur på institusjon/omsorgsbustad i kommunen m.a. i samarbeid med frivillige organisasjonar. | K-sjef PO3 | Kontinuerleg | Det er etablert samarbeid med skule og barnehage, og frivillige om sosial aktivitet. To tilsette ved institusjonen har eit særleg ansvar for å lage til aktivitetar. I 2020 søkte kommunen om middel til frivilligkoordinator/besøksvert, og har fått middel som må nyttast i 2021. |
| 2.3.2 | Sikre at aktuelle lag og foreiningar er kjent med kommunale søknadsprosessar | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Alle ordningar er på våre nettsider. |
| 2.3.3 | Aktivt informere frivillige om tilskottsordningar-gåvestiftingar, legat og aktuelle fond | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Alle interesserte lag og foreiningar får hjelp til å finne ordningar ved å ta kontakt. |
| 2.3.4 | Frå hausten 2018 får elevar/barn eit redusert kulturtilbod frå Rikskonsertane/Kulturtanken. Kulturskulen skal vurdere utvida samarbeid med avdelingane for å kompensere for det reduserte tilbodet. | K-sjef PO2 | Ferdig | Grunnpakke frå DKS rulla ut. Mottar støtte til lokale arrangement, koordinert frå kulturskulen. |
| 2.3.5 | Søkje å etablere transport- og ledsagerordningar til/frå kulturaktivitetar i samarbeid med frivillige organisasjonar for dei som treng det | K-sjef PO3 | Kontinuerleg | Det er ikkje noko fast samarbeid med frivillige om transport, men tenestene syter for transport der det er mogleg. I samband med vaksinasjon mot korona, har kommunen gått inn på ei avtale med frivilligsentralen om transport til vaksining. |
| 2.3.6 | Etablere konkrete opplegg for å syte for at nye innvandrarar vert inkluderte og integrerte i Seljord-samfunnet | K-sjef PO2 | Kontinuerleg | Tiltak innført våren 2019 etter innspel frå innvandrarar. Del av tiltaksplanen for IBSM. |
| 2.4 | Seljord skal tilby gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar i heile kommunen | | | |
| 2.4.1 | Inngå samarbeid mellom lokale idrettslag/Kulturskulen og Seljord idrettslag og SFO for å utvikle aktivitetstilbodet på dagtid for barn på SFO | K-sjef PO2 | 31.12.2020 | Det har vist seg vanskeleg å realisere dette samarbeidet pga manglande økonomiske ressursar i budsjett- og økonomiplanperioden. SFO må organisere aktivitetstilbodet med egne personalressursar. |
| 2.4.2 | Det vert etablert ei ordning med Bygdevert i Seljord. Bygdeverten skal bidra til å marknadsføre Seljord som stad å busette seg, hjelpe (potensielle) innflyttarar med å finne fram til husvære, arbeidsplass, aktivitetstilbod og anna. Ein Bygdevert er også viktig som kontaktpunkt inn mot lokalsamfunn, kommuneadministrasjon og andre offentlege instansar m.m. Sjølve ordninga skal også innehalde friviljuge Bygdevertar. Det er aktuelt å sjå ordninga med Bygdevert i tilknytning til Møtestad Seljord. Aktuelle samarbeidspartnarar kan vere Seljord næringslag, enkeltbedrifter, Dyrskun, friviljuge organisasjonar osv. Det skal søkast ekstern medfinansiering av ordninga. Forslag til utforming av ordninga og finansiering skal utarbeidast i samarbeid med aktørane og leggast fram til politisk handsaming. | Rådmann/K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Ikkje vore mogleg å ta tak i grunna situasjonen kring korona. Krev folkemøter og brei involvering. |
| 2.4.3 | Drift av symjehall – Dialog med andre kommunar og lag og organisasjonar. Målet er å finne ei samarbeidsform som kan føre til kostnadsreduksjon på drifta for Seljord kommune. | K-sjef PO4 | 01.10.2020 | Ikkje tatt tak i grunna Korona pandemi og stenhgt symjehall. |
| 2.4.4 | Etablere hardbruksbustad. Det skal vurderast bygging av hardbruksbustad. Lokalitet skal avklarast med kommunetyret. | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Kommunen har kjøpt eigedom med tomt som kan eigne seg til dette føremålet, men det er ikkje |

| | | | | |
|--|--|--|--|--|
| | | | | vedteke bygging eller endeleg lokalitet. |
|--|--|--|--|--|

Hovudmål 3

Berekraftige Seljord

- 3.1 Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innafor tettstadsgrensa.
- 3.2 Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysningar.
- 3.3 Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.
- 3.4 Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder.
- 3.5 Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd

| Tema 3 | Politisk føring | Rapportering årsmelding |
|---------|---|---|
| 3.1.5.2 | Deltaking og aktiv medlemskap i E 134 Haukelivegen AS, Lyntogforum og Telemarksvegen AS | Ordførar sit i styret |
| 3.2.1.3 | Arbeide aktivt for redusert bruk av plast ved kjøp av alle varer og tenester | Rådmannen har tatt grep og sendt beskjed til organisasjonen at det ikkje skal kjøpast eller takast i bruk eingongsplast i kommunale innkjøp |
| 3.2.2.1 | Ved nybygg i kommunalt regi skal solenergi/ alternative energiløysingar vurderast | |
| 3.2.2.3 | Prioritere vannboren varme i alle nye bygg der jordvarme eller biobrensel er nytta | |
| 3.3.2.1 | Gjennomføre øving kvart 2 år med varierende tema/hendingar | Planlagt øving i mars 20 rundt evakuering- og pårørande senter. Avlyst pga korona, covid-19 |
| 3.3.2.3 | Tilby tilsette god opplæring og riktig utstyr | Ifm korona, covid-19 er det kjøpt inn dtataustyr og tilbehør som gjer tilsette betre i stand til å vere på heimekontor. |

| Nr | Aktivitet / tiltak / oppgåve knytt til: | Ansvar: | Frist: | Rapportering årsmelding |
|------------|--|------------|--------------|--|
| 3.1 | Seljord skal syte for ein arealbruk med høg arealeffektivitet innafor tettstadsgrensa. | | | |
| 3.1.1 | Sikre sårbare naturressursar og vassdrag ved å fylgje opp revisjon av konsesjonsvilkår for Sundsbarm og Seljordsvatnet | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Saka ligg hjå NVE, synfaring og arbeid frå kommunens side er avslutta. |
| 3.1.2 | Deltaking i kompetanse hevende samarbeid om kraftsaker i Øvre Telemark | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Kraftkompetanse KO er oppretta som eige selskap. |
| 3.1.4 | Fylgje opp vedtekne reguleringsplanar for Vekan og Lomodden | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | |

| | | | | |
|------------|--|------------|--------------|--|
| 3.1.5 | Bistå grunneigarar til å ta vare på kulturminne og kulturlandskap. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Synfaring der det er aktuelt. Hjelp og råd til å søkje om tilskot via kulturminnefondet, UNI-stiftelsen eller andre aktuelle ordningar. Fagkveld i regi av UKL mars 2020 med 250 til stades. |
| 3.1.6 | Samarbeide med nettverket for bygningsvern | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Eige tema/samling på Granvin våren 2020 |
| 3.1.7 | Aktiv bidra til at kommunes strategiar/arealpolitikk i overordna KDP/KP blir fylgt opp ved private reguleringsplanar. Sinnesodden er fyrst ut. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Planen har vore til 1. gongs handsaming |
| 3.1.8 | Bruke utbyggingsavtaler som verktøy for å sikre at rekkjefylgjekrav blir fylgt | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | |
| 3.1.9 | Utvikle møteplassane ved skulane for å leggje til rette for fysisk aktivitet, leik og samhandling | K-sjef PO2 | 31.07.2021 | Prosjekt Liv og røre igangsett. |
| 3.1.10 | Vidareutvikle, i samarbeid med Telemark fylkeskommune, busstilbodet lokalt og regionalt. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Satt tilbake grunna koronaepedemi og nasjonale tiltak. Viktig å holde fokus så det gjenopptakas gode kollektive løysningar framover, særskilt knytt til ekspressruter. |
| 3.1.11 | Deltaking og aktiv medlemskap i E 134 Haukelivegen AS, Lyntogforum og Telemarksvegen AS | Rådmann | Kontinuerleg | Seljord er medlem og/eller på eigarsida. Ordførar deltar i disse fora |
| 3.1.12 | Få på plass plan for vedlikehald, drift og standard av kommunale vegar og bruer | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Arbeidet er utsatt grunna høg arbeidsbyrde. |
| 3.1.13 | Rullerer trafikktryggleiks plan – etablere trafiksikker kommune | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Kommunen fekk hausten 2020 status som Trafiksikker kommune, og trafikktryggleiksplanen vart vedteken i desember 2020. |
| 3.1.13 | Sjå til at utvikling av nytt kollektivknutepunkt på Vekan i tråd med ATP – Telemark blir iverksatt | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Svv og VTFK har ikkje ferdigstilla byggeplan, så arbeidet er ikkje starta opp. Prosjektet er viktig å få avklart snarast og krev finansiering via NTP. |
| 3.1.14 | Betre G/s vegnettet frå Flatdal til Seljord sentrum, sjåast saman med Opplevingsvegprosjektet | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Prosjektet er i god rute, men det er nokre områder som ikkje er godkjent av grunneigar. Det ses på løysningar for å sikre dette. |
| 3.1.15 | Ny g/s veg til nytt bustadområde på Sinnesodden skal ha høg prioritet | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Det er gjort nokre avklaringar med SvV og Tfk om standard og endring frå G/S på delar av strekninga. Venter på endeleg reguleringsplan. |
| 3.1.16 | Auke kunnskap hjå administrasjonen om universell utforming. Syte for gode rutinar intern i kommunen | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Har ikkje vore prioritert grunna få ressursar |
| 3.2 | Seljord skal auke kunnskapen om klima- og miljøutfordringar og finne moglege løysningar. | | | |
| 3.2.1 | I samband med vurdering av nytt interkommunalt innkjøpssamarbeid, vektlegge miljø og meir lokale løysingar innanfor dei lovpålagte rammene | Rådmann | Kontinuerleg | Tematikken om miljø er spela inn i etablering av Telemark innkjøpssamarbeid AS, kor Rådmannen har sendt beskjed til organisasjonen at det ikkje skal kjøpast eller takast i bruk eingongsplast i kommunale innkjøp Seljord er på eigarsida. Innkjøpsreglementet i Seljord ble vedteke i 2020 med fokus på å forsterke moglegheita for å handle lokalt innfor nasjonale forskrift og lover. |
| 3.2.2 | Vurdere El- eller hybridbil i staden for diesel/bensinbil ved inngåing av nye Leasingavtaler | Rådmann | Kontinuerleg | Leaset ein el-bil på teknisk i 2020. |

| | | | | |
|------------|--|------------|--------------|---|
| 3.2.3 | Vedtak klima og energiplan – felles plan for Vest Telemark | K-sjef PO4 | 2021 | Er starta opp etter vedtak i Vest Telemark rådet- planprogram er venta til politisk handsaming innan 1.8.2020 |
| 3.2.4 | Ha god kontakt med og søkje om råd og rettleiing hjå statlege instansar når det gjeld utforming av og tiltak på flaum - og skredsikring i kommunen | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Har god dialog med NVE. Seljord fekk ekstra løyving til falumførebyggande tiltak for å sikre kristisk infrastruktur. |
| 3.2.5 | Ha ein tett dialog med Midtre Telemark vassområde om tiltak i regional plan for vassforvaltning. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | |
| 3.2.6 | Ferdigstille overordna vatn og avløpsplan. Planlegge for utviding/ vedlikehald av v/a-nettet gjennom ny hovudplan for v/a | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Planen vart vedteke desember 2020 |
| 3.2.7 | Vurdere innføring av tvungen påkopling for alle eigedomar i Seljord sentrum til kommunalt nett. Skal gjelde der nettet alt er ført fram/går over eigedomen, og dersom kostnadane ikkje er uforholdmessig store | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Blir sett på i samanheng med punkt 3.2.6 |
| 3.2.8 | Vurdere utskifting av Flatdal reinseanlegg etter modell som nytt anlegg på Århus | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Blir sett på i samanheng med punkt 3.2.6 |
| 3.2.9 | Sjå på kapasitetsutfordring ved Seljord Reinseanlegg. | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Blir sett på i samanheng med punkt 3.2.6 |
| 3.2.10 | Vurdere El- eller hybridbil i staden for diesel/bensinbil ved inngåing av nye Leasingavtalar. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | 1 stl El -leasingbil er i drift hjå vaktmeister/snikkar. |
| 3.2.11 | Kommunal teknikk og etablering av strølagar ved Seljord reinseanlegg. | K-sjef PO4 | 31.12.2020 | Utgår, det er funne andre løysningar der kommunen leiger strølagar. |
| 3.3 | Seljord skal vere ein trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønska hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønska hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte. | | | |
| 3.3.1 | Oppdatere ROS og beredskapsplanar på virksomhetsnivå/avdelingsvis som tar utgangspunkt i overordna ROS og beredskapsplan | Rådmann | Kontinuerleg | Kontinuerlig arbeid, Plan for smittevern, pandemiplan og helseberedskapsplan oppdatert ifm korona. Evakuerings- og pårørandesenter (EPS) utarbeida mars 2020, plan for oppdatere overordna ROS i Seljord har forskjøvet oppstart frå våren til hausten 2020. Overordna beredskapsplan er tenkt justerast etter erfaringane frå korona |
| 3.3.2 | Gjennomføre øving kvart 2 år med varierende tema/hendingar | Rådmann | Kontinuerleg | Planlagt øving for oppretting og drift av EPS mars 2020, utsatt pga koronavirus. Korona, covid-19 har gitt betre trening enn einkvar øving kunne gitt oss. |
| 3.3.3 | Tilby tilsette god opplæring og riktig utstyr | Rådmann | Kontinuerleg | Leiaropplæring internt i organisasjonen. I tillegg er fleire leiarar under formell utdanning. Det er kjøpt inn i elektronisk utstyr både hardware og software for å gjere tilsette og elevlar i stand til å jobbe på heimekontor i koronatia. Opplæring er eit kontinuerleg behov |
| 3.4 | Seljord skal sikre kjerneområda for landbruk, kultur- og tradisjonsarv, kulturlandskap og naturvernområder. | | | |


| | | | | |
|------------|--|------------|--------------|--|
| 3.4.1 | Følgje opp satsing på utvalde kulturlandskap Svartdal/Hjartdal og vurdere innlemming av Flatdal | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Seljord og Hjartdal kommunar fekk til saman 1 mill kr i 2020 til fordeling etter søknad i denne satsinga. |
| 3.4.2 | Sikre god kunnskap om GIS og kartkompetanse i administrasjonen | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Etablere E-torg og andre digitale tenester for å lette sakshandsaming/retteleingsarbeid |
| 3.4.3 | Midlar som vert sett av til landbruksformål/næringsfond skal i hovudsak nyttast til å stø investeringar, men kan og, viss det er midlar att, brukast til utarbeiding av landbruks- og beiteplan i kommunen. | K-sjef PO4 | Kontinuerleg | Sjå årsmelding der løyvingane er omtalt |
| 3.5 | Seljord skal vere kjent som ei grøn og berekraftig arrangementsbygd | | | |
| 3.5.1 | Få utarbeidd og sett i verk eit prosjekt der arrangement og festivalar ser på ulike grønne løysningar for avfallsmengder og avfallshandtering, transport, ivaretaking av kulturlandskapet osv. Dyrsku'n, arrangørane og lokalt nærings- liv og lag- og foreiningar er viktige samarbeidspartar her | K-sjef PO4 | 2021 | Må sjaast i samanheng med plast forureining og bruk av til dømes eingongspast. Skal fremjast som eit forslag i dialog med festivalar og Dyrskun arrangement. |

Måloppnåing og utvikling i 2020


Tal for 2020 har ikkje kome så taldel er oppdatert med tal frå 2019.

Arbeidsplass - og næringsattraktivitet

Statistikk over arbeidsplassutviklinga i Seljord viser; Fram til og med 2018 var det ein markant nedgang i både privat og offentlig sektor. For 2018 var næringsattraktiviteten på - 45. Det positive er at for 2019 har trenden snudd og ein har nesten nådd målet på +20. Næringsattraktiviteten i Seljord viser at resultatet for 2019 er +17. Jamfør tabell under:




Figuren over syner korleis ein har måla næringsattraktivitet i Seljord kommune. Det er tilnærma lik vekst i tal på arbeidsplassar innafor privat og offentleg sektor.




Tabellen til venstre syner utviklinga på tal av arbeidsplassar i Seljord dei siste 19 åra. Her ser ein at det ikkje har vore store endringar i tal på offentlege arbeidsplassar dei siste 5 åra. Det er fyrst i 2018 ein får ein markert nedgang. For privat sektor syner statistikken ein nedgang i tal på arbeidsplassar sidan 2013, då kommunen hadde god vekst. Tala for 2019 er positive sett opp imot 2018 som var botnnotering både for offentleg og privat arbeidsplassar.

Tabellen under syner korleis vekst og nedgang i arbeidsplassar fordeler seg på ulike bransjar. For 2019 ser ein at det er særskilt innanfor bransjar som bygg og anlegg og handel/overnatting/servering som utgjer eit positivt tal på arbeidsplassar i privat sektor.

| | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|-------------------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Anna industri | -11 | -7 | 26 | -13 | -1 | -8 | 0 | 3 | 2 | -12 | 8 | -10 | 5 | -3 | -3 | 2 | -12 | -1 | 3 |
| Næringsmiddelindustri | -3 | 3 | 2 | 5 | -1 | 1 | 1 | 3 | 4 | 20 | 2 | -16 | 0 | 1 | -7 | 3 | 1 | -4 | -1 |
| Olje og gass | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Prosessindustri | -1 | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Øvrig verkstedindustri | 4 | -27 | 4 | 1 | 1 | -2 | 1 | 3 | -5 | -6 | -5 | 0 | 0 | | 0 | | | | 0 |
| El-Produksjon | 1 | 2 | -3 | 0 | -4 | 0 | 3 | 5 | 3 | 2 | 1 | -4 | 1 | -1 | 1 | 1 | 1 | 1 | -1 |
| Produksjon av oljeplattformer | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Fiske og havbruk | | | | | | | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Landbruk | -4 | -1 | -2 | 5 | 13 | 12 | 6 | 5 | 1 | -9 | -9 | 11 | 9 | 1 | -5 | 1 | 5 | -9 | 1 |
| Teknisk/vitenskap | 1 | 2 | -2 | -1 | 2 | -2 | -4 | -1 | 4 | 0 | -1 | 1 | 0 | 3 | 0 | -3 | 1 | 5 | 4 |
| Tele og IKT | 1 | 1 | 2 | 0 | -1 | 2 | 6 | 1 | 0 | 0 | 0 | 2 | 1 | 0 | -4 | 3 | 1 | 10 | -4 |
| Basis | -12 | -27 | 27 | -3 | 9 | 3 | 13 | 19 | 9 | -5 | -4 | -16 | 16 | 1 | -18 | 7 | -3 | 2 | 2 |
| Aktiviteter | 1 | 14 | -7 | 6 | -7 | -1 | -2 | 2 | 1 | 5 | 6 | -3 | 8 | -4 | 8 | 3 | -17 | 8 | -12 |
| Butikkhandel | -4 | -16 | 28 | 2 | 11 | 32 | -28 | -10 | 13 | -5 | -3 | -1 | 9 | -10 | 28 | -14 | -13 | 5 | 8 |
| Overnatting | -3 | 7 | 3 | 2 | -3 | 0 | -11 | 3 | -4 | 14 | 1 | -9 | -3 | -3 | 5 | 6 | -7 | 0 | 11 |
| Servering | -12 | 1 | -1 | -4 | 15 | -6 | 0 | -2 | -2 | 1 | -13 | 7 | -2 | 3 | -7 | 2 | 3 | -8 | 6 |
| Besøk | -18 | 6 | 23 | 6 | 16 | 25 | -41 | -7 | 8 | 15 | -9 | -6 | 12 | -14 | 34 | -3 | -34 | 5 | 13 |
| Agentur og engros | -1 | 1 | -3 | 3 | -3 | 3 | -1 | 3 | 7 | -4 | 0 | -1 | -1 | 5 | -1 | 4 | -9 | 0 | -4 |
| Bygg og anlegg | 4 | 0 | -9 | 22 | -21 | -24 | 9 | 47 | 11 | -14 | -61 | 9 | 10 | -7 | 20 | -21 | 14 | -44 | 15 |
| Andre tjenester | -3 | -2 | -4 | 7 | -10 | 7 | -3 | 5 | -1 | 4 | 3 | 8 | -7 | -4 | 3 | -6 | 0 | 7 | 1 |
| Finans, eiendom, utleie | 2 | 0 | 0 | 0 | -1 | 1 | -2 | 3 | -6 | 2 | -3 | 1 | -3 | -4 | -4 | 0 | 1 | -2 | 3 |
| Forretningstjenester | 3 | 14 | 7 | 0 | -3 | 70 | -87 | 0 | 8 | 1 | 1 | -7 | 0 | -3 | 0 | 5 | 3 | -17 | 0 |
| Transport | 9 | 11 | 2 | 8 | 21 | -2 | -21 | 3 | 11 | -15 | -5 | 21 | 26 | -3 | -52 | 9 | -1 | -9 | -20 |
| Helsetjenester | -9 | 5 | -20 | -1 | 7 | 1 | -1 | 2 | -1 | 4 | 0 | -2 | 4 | -4 | -18 | -3 | 4 | 13 | 3 |
| Barnehager og undervisning | 2 | -28 | 2 | -2 | 1 | -1 | -3 | 1 | -1 | -2 | 2 | 2 | -5 | 2 | -2 | -1 | 0 | 1 | 0 |
| Utleie av arbeidskraft | 1 | | | 1 | -1 | 0 | 0 | | | | | | | 1 | 0 | 1 | -1 | -1 | 0 |
| Regional | 7 | 1 | -25 | 38 | -10 | 55 | -109 | 64 | 28 | -24 | -67 | 32 | 31 | -25 | -51 | -14 | 12 | -53 | -1 |
| Total | -23 | -20 | 25 | 41 | 15 | 83 | -137 | 76 | 45 | -14 | -80 | 10 | 59 | -38 | -35 | -10 | -25 | -46 | 14 |




I figuren til venstre ser ein kor dei sysselsette i Seljord arbeidar. Kommunen utgjør, saman med andre lokal offentlege etatar, den største sektoren. Utpendlinga har vore stabil over fleire år.




Seljord kommune har dei siste 10 åra hatt høgare innpendling enn utpendling. I 2018 snudde denne trenden og ein fekk ei nettoutpendling der differansen var på – 7 personar. Dette har igjen snudd slik at diferansen no er pluss 3 personar meir som pendlar inn ein det som pendalar ut. Dei blå søylene i grafen til venstre syner netto utpendling.

Budstadattraktivitet og befolkningsvekst

Ser ein på målsetting om bustadattraktivitet er bildet litt annleis. Seljord kommune har negativ befolkningsvekst med eit fødselsoverskott på - 11 og ein negativ nettoinnflytting der talet er -37, ei stor auke frå 2018 då talet var -15. Dette syner ei veldig dårleg bustadattraktiviteten totalt med - 30. Seljord hamner på ein verdi på 0,2% og med ei nasjonal rangering ligg vi på 182 plass.



I planperioden har ein lagt opp til at kommunen skal ha vekst i tal på innbyggjarar og på arbeidsplassar. Utviklinga syner noko anna. Det gir også eit endra bilete på framtidsscenario.



Figuren over til venstre syner befolkningsframskriving for ulike attraktivitetsscenario slik den ser ut etter 2019. Den fråvikar ein del frå den som låg til grunn for kommunes samfunnsdel i 2017. (Figur til høgre). Det er fleire grunnar til at utsiktene til befolkningsvekst går ned. Nasjonal innvandring, fødselsunderskott og mindre arbeidsinnvandring er noko av årsaka.

Samfunnstryggleik og beredskap

Seljord kommune har ein organisasjon for handtering av beredskapssituasjonar som består av tre hovudelement:

- Beredskapsråd – samarbeidsorgan under leiing av ordførar med deltaking frå kommunale fagorgan, politiet, forsvaret, sivilforsvaret og friviljuge organisasjonar. Beredskapsrådet har vore samla ein gong i 2020.
- Beredslapsleiing – tar seg av beredskapssituasjonar og består av ordførar, rådmann, personal- og organisasjonssjef, kommunalsjef skule og oppvekst, kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef samfunnsutvikling og drift, kommuneoverlege, rådgivar media og kommunikasjon, loggførar, beredskapskoordinator og evtnt tiltreande interne og/eller eksterne resursar. Beredskapskoordinator dekkjer funksjonen operasjon i beredskapsleiing og står for beredskapsarbeidet utanom beredskapshandsaming.
- Psykososialt kriseteam – gjev omsorg og støtte ved alvorlege hendingar i Seljord kommune.

Det meste av beredskapsarbeidet har vore sentrert kring handtering av koronapandemien. Beredskapsleiinga har vore samla minst ein gong kvar veke, men unnatak av fellesferien kor beredskapsleiinga tok ein velfortent ferie. Det er utarbeida 27 situasjonsrapportar som er distribuert til tillitsavlte og folkevalte. Kommunens kriseberedskaps verty CIM viser 807 loggføringar i samband med Koronapandemien i 2020.


I november 2020 gjekk det eit jordskred over fv 3422 ca. 2,4 km frå Nutheim. Etter vurdering av geolog blei vegen heilt stengt i omlag ei veke. Vegstenginga påverka kommunens moglegheiter for å levere tenester til innbyggjarar i området. Elevar vart forhindra frå å kome seg til skulen, og skulen måtte raskt leggje til rette for heimearbeid på pc/digital undervisning. Heimetenestene vart og råka av hendingane. Personell på Steinmoen bu- og servicesenter stilte seg til disposisjon for dei som hadde behov.

Ytre påverknad av miljø

All menneskeleg aktivitet påverkar miljøet. Seljord kommune og alle andre kommunar påverkar det ytre miljø på ulike måtar. Vi har ikkje direkte måleindikatorar som seier noko om på kva måte og korleis vi skal redusere påverknaden til det ytre miljø. Dette er noko ein må arbeide med slik at kommunen greier å redusere energiforbruket sitt og utsleppa sine frå dei kommunale einingane både når det gjeld innkjøp, reising, energi og avfall.

Seljord kommune har hausten 2020 signert klimaavtala med klima- og energinettverket i Vestfold og Telemark. Gjennom denne forpliktar vi oss til å:

- forankre klimaarbeidet og grøne moglegheiter i toppleiinga
- arbeide systematisk med klima- og miljøstyring
- gjennomføre årleg klimarekneskap, og etter kvart klimabudsjett
- bidra aktivt inn i nettverket
og vil vurdere:
 - miljøsertifisering
 - å bli fossilfri innan 2030 (direkte klimagassutslepp)
 - å etablere ambisiøse utslippsmål og klimaprojekt



Miljødirektoratet har utarbeidd statistikkar over utslipp frå ulike område for kvar kommune. Det gjeld ikkje kommunen som organisasjon, men her er utslappa i heile kommunen basert på statistikkar. Dei oppgjevne tala er i tonn CO₂-ekvivalenter. For Seljord sin del syner statistikken at vi har ein nedgang i utslappa frå 2009 fram til 2019 på 1071 tonn CO₂-ekv. som utgjør ca 6 %.

Frå 2018 til 2019 er nedgangen for jordbruk på ca 8,4 %, for vegtrafikk er nedgangen på 3,6 % og annan mobilforbrening (t.d. dieseldrivne motorreiskap) har ein nedgang på nesten 39 %.

Kommunen si økonomiske stilling

Situasjon

Frå og med budsjettet for 2013 har kommunen stilt opp nokre måltal for økonomisk styring.

| Indikator | Anbefalt nivå | Rekneskap 2020 | Måltal/ Handlingsregel |
|--|---------------|----------------|------------------------|
| Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter | 1,75 % | 1,7 % | 1,75 % |
| Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter | 5 % - 10 % | 4,5 % | 5 % |
| Netto rente- og avdragsutgifter i % av sum driftsinntekter | 2 % - 3 % | 3,5 % | 3 % |
| Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter | 50 % - 60 % | 69,1 % | 50 % - 60 % |

"Anbefalt nivå" kjem frå ein rapport Telemarksforsking utarbeidd på oppdrag frå kommunane i Telemark i 2012. "Måltal/Handlingsregel" er kommunestyret sitt val om kvar dei vil ligge i høve til "anbefalt nivå". Eit netto driftsresultat på 1,75 % er tilrådd av "Det tekniske beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi", eit utval oppnemnd av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Sum driftsinntekter (ekskl. renteinntekter og utbyte og mottekne avdrag på utlån) var i 2020 **kr 330.157.000**. Netto rente- og avdragsutgifter er renteutgifter og avdrag på lån, fråtrekt renteinntekter og utbyte. Netto lånegjeld er langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar), fråtrekt utlån og unyttta lånemidlar.

| Indikator | Måltal (i kr) | Rekneskap (i kr) | Avvik (i kr) | Avvik (i %) |
|--|------------------|---------------------|-----------------|----------------|
| Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter | 5.778.000 | 5.487.000 | ÷ 291.000 | ÷ 5,0 % |
| Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter | 16.508.000 | 14.833.000 | ÷ 1.675.000 | ÷ 10,1 % |
| Netto rente- og avdragsutgifter i % av sum driftsinntekter | 9.905.000 | 11.490.000 | ÷ 1.588.000 | ÷ 16,0 % |
| Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter | 181.586.000 | 228.228.000 | ÷ 46.642.000 | ÷ 25,7 % |

Når det gjeld netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter er det lagt til grunn eit måltal på 55 %.

Netto rente- og avdragsutgifter: I 2020 vart det budsjettert med ei **rente** på 2,5 % (inkludert at litt av lånegjelda har høgare fastrente). Den flytande renta i Kommunalbanken var då 2,4 %. Frå og med 20. mars byrja renta å gå ned, og 30. oktober var no nede i 0,9 %, noko som gav eit snittrente i 2020 på 1,44 %. 97,2 % av lånegjelda har flytande rente, vi fekk dermed tilnærma full effekt av den låge «Koronarenta». 2020 var første året at «**minste tillatne avdrag**» måtte reknast ut etter «forenkla» metode. Denne metoden gjev eit vesentleg høgare minimumsavdrag enn «reknearksmetoden» vi nytta tidlegare og avdraga auka med kr 3.148.000 frå 2019 til 2020.

Det vart eit «middels» utbyte på kr 3.325.000 frå Vest-Telemark kraftlag (det var budsjettert med kr 4 mill.). I tillegg kjem renteinntekter frå VTK på eit ansvarleg lån på kr 28,5 mill. Dette er midlar som i 2007 vart tekne ut som ekstraordinært utbyte og deretter lånt ut att til VTK. Renteinntektene i 2020 på dette utlånet var kr 724.000.

Brutto lånegjeld er kr 266.928.000, men fråtrekt utlån på kr 36.228.000 og unytta lånemidlar på kr 2.472.000, vert **netto lånegjeld** kr 228.228.000. Brutto lånegjeld vart redusert med kr 7.718.000 i 2020 (frå kr 274.646.000 i 2019).

Det største utlånet er det ansvarlege lånet til VTK på kr 28,5 mill. Dei andre utlåna er Startlån kr 7.488.000, sosiallån kr 237.000 og eit obligasjonsinnskott i VTK på kr 3.000.

Eit problem som har vist seg å få monaleg negativ verknad er **pensjon og handsaming av pensjonskostnader**. Ordninga har ført til at kommunen utgiftsfører lågare pensjonskostnader enn det som faktisk har blitt betala inn til pensjonskassene. Betalt, men enno ikkje utgiftsført pensjonspremie er no kr 16,9 mill. (inkl. arbeidsgjevaravgift), akkumulert i åra 2006-2020. Dette er ein reduksjon på kr 1,2 mill. frå 2019.

Oppdrag

I handlingsprogrammet har kommunestyret vedteke slik "handlingsregel": **"Det er ei målsetjing at netto driftsresultat over tid skal vere om lag 1,75 %"**.

I opphavleg budsjett 2020 var netto driftsresultat ÷ 2,16 % og justert budsjett ÷ 1,61 %. Resultatet vart + 1,66 %.

Oversyn 2013 til 2020 over måltal for økonomisk styring (2013 var første rekneskapsåret etter at kommunestyret stilte opp måltala):

| Måltal | Minimum 1,75 % | Minimum 5 % | Maksimum 3 % | Maksimum 55 % |
|------------------------|----------------------|------------------|---------------------------------|-----------------|
| År | Netto driftsresultat | Disposisjonsfond | Netto rente- og avdragsutgifter | Netto lånegjeld |
| 2013 | 0,5 % | 0,8 % | 3,6 % | 70,5 % |
| 2014 | 2,5 % | 2,3 % | 2,9 % | 66,7 % |
| 2015 | 2,2 % | 3,6 % | 3,2 % | 72,3 % |
| 2016 | 1,6 % | 5,5 % | 3,3 % | 74,2 % |
| 2017 | ÷ 1,7 % | 5,1 % | 2,9 % | 75,8 % |
| 2018 | ÷ 0,1 % | 3,3 % | 2,4 % | 74,2 % |
| 2019 | 1,3 % | 3,9 % | 2,6 % | 72,2 % |
| 2020 | 1,7 % | 4,5 % | 3,5 % | 69,1 % |
| Snitt 2013-2020 | 1,6 % | 3,6 % | 3,1 % | 71,9 % |

Markeringar med gusjegrønt er der måltala er oppnådd.

Netto driftsresultat i 2020 vart høgt fordi vi har fått fleire, og til dels store tilskot som ikkje er brukt i 2020, eller berre delvis brukt. Desse midlane er då sett av til bunde driftsfond (som er ei disponering av netto driftsresultat). Hadde desse tilskota vore brukt i 2020, eventuelt hadde vi ikkje fått dei, ville netto driftsresultat vore kr 6.728.000 lågare, altså ÷ kr 941.000, eller ÷ 0,29 %.

I tillegg er det grunn til å tru at kommunerekneskapen har tent på Koronasituasjonen. Det er vanskeleg å setje opp eit **«Koronarekneskap»**, men høgda utgifter (og noko tapte inntekter) er berekna til i overkant av **kr 7,7 mill.** Direkte statleg kompensasjon over rammetilskotet er **kr 4.114.000**, og i tillegg kjem redusert arbeidsgjevaravgift for 3. termin (mai og juni) med **kr 1.446.000**. Sum statleg kompensasjon er då **kr 5.560.000**. Dette gir då eit underskot på Koronarekneskapen på om lag **kr 2.150.000**. Men i tillegg kjem «indirekte» positive Korona-påverknader på kommunerekneskapen som særst låg lønsvekst (innsparing kr 4,8 mill.), låge netto finanskostnader (innsparing kr 2,9 mill.), låge utgifter til kurs og reise (innsparing kr 660.000), bortfall av ekstra legevakt under festivalane (kr 260.000) og bortfall av kostnader til ekstra politi under Dyrsku'n (kr 70.000). På motsett side kjem at inntektene frå skatt og inntektsutjamning vart kr 2 mill. lågare enn budsjettert (som i alle fall til ein viss grad er Koronarelatert, og då spesielt at inntektsutjaminga vart monaleg redusert). Legg vi alle desse elementa inn i eit «Koronarekneskap» kjem vi fram til at Koronasituasjonen har hatt eit positiv bidrag på kommunerekneskapen (og netto driftsresultat) i 2020 med om lag **kr 4,5 mill.**

Investeringar

Det har vore 18 ulike investeringsprosjekt i gang i 2020 med ein samla brutto kostnad på kr 10.658.000.

| Prosj | Prosjektnamn | Oppstart | Tidlegare | 2020 | Totalt |
|-------|--|----------|------------|-------------------|------------|
| 102 | IT | 2019 | 97 000 | 105 000 | 202 000 |
| 118 | Sak-/arkivsystem (oppgradering ePhorte) | 2020 | 0 | 19 000 | 19 000 |
| 319 | Bukollektiv/Dagakt.senter/Tilbygg demensavd. | 2015 | 44 500 000 | 161 000 | 44 661 000 |
| 323 | Varmestyring Nesbukti pleie- og omsorgssenter | 2020 | 0 | 208 000 | 208 000 |
| 401 | Lakshøl | 2001 | 177 000 | 3 000 | 180 000 |
| 420 | Industriområdet i Nordbygdi, avkøying og straum | 2020 | 0 | 1 147 000 | 1 147 000 |
| 428 | Informasjonstavler | 2020 | 0 | 198 000 | 198 000 |
| 431 | Opplevingsvegen. Fjellbrua | 2020 | 0 | 402 000 | 402 000 |
| 525 | Trafikktryggleikstiltak | 2001 | 11 356 000 | 142 000 | 11 498 000 |
| 530 | Bustadomr Tømmeråsen, inkl. prosj 587 tomt 49-53 | 2011 | 6 612 000 | 17 000 | 6 629 000 |
| 574 | Avløpsanlegg på Bjørgesida | 2017 | 11 491 000 | 1 252 000 | 12 743 000 |
| 585 | Århus industriområde, vatn og avlaup | 2013 | 2 246 000 | 3 158 000 | 5 404 000 |
| 594 | VA-nett til Nordbygdi industriområde | 2020 | 0 | 150 000 | 150 000 |
| 596 | Feiemaskin | 2020 | 0 | 680 000 | 680 000 |
| 597 | Ledningsnett Vekan | 2018 | 6 261 000 | 90 000 | 6 351 000 |
| 604 | Brannvarsling/brannteikningar Selj. u-skule | 2019 | 271 000 | 509 000 | 780 000 |
| 607 | Kommunal teknikk | 2020 | 0 | 119 000 | 119 000 |
| 608 | Etablering av hardbruksbustader | 2020 | 0 | 2 298 000 | 2 298 000 |
| | | | | 10 658 000 | |

Det største investeringsprosjektet i 2020 «Ombygging Heddeli bu- og servicesenter» til kr 10 mill. vart ikkje starta opp i 2020 (på grunn av at delar av det er disponert som Korona-isolat). «VA-nett til Nordbygdi industriområde» kr kr 8,6 mill. vart starta opp i 2020 (med kr 150.000 til konsulent). På «Industriområdet i Nordbygdi» til kr 5 mill. vart det brukt kr 1.147.000 til planlegging/konsulent. «Århus industriområde, vatn og avlaup» som starta opp i 2013 vart ferdigstilt i 2020 til ein samla kostnad av kr 5.404.000.

Økonomi og resultat for programområda

Økonomisk oversyn 2020, samanlikna med justert budsjett 2020 og rekneskap 2019

Programområde 1 Sentraladministrasjon og fellesinntekter/-utgifter

| Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
|---|-------------------|-------------------|-------------------------------|---------------------------------------|
| 100 Folkevalde | 3 685 | 2 916 | 2 831 | 3 % |
| 101 Kontrollorgan mm. | 874 | 799 | 878 | 9 % |
| 110 Rådmannskontor og fellestenester | 6 178 | 8 549 | 9 086 | 6 % |
| 111 Økonomiavdeling | 3 554 | 3 195 | 3 616 | 12 % |
| 112 IT | 5 270 | 5 708 | 5 551 | 3 % |
| 113 Telefon | 395 | 580 | 546 | 6 % |
| 114 Forsikringar | 1 006 | 1 197 | 1 255 | 5 % |
| 116 Personal- og merkantilavdeling | 6 824 | 7 179 | 6 560 | 9 % |
| 125 NAV kommune | 7 029 | 6 563 | 6 667 | 2 % |
| 130 Kyrkjelege føremål | 4 298 | 4 149 | 4 185 | 1 % |
| 140 Premieavvik, amortisering og premiefond | 0 | -1 261 | - 1 262 | 0 % |
| 150 Tilleggsløyvingar | 0 | 69 | 467 | 85 % |
| 180 Skattar og rammetilskot mm. | 2 465 | 2 194 | 2 368 | 7 % |
| 190 Renter og avdrag | 14 864 | 16 192 | 16 031 | 1 % |
| 199 Avskrivningar | 14 163 | 14 549 | 12 325 | 18 % |
| 999 Rekn. meirforbruk/mindreforbruk | 5 649 | 7 960 | 7 960 | 0 % |
| Sum | 76 255 | 80 536 | 79 064 | 2 % |
| Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| 100 Folkevalde | 103 | 37 | 12 | 205 % |
| 101 Kontrollorgan mm. | 16 | 0 | 1 | 100 % |
| 110 Rådmannskontor og fellestenester | 1 183 | 702 | 805 | 13 % |
| 111 Økonomiavdelinga | 239 | 90 | 445 | 80 % |
| 112 IT | 1 059 | 1 189 | 1 051 | 13 % |
| 113 Telefon | 73 | 95 | 83 | 14 % |
| 114 Forsikringar | 0 | 0 | 16 | 100 % |
| 116 Personal- og merkantilavdeling | 733 | 558 | 189 | 195 % |
| 125 NAV kommune | 1 418 | 662 | 529 | 25 % |
| 150 Tilleggsløyvingar | 0 | 13 | 51 | 74 % |
| 180 Skattar og rammetilskot mm. | 223 082 | 223 972 | 223 996 | 0 % |
| 190 Renter og avdrag | 6 774 | 5 332 | 5 287 | 1 % |
| 199 Avskrivningar | 14 163 | 14 549 | 12 325 | 18 % |
| 999 Rekn. meirforbruk/mindreforbruk | 2 274 | 8 925 | 11 484 | 22 % |
| Sum | 251 117 | 256 124 | 256 274 | 0 % |
| Samandrag (kr 1.000) | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| Drifts- og finansutgifter | 76 255 | 80 536 | 79 064 | 2 % |
| Drifts- og finansinntekter | 251 117 | 256 124 | 256 274 | 0 % |
| Netto drifts- og finansinntekter | 174 862 | 175 588 | 177 210 | 0,92 % |

Kommentarar til rekneskap PO 1

Rekneskapsmessig resultat i 2020 samanlikna med justert budsjett vart eit mindreforbruk (overskot) på kr 2.559.005,28. Frå og med 2020 skal ikkje kommunerekneskapan gjerast opp med mindreforbruk (nye rekneskapsreglar etter ny kommunelov). Budsjetttert bruk av disposisjonsfond (jf. inntekssida på ansvar 999) er då i staden redusert med eit tilsvarande beløp.

Programområde 2 Skule og oppvekst

Frå 12.3.2020 blei skule, barnehage, vaksenopplæring og flyktningetenesta brått stengt grunna den globale pandemien Covid-19. Handtering av pandemien har prega programområdet og ført til redusert tilbod og kvalitet for tenestene våre. Handtering av beredskapen i høve til pandemien har også ført til redusert kapasitet til å handtere andre satsingsområde. Det fører til at vi har eit etterslep i høve til fagleg utviklingsarbeid.

Kommunalsjef, leiarane og dei tilsette la ned ein formidabel innsats for å få på plass beredskapsplanar og tiltak i samsvar med stadige endringar i smittevernstiltaka våren 2020. Dette ført til stor slitasje i organisasjonen. Det er grunn til å tru at slitasjonen var konsekvens av den store belastninga alle tilsette opplevde våren 2020, med stor usikkerheit i høve til fare for smittespreiing og alvorleg sjukdom grunna Covid-19. Det er ingen tvil om at tilsette i skule og barnehage er eksponert for mykje personleg kontakt og slik sett er utsett for større grad av smitterisiko enn mange andre. Til tross for dette er det totale sjukefråværet i 2020 på eit relativt normalt nivå og det er all grunn til å vere stolte av innsatsen til dei tilsette i programområdet.

Sommaren 2020 blei det på ny endring i kommunalsjefstillinga. Fungerande kommunalsjef Even Fossum Svendsen avslutta det toårige engasjementet og blei erstatta av Ronde Ingeberg Schade som har fungert i kommunalsjefstillinga sidan 2009. Kommunalsjefen arbeider for tida i redusert stilling grunna helsemessige årsaker og fungerer også som avdelingsleiar for ansvar 205, integrering og vaksenopplæring. Dette er ingen god løysing for dei tilsette ved denne avdelinga, men er ein økonomisk gunstig organisering for Seljord kommune her og no. På sikt må ein vurdere om vaksenopplæringa bør vere ein del av sentrumsskulen med einingsleiar ved skulen som nærmaste leiar.

Frå august 2020 blei møteverksemda mellom kommunalsjef og einingsleiarane vesentleg redusert i forhold til våren 2020. Dette var eit heilt naudsynt tiltak for å redusere tids- og møtepresset på einingsleiarane, samt sikre at leiarane kunne bruke meir tid ute på einingane med sine tilsette. I staden har ein for tida ein modell med adhoc-møte etter behov og ynskje frå einingsleiarane.

Redusert møte- og samarbeidstid har ført til at mellom anna arbeidet med kommunedelplan for oppvekst er kraftig forsinka og truleg vil ikkje denne planen/planprosessen bli realisert før hausten 2021, eventuelt med ferdigstilling våren 2022. I tillegg har skulane ikkje hatt den kapasiteten som trengst for å implementere «Fagfornyinga» slik ein ynskter seg. Det inneber at den enkelte lærar må ta eit større ansvar for korleis nye fagplanar blir realisert og materialisert. Det er viktig at skulane finn tid i 2021 til å prioritere dette arbeidet.

Seljord kommune har vedtatt busetting av 10 flyktningar kvart år i perioden 2019-2023. Totalt er det busett 11 personar i 2020. Det har vore krevjande å gjennomføre busetting i og med dei strenge smittevernsreglane, men dei tilsette ved tenestene våre og dei nybusette har handtert dette svært godt. Ein tyrkisk familie med to barn og ein vaksen blei busett mai 2020. To nye kongolesiske familiar med fire vaksne og fire barn blei busett i siste kvartal.

Mange av dei vaksne flyktningane manglar skulegang og nokre er analfabetar. Dette fører til at dei treng grunnleggande opplæring i mange år. Tidlegare år har vi sendte fleire av desse deltakarane til Notodden mangfolds- og læringscenter (Notodden vaksenopplæring), som har hatt eit større elev- og læringsmiljø og som har hatt tilpassa grunnskuletilbod for ulike grupper med elevar. Men frå hausten 2020 har Vaksenopplæringa omorganisert tilbodet lokalt og starta opp med modulbasert

grunnskoleopplæring for vaksne. Erfaringa frå oppstarten i 2020 er at elevane set pris på grunnskuletilbodet og at elevene er motiverte.

Språkopplæring i ein pandemisituasjon med bruk av digital opplæring er ei utfordring. Mange deltakere med ingen eller lite utdanning treng mykje støtte i opplæringssituasjonen. Det har vore lite sosiale aktivitetar, lite besøk av andre instansar og tenester. Kontaktskapende tiltak i bygda har vore vanskeleg. Vaksenopplæringa starta opp med fysisk undervisning så raskt som mogleg når regjeringa letta på tiltaka. Da med små grupper og ein til ein undervisning.


Det er busett 82 flyktningar i perioden 2015-2020. Det er 9 deltakarar i introduksjonsprogrammet og om lag 24 deltakarar ved Vaksenopplæringa. Av desse er det 8 elevar (medio oktober 2020) som er deltakarar som får opplæring etter Opplæringslova §4a-1, resten er deltakarar i det modulbaserte grunnskuletilbodet. Det er stabil drift for tida ved avdelinga, men ein jobbar stadig med å tilpasse seg endringar ift nasjonal busettingspolitikk. Ved inngangen til 2021 er det også mangel på familiebustader til nye flyktningefamiliar.

Skulane peikar særleg på arbeidet med dei framandspråklege elevane som ikkje får god nok tilpassa opplæring. Vi har og eit høgt volum på spesialundervisning og økte kostnader til vikarbruk. Det er eit paradoks at det samla elevtalet for tida går nedover, medan talet på elevar med behov for ekstra hjelp og støtte aukar kraftig.

I 2020 deltok alle barnehagar og skular saman i den statlege satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Satsinga vil bli vidareført i 2021 og 2022.

I budsjett 2020 blei det varsla om barnetals- og elevtalsprognosane i barnehage og skule. Som det går fram av fig 1 under, så er det bare ein liten justering i barnetala i barnehagen frå 2019 til 2020, men det er grunn til å tru at utviklinga vil vere negativ dei neste tre åra før den stabiliserer seg. **Held utviklinga i perioden 2008-2020 fram vil det vere arealmessig plass nok til alle barn i kommunen i Tussejuv og Flatdal barnehage frå hausten 2022.**

Fig 1. Barnetalsutvikling 0-6 år, 2008-2020



Kjelde: basilrapport.udir.no/

Seljord barne- og ungdomsskule

Første halvdel av 2020 blei utfordrande for Seljord barne- og ungdomsskule på mange måtar. Skulen blei frå februar til juni 2020 drifta med 100% for lite leiarkapasitet. Konsekvensen av dette blei at skuleleiinga ikkje klarte å løyse alle oppgåver innan fristar, eller med høg kvalitet. Eininga hadde også eit stort fråver blant tilsette. Konsekvensen av dette var blant anna at kvaliteten på undervisninga blei lågare i periodar.

Ny einingsleiarstruktur blei også ei stor utfordring for skulen frå haust 2019, som fekk innverkand også i 2020.

Samstundes som vårhalvåret 2020 var krevjande på mange måtar, hadde skulen ein svært god tilsettingsprosess av nye lærarar og ny assisterande rektor som har bidregen til ein meir stabil drift frå haust 2020.

Frå haust 2020 har einingsleiarstrukturen fungert mykje betre med tanke på at modellen er meir kjent for dei tilsette og organisasjonen har fått meir tid på implementere modellen.

Skulen var raskt i gang med heimeundervisning når samfunnet stengte ned 12.mars 2020. Mykje av grunnen til at heimeskulen var raskt i gang var 1-1 dekning av Ipad.

Det blei gitt tilbakemeldingar frå FAU mai 2020 om at dei stort sett var nøgde med heimeskule og oppstart av skulen i april/mail. Det blei blant anna gitt tilbakemelding på at showbie som kommunikasjon-og undervisningsplattform fungerte godt på barnetrinnet. Det blei også rapportert tilbake at når Teams blei innført på mellomtrinnet og ungdomstrinnet, så fekk elevane meir kontakt med faglærarar og medelevar ved at det var mogleg å gjennomføre fullverdige undervisningstimar. Fau opplevde også ein god kommunikasjonsflyt frå skulen.

Det kom nokre tilbakemeldingar frå FAU frå ungdomstrinnet om at det var einskilde fag som ikkje var fylgt godt nok opp, og at det kunne vere litt lite kommunikasjon mellom lærarar på arbeidsmengde og prøver. Dette tok skulen omsyn til og har jobbe med. Så ved raudt nivå januar 2021, var skuleleiinga meir tydeleg på at fag- og timefordelinga skulle bli fylgt, og at lærarane må samkøyre arbeidsmengde ut til elevar.

Ei konsekvens av COVID- 19 er at skulen ikkje har fått gjennomført eksamen på to årskull. Det fører til at skulen ikkje har moglegheit til å samanlikne seg med andre skuler for å sjå kva for nivå våre elevar ligg på. Eksamen er viktig, og gjev skuler mykje informasjon om undervisningskvalitet og nivå.

Sjølv om sentralt gitt skriftleg eksamen er avlyst, skal skulen gjennomføre lokalt gitt munnleg eksamen. Det er positivt, for då har 10. trinselevar noko å strekkje seg etter, og skulane får meir vurdering av elevane enn standpunktarakter.

Skulen har ikkje gjort nokon store investeringar i 2020, men det er satt av midlar til å ruste opp sløydsalen. Det er ikkje laga ein plan for det arbeidet.

Seljord barneskule bruka 99,27 % av budsjett i 2020. Det vil seie at skulen gjekk med 143 140 kr i overskot. Seljord ungdomsskule hadde derimot eit lite overforbruk med 100,61 %. Det svarer til 93 266 kr i overforbruk. Så samla sett gjekk eininga Seljord barne- og ungdomsskule så godt som i balanse.

Flatdal oppvekstsenter, avdeling skule

Det er 76 elevar og 11,44 årsverk ved Flatdal oppvekstsenter, avdeling skule. Ved skulen har vi dette skuleåret hatt to hovedfokus: Eit trygt og godt skulemiljø og Fagfornyninga. Samt at vi har vore del av arbeidet med Inkluderande barnehage og skulemiljø (IBSM) som går inn i begge desse områda. Det er gode rutinar i saker som handler om eit trygt og godt skulemiljø. Fagfornyninga er på veg å bli godt implementert. Vi har etablert eit godt og funksjonelt skulebibliotek, med bøker vi arva da filialen i Flatdal blei lagt ned. I tillegg får skulen nye bøkar jamnleg etter at vi søkte prosjektmiddlar til dette. Flatdal oppvekstsenter skule har også blitt ein del av Økologisk Norge sin skulehagesatsing og fått middlar til å opprette skulehage.

Det er krevjande å drive fådelt skule og det er utfordrande å romme fleire årstrinn i ei klasse. Det er for tida eit elevtal som fordrar deling i 6 grupper/klassar. I år er ein i store deler av skuletida delt i 7 grupper/klassar. Noko som gjer mindre rom for tolærarsystem. Dette er eit val kollegiet har gjort. Skullebygget vårt gir oss nokre utfordringar. Skulen er ikkje tilrettelagt for elevar med redusert fysisk funksjonsnivå. Arbeidsrom for tilsette tilfredstiller ikkje krava. Vi må leige to klasserom på Samfunshuset i Flatdal.


Koronatiltak og edrningar har gjennom året blitt «ei vane». Personalet har måtte gjere raske endringar i høve til arbeidstid og oppgåver. Pandemien har ført til at skule-Noreg har måtte bli gode på heimeundervisning og digital læring. At vi hadde eit etablera verktøy (IKT-satsinga) har vore fantastisk. Elevane hadde ikkje fått det gode tilbudet utan 1-1 dekning med iPad. Det vart ein del meirarbeid på nokre lærarar og det har vore hardt med så store endringar i arbeidet som heimeskule, raudt nivå og alle endringane i rettningslinjer har ført med seg.

Eit samla personal ser fram til å få avklart kav som skjer i høve til «Prosjekt Flatdal skule»/nytt skulebygg. Det har skapt uro blant dei tilsette at midlane til utbetring blei omdisponert til ei prosjektutgreiing. Vi gjeder oss til å få kunklusjonen

Flatdal oppvekstsenter, avdeling barnehage

Ved utgangen av året er det 24 barn/25 plassar i barnehagen. 6.8 årsverk. Fagleg har vi stort fokus på utvikling av eit inkluderande barnehagemiljø for alle barn, og personalet. Personalet er vårt verktøy. Utvikling av vaksenrolla er eit bærande element i kvalitetssikring av barnehagen.

Når barnehagen var stengt ned heiv vi oss rundt og lagde eit personalutviklings-program som personalet jobba med åleine, og i refleksjonsgrupper på Teams.



Kjelde: Barnehagefakta.no

Hausten 2019 oppdaga vi vasslekkasje i Flatdal barnehage. Frå 24.1.20-1.8.20 dreiv vi barnehage i Åmotsdal grendehus medan renoveringa heldt på. I realiteten vart det ei samanslåing av dei to barnehagane eit halvt år før planlagt. 12.3 slo pandemien til. Midt i alt la vi ned Åmotsdal barnehage, slo saman barnehagane formelt sett, og var i startfasen av å bygge opp Flatdal oppvekstsenter i ein kommune som var/er under omorganisering. Det er mykje privat og profesjonelt som skal behandlast i slike prosessar. Og det er mange involvert, også foreldre og barn.

Vi har hatt høgt sjukefråvær og mykje vikarbruk. Når vikartilgangen har vore liten skapar det stort press på personalet og det er ustabil for barna. I utgangspunktet har vi ein pressa bemanningssituasjon då heile personalet er på jobb kun 4/9 timar midt på dagen. I den tida gjennomførast møter og pauseavvikling.

Totalt har dette vore ein arbeidsbelastning det er vanskeleg å sette ord på. Vi hadde så vidt rekt å lande litt i Åmotsdal då landet stengte ned 12.3 grunna pandemien. Det meste blei kasta rundt på, ingen hadde gjort dette før.

Då vi opna 6 veker etterpå kjente vi ein lettelse over å ha store areal til disposisjon. Vi kunne dele inn i 4 faste grupper av barn og vaksne med heilt atskilte lokale til disposisjon. Det kunne vi grunna reduserte opningstider og innføring av niste. Små oversiktlege grupper med fast personal som alle var på jobb samtidig gjennom heile dagen, skapte forutsigbarhet, trygghet, glede og overskudd både hos små og store trass uforutsigbare dagar og frykten for smitte som vi fortsatt kjenner på kvar dag. Ved å innføre niste fekk vi tilbake grunnressursen som fram til då har vore oppteken med alle delar av matsserveringa i barnehagen kvar dag medan dei 6 barna vedkomande er tilsett for å følge opp har vore tillagt ein vaksen med ansvar for 6 barn frå før.

Å stå i første linje og halde hjula i gang i ein pandemi er skremmande og tek på mentalt. Vi kan ikkje halde avstand i arbeidet med små barn, i staden er den fysiske kontakten svært tett. I tillegg har vi foreldre som kjem og gjeng. Men vi har vore heldige så langt. Vi har ikkje hatt smitte og kun to coronatestar i personalet med påfølgande karantene i løpet av 2020. Likevel har vi vore, og er i opplevinga av uforutsigbarhet og konstant beredskap. Pr. i dag opererer vi i ein kohort på gult nivå. Vi har ikkje personal til å dele oss i to med mindre ein innskrenkar opningstida.

Vi har måtta vore kreative og fleksible i organisering av møter og rettleiing frå ulike kompetansesenter. Inntoget av digitale løysingar har gjeve nye moglegheit.


Økonomisk har vi operert med to prosjekt, vatnlekkasje og Corona. Ved samanslåing av barnehagane sto vi igjen med dobbelt opp av div.leiker og utstyr. Eit dypdykk i regnskapet i november gav klarsignal for innkjøp av grillhytte. Det gjev oss moglegheit til å dele barnegruppa i fleire mindre grupper. Og større fleksibilitet i utelivet gjennom heile dagen. Eit løft for kvaliteten i det pedagogiske arbeidet, mindre slitasje på små og store i ein krevjande kvardag med marginal bemanning, - og praktisk i pandemitider.

Flatdal har brukt 99,07% av budsjett. Vi fekk coronamidlar som gjorde at vi fekk på plass nytt gjerde rundt barnehagen. Åmotsdal har brukt 115,28% av budsjettet.

Seljord barnehage

Ved utgangen av 2020 hadde avdeling Tussejuv 45 barn som bruka 67 plassar, 13 årsverk. Avdeling Heddeli hadde 44 barn som bruka 57 plassar, 11,48 årsverk.

Vi har jobba godt med fagleg utvikling i personalgruppa i det daglege, i personalmøte og i andre møtepunkt for personalet med hovudfokus på inkluderande barnehagemiljø og den vaksne si rolle. Når kompetansen i personalgruppa aukar er det bra for barna i barnehagen. Når barnehagen var stengd ned hadde personalet tid til å jobbe med å auke fagleg kompetanse.



Kjelde: Barnehagefakta.no

Den største utfordringa for avdeling Tussejuv dette året har vore eit stort sjukefråvær. Når fråværet er stort blir det eit større press på personalet som er på jobb når vikartilgangen er liten. Det blir også ustabil for barna. Små barn startar i barnehagen gjennom heile året og vi jobbar med tilvenning på småbarnsgruppene heile året. Når ein ser dette i samanheng med stort fråvær i personalet, er det krevjande å starte i barnehagen for små barn.

Bemanningssituasjonen i barnehagane er heller ikkje tilfredsstillande i utgangspunktet med tanke på at alle ikkje er på jobb samtidig, kun 4 av 9 timar midt på dagen. I den tida er det møteverksemd og pauseavvikling.

Seljord barnehage har eit leiarteam på to personar. Vi har mangla halve teamet mykje av året. Det har vore krevjande for heile personalgruppa med ein leiar mindre.

12. mars stengde barnehagane. Ein barnehage i kommunen, avdeling Tussejuv, var open for sårbare barn og for barn med foreldre i samfunnskritisk arbeid. Det var barn i denne barnehagen heile nedstengingsperioden og delar av personale var på jobb. I denne perioden var det krevjande for personalet med usikkerhet og frykt med tanke på barn, foreldre og smitte. Ein kan ikkje halde avstand til små barn.

Heile personalet fekk ei bratt digital læringskurve, alle var på Teams etter kort tid.

23. april opna vi opp alle barnehagane i kommunen i tett dialog med smittevernlege. Både avdeling Heddeli og avdeling Tussejuv blei dela inn i små kohortar med fast personale der alle var på jobb samtidig heile dagen, redusera opningstid og innføring av niste. Barnegruppene i alderen 3 til 5 år var

ute heile dagen. 1 og 2 åringane var også inne i periodar. Desse rammene skapte forutsigbarhet, tryggleik, glede og overskot hos barn og personale sjølv om frykten for smitte var tilstades.

Barn, foreldre og personale har vore gode til å handtere mange organisatoriske endringar ettersom nasjonale og lokale retningslinjer har endra seg gjennom dette året.

Vi har drive barnehage etter gult nivå sidan august, det vil seie at begge avdelingane har hatt 2 kohortar. Små barn, 1 og 2 åringar, i ein kohort og store barn, 3 til 5 åringar i ein kohort. Kohortane må halde avstand til kvarandre og då må vi tenke og forhalde oss strengt til smittevern kvar einaste dag. Personale kan ikkje jobbe i to ulike kohortar og det er mentalt krevjande når ein kohort har lite bemanning og det hadde vore naturleg å hjelpe kvarandre på huset. Vi vaskar og spritar, legg til rette og passar på at foreldre også skal halde avstand til kvarandre og personale.

Vi har måtte vere kreative og fleksible i organisering av møter og rettleiing frå ulike kompetansesenter i denne perioden.

- Avdeling Heddeli fekk coronamidlar som skal finansiere oppgradering av to bad. Arbeidet er starta på i 2020.
- Avdeling Tussejuv fekk coronamidlar som skal finansiere kjøling på ventilasjonsanlegget. Arbeidet er planlagt å ferdigstillast i 2021.
- Avdeling Heddeli hadde eit underskot på kr 200 000,-. Dette skuldast underbudsjettera lønsutgifter i faste heimlar.
- Avdeling Tussejuv har eit overskot på kr 700 000,-. Dette skuldast underbudsjettera brukarbetaling og sjukelønsrefusjon.

Alle ekstra utgifter til utstyr og leiker i samband med pandemien har hatt eige prosjekt.

Kulturskulen

Kulturskulen hadde ved utgangen av 2020 11 lærarar, av desse er ein lærar på konsulentavtale. Lærarkreftene er særstabile. Det aller meste av undervisninga går føre seg på Granvin i Seljord, ein liten del av undervisninga er desentralisert til Flatdal skule og Flatdal ungdomshus. Ved utgangen av 2020 var det 140 elevplassar registrerte i kulturskulen. Av desse kjem 4 frå andre kommunar.



10 elevar deltek i eit teatertilbod med Hæge Manheim, som strekk seg frå haustferie til påske 2021.

Bilete frå opninga av Seljordsormen rasteplass, der Kulturskulen deltok med trompetelevar

Kulturskulen sel undervisning til sjølvkost til Kviteseid kulturskule (4 elevar), pluss eit orkestersamarbeid mellom Seljord, Kviteseid og Tokke. Videograppa – StudioX – fortset, men har noko redusert elevtilfang. Året har vore prega av corona, med digital undervisning frå medio mars til ut i mai. Dette gjorde at me reduserte kontingenten for vårsemesteret med 50%. Ein har også måtta flytta på konsertar som var planlagde i 2020 til 2021.

Område som ein må ha fokus på framover er:

- Fokus på tilpassing av lokale fagplanar i tråd med Kulturskolerådet sine fagplanar.
- Jobbe vidare med samspelstiltak på tvers av instrumenta.
- Samarbeid om fellesprosjekt med kulturskular i nærområdet.
- Styrke den digitale kompetansen.
- Vurdere nye disiplinar utover musikktilbod, t.d. å starte opp igjen eit teatertilbod.

Elevtal grunnskulen

| Skule | 2019 | 2020 | Endring |
|--|------|------|---------|
| Flatdal oppvekstsenter, avd skule | 70 | 74 | +4 |
| Seljord barne- og ungdomsskule | 289 | 276 | -13 |
| - Seljord b- og u.skule, barnetrinnet 1.-7. trinn | 166 | 167 | +1 |
| - Seljord b- og u.skule, ungdomstrinnet 8.-10. trinn | 123 | 109 | -14 |
| | 359 | 350 | -9 |

Kjelde: Udir.no (GSI-tal per 1.10.2020)

Brukarar SFO

| Skule | 2020 |
|-----------------------------------|------|
| Flatdal oppvekstsenter, avd skule | ?? |
| Seljord barne- og ungdomsskule | 45 |
| | |

Elevtal kulturskulen

| Elevar | 2019 | 2020 |
|----------------------|------|------|
| Grunnskulealder | 97 | 82 |
| Over grunnskulealder | 18 | 14 |
| Sum elevar | 115 | 96 |

| Elevplassar | 2019 | 2020 | Venteliste |
|--------------------|------|------|------------|
| Musikkundervisning | 118 | 117 | 2 |
| Visuelle kunstfag | 20 | 13 | |
| Teater | 0 | 10 | |
| Dans | 0 | | |
| Andre kunstuttrykk | 0 | | |
| Sum | 138 | 140 | 2 |

Kjelde: Udir.no (GSI-tal per 1.10.2020)

Barnetal barnehage

| Barnehage | 2019 | 2020 | Endring |
|--------------------|------|------|---------|
| Flatdal barnehage | 24 | 24 | 0 |
| Åmotsdal barnehage | 7 | 0 | -7 |
| Heddeli barnehage | 43 | 43 | 0 |
| Tussejuv barnehage | 36 | 44 | +8 |
| | 110 | 111 | +1 |

| Barnehage | 2019 | 2020 | Endring |
|-----------------|------|------|---------|
| Barn under 3 år | 30 | 34 | +4 |
| Barn over 3 år | 80 | 77 | -3 |

Kjelde: basilrapport.udir.no/

| Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar | | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
|--|--------------------------------|----------------|----------------|-------------------------|---------------------------------|
| 200 | Fellestenester kommunalsjef | 5 447 | 4 984 | 4 736 | 5 % |
| 205 | Integrering og vaksenopplæring | 11 312 | 9 765 | 9 836 | 1 % |
| 210 | Seljord barneskule | 24 765 | 26 243 | 23 361 | 12 % |
| 211 | Seljord ungdomsskule | 17 835 | 17 961 | 16 863 | 7 % |
| 212 | Flatdal skule | 10 929 | 11 350 | 10 316 | 10 % |
| 220 | Heddeli barnehage | 8 916 | 8 803 | 8 660 | 2 % |
| 221 | Tussejuv barnehage | 9 763 | 10 071 | 10 162 | 1 % |
| 222 | Flatdal barnehage | 4 722 | 5 404 | 5 022 | 8 % |
| 223 | Åmotsdal barnehage | 3 118 | 2 002 | 1 863 | 7 % |
| 230 | Kulturskulen | 4 760 | 4 685 | 4 553 | 3 % |
| Sum | | 101 567 | 101 267 | 95 372 | 6 % |
| Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar | | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| 200 | Fellestenester kommunalsjef | 1 595 | 410 | 370 | 11 % |
| 205 | Integrering og vaksenopplæring | 8 462 | 7 371 | 7 538 | 2 % |
| 210 | Seljord barneskule | 7 338 | 6 876 | 3 885 | 77 % |
| 211 | Seljord ungdomsskule | 2 554 | 2 568 | 1 574 | 63 % |
| 212 | Flatdal skule | 1 614 | 1 442 | 728 | 98 % |
| 220 | Heddeli barnehage | 1 693 | 1 366 | 1 455 | 6 % |
| 221 | Tussejuv barnehage | 1 468 | 2 248 | 1 623 | 39 % |
| 222 | Flatdal barnehage | 1 196 | 1 215 | 793 | 53 % |
| 223 | Åmotsdal barnehage | 394 | 234 | 329 | 29 % |
| 230 | Kulturskulen | 1 304 | 1 221 | 1 161 | 5 % |
| Sum | | 27 618 | 24 951 | 19 456 | 28 % |
| Samandrag (kr 1.000) | | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| Drifts- og finansutgifter | | 101 568 | 101 267 | 95 372 | 6 % |
| Drifts- og finansinntekter | | 27 618 | 24 951 | 19 456 | 28 % |
| Netto drifts- og finansutgifter | | 73 950 | 76 316 | 75 916 | 0,53 % |

Kommentarar til rekneskap PO 2

Programområde PO 2 har eit relativt lite meirforbruk på kr 400.000. Det har vore ei styrking av inntektssida gjennom auka statstilskot, samt sjukepengar.

Det er mottatt vesentleg meir midlar frå IMDI for oppfølging av flyktningar enn det som var budsjettert i opprinneleg budsjett.

Seljord barne- og ungdomsskule er om lag i balanse. Ein skal likevel merkje seg at det er svært store avvik mellom budsjettert løn og endeleg rekneskap. Dette blir utlikna grunna refusjon frå staten, såkalla IMDI-midlar for ekstra oppfølging av barn med flyktningebakgrunn, samt sjukepengar. Dette viser ein sårbarheit for framtida sidan driftsnivået er tilpassa eit høyt volum refusjonar. Skulle

refusjonsgrunnlaget svikte eit år, så vil det bli svært vanskeleg å justere ned lønsnivået tilsvarande raskt. Dette er også kommentert i administrasjonen sitt forslag til budsjett 2021 og økonomiplan.

For barnehagen i sentrum viste samla resultat i 2020 mindreforbruk. Årsaka er i hovudsak vesentleg auke i sjukelønsrefusjonar og mindreforbruk på vikarløn for sjukefråvær og ferie. Generelt har barnehagen vore forsiktige på forbruk.

Kulturskulen er om lag i balanse ved årsslutt.

Programområde 2, oppvekst, har for tida eit stort volum spesialundervisning for barn og elevar. Kombinasjonen med redusert barne- og elevtal, samt auke i spesialpedagogiske behov, vil føre til ein krevjande økonomisk situasjon dei neste åra.

Programområde 3 Helse og omsorg

2020 har vore eit særskilt år for heile helse og omsorg. All ordinær fag- og tenesteutvikling har blitt sett til side for å kunne fokusere på det som har vore naudsynt i samband med koronapandemien. Dei tilsette har måtte ta til seg ny kunnskap om Covid-19 og smittevern, og det har vore naudsynt å endre på rutiner og organisering av arbeidet for å møte alle krav i samband med pandemien. Året har vore utfordrande på mange måter, ikkje minst for alle dei dyktige tilsette som har løst dei nye oppgåvene på ein utmerket måte.

I samband med pandemien har det vore naudsynt å organisert heilt nye tiltak. Det er blant anna isolat for pasientar med Covid-19 i kjellern på gamle Heddeli (med alt naudsynt utstyr), smittemottak ved legekantoret, lager for smittevernutstyr, logistikkverktøy for smittevernutstyr, og «semi-intermediær avdeling» ved Nesbukti. Det er ervervet nytt utstyr som oksygenkonsentratorar (10-liter), reinhaldsrobot og lokalproduserte smittevernfrakkar. Det har vore naudsynt å etabler og oppdatere rutinar og plandokumenter; pandemiplan, smittevernplan, kontinuitetsplanar for alle tenestene. Alle tiltaka har vore gjennomført i god teamånd, med tverrfagleg og tverretatleg samarbeid. Ikkje minst når det gjeld produksjon av smittevernfrakkar, som har vore eit tiltak i samarbeid med frivilligsentralen.

Alle tilsette i helse og omsorg har fått opplæring knytt til koronapandemien.

| Totalt behov for opplæring i 2020: | Håndhygiene, KS-læring (20 min) | Basale smittevernrutiner, KS-læring (25 min) | Bruk av smittevernutstyr, KS-læring (6 min) | Aseptisk teknikk, KS-læring (15 min) | Smitteisolering, KS-læring (20 min) | Gjenbruk av åndedrettsvern, KS-læring (15 min) | Desinfeksjon, KS-læring (20 min) | Opplæringspakke, Isolat og C (3 timer) | Praktisk opplæring/gjennomgang (3 timer) | Smittevern NHI (fleire kurs) | Palliativ opplæring (4 dagar à 7 timar = 28 timar) |
|------------------------------------|---------------------------------|--|---|--------------------------------------|-------------------------------------|--|----------------------------------|--|--|------------------------------|--|
| Open omsorg | 45 | 45 | 45 | 0 | 0 | 0 | 0 | 4 | 68 | 0 | 1 |
| Institusjon | 25 | 24 | 25 | 0 | 20 | 0 | 0 | 8 | 20 | 0 | 1 |
| Helseavdelinga | 7 | 6 | 4 | 5 | 4 | 4 | 3 | 1 | 19 | 72 | 2 |
| TFF | 20 | 20 | 17 | 0 | 19 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Totalt personer | 97 | 95 | 91 | 5 | 43 | 4 | 3 | 13 | 107 | 72 | 4 |

Til saman har blitt gjennomført 534 kurs, med eit totalt timetal på 583 timar. Kursa har i hovudsak vore digitalt, forutenom opplæringspakke isolat og praktisk opplæring som har vore lagt av tilsette i Seljord kommune.

Pandemien har og ført til eit behov for tettare samarbeid mellom kommunane og sjukehusa, og mellom kommunane i Vest-Telemark. Det har blant anna vore fleire samarbeidsmøte mellom kommuneoverlegar og kommunalsjefar frå kommunane, og leiinga ved sjukehuset knytt til pandemien.

Ein av følgjande av alle møterestriksjonane knytt til pandemien har ført til at tenestene har måtte sjå på nye metoder for samarbeid og opplæring. I løpet av 2020 har difor alle tenestene innan helse og omsorg opparbeida seg kompetanse og utstyr til å gjennomføre møteverksem og opplæring digitalt. Erfaringane er i hovudsak positive, og er difor noko som vil få betydning for arbeidsmetodane også etter pandemien.

I løpet av 2020 søkte og fekk kommunen tilskot for å motvirke einsemde hos bebuarar på institusjon og bu- og servicesentra. Kommunen fekk 800 000 kr til turveg, turhytte og besøksvert/frivilligkoordinator.

Hausten 2020 vart arbeidet med ny helse- og omsorgsplan sett i gang. Planprogrammet vart utarbeida og fyrste møte med tillitsvalte, verneombod og leiarar i tenestene vart gjennomført.

Interkommunal kommunepsykolog

I den fyrste halvdel av 2020 var det berre tilsett 1 psykolog, men frå august var begge to på plass, i tilsaman 2 heile årsverk. Tenesta er ny, og med nyttilsetting i slutten av 2019 og midten av 2020 har det vore naudsynt å «skape rammene og tenesta».

I fyrste kvartal arbeida psykologen med å gjere seg kjend med kommunane, målgruppa (t.d. ungdomsråd), tenesteorganisering, samarbeidsarenaer, samarbeidspartnarar, tiltak for barn og unge, samt aktuelle lovverk, retningslinjer, rettleiarar og relevant statistikk. Det same har vore gjeldande for den andre psykologen frå august.

Psykologane har gjennom året delteke på tverrfaglige samarbeidsarenaer, både på individ- og systemnivå i alle kommunar. Dei har inngått i samarbeid om å etablere tverrfaglege samarbeidsarenaer, som Barne- og ungdomsteam, Samarbeidsmøte barn og unge og Samarbeidsmøte vidaregående skule og helse.

Fortløpande og etter behov hjå aktuelle samarbeidspartnarar, har psykologane drøfta saker og gjeve rettleiing i både individ- og systemsaker. I fyrste kvartal er det teke initiativ til å etablere interkommunale rettleiingsgrupper for helsesjukepleiarar og psykisk helse barn og unge. I andre kvartal er det starta opp to grupper, som begge hadde fire rettleiingsmøte i løpet av 2020. Det har vore interne rettleiingar for helsepersonell i nokre kommunar.

Psykologane har i samarbeid med lokalt helsepersonell vore involvert i klinisk arbeid med einskildsaker gjennom heile året. I siste kvartal vart det starta opp sekundærførebyggjande samtale- og aktivitetsgrupper i samarbeid med lokal helseteneste i eit par kommunar.

Frå mars og ut året har restriksjonar i samband med koronapandemien påverka rammene for tenesta. I halve mars og heile april arbeida psykologen berre frå heimekontor. Ei arbeidsoppgåve i denne tida var å ta initiativ til og arbeide for å opprette og drifte ein kontakttelefon for barn og unge. Vidare rettleia psykologen fagpersonar som fungerte som kontaktpunkt for barn og unge då skulane var stengde. Vidare vart det utvikla innhald til alle kommunanes nettstader, med informasjon til barn, unge og familiar om psykisk helse under koronapandemien. I tillegg vart det heldt fast på kontakt med barn, ungdom og familiar som psykologen allereie hadde kliniske løp med, per telefon og oftare enn ved fysiske møte innan nedstenginga. Aktivitet i allereie etablerte samarbeidsfora heldt fram digitalt. Resten av året har psykologane arbeida frå heimekontor i periodar, og har i større grad nytta digitale flater for møteverksemd. Det har vore prioritert å gjennomføre fysiske møte med sårbare barn, unge og familiar.

Gjennom året er det kontinuerlig jobba med å utvikle psykologtenesta. Ei oppgåve har vore å skaffe fagprogram. Slik som det er no må psykologane dokumenter klinisk arbeid i 5 ulike fagprogram, noko som er ei utfordring i kvardagen. Det vert gjort tiltak for å få til ei løysing i 2021.

Èin psykolog har starta på spesialiseringsprogrammet for psykologar, og begge har delteke i rettleiing med psykologspesialist frå september, noko av dette er gjennomført digitalt. Èin har delteke på kurs i teieplikt og kurs i nevroaffektiv utviklingspsykologi. Begge har delteke på kurs for nyttilsette

psykologar i kommunen og i psykolognettverk i området. Kurs- og spesialiseringsaktivitet har bliv sterkt redusert på grunn av pandemi.

Tenestekontoret og koordinerande eining

Tenestekontoret har ansvar for tildeling og koordinering av tenester. Målet for sakshandsaming og tildeling av helse- og omsorgstenester er at det skal bli tilbydd rett teneste til rett tid, og i rett omfang for personar som oppheld seg i kommunen. Tenestekontoret har overordna ansvar for arbeidet med individuell plan (IP) og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatore.

Tenestekontoret har frå 2020 delteke i BUSTADUTVAL som sekretær/sakshandsamar.

I 2020 fekk tenesta ny organisering. Testekontoret flytta til kommunehuset hausten 2020. Tenestekontoret har 2 sakshandsamarar (1,8 % stilling) og er organisera under kommunalsjef. Merkantil/sakshandsamar vederlag er no organisera under Nesbukti pleie og omsorgssenter

I 2020 vart det gjort 570 vedtak knytt til 193 brukarar. Kommunen hadde 79 overliggardøgn på sjukehus, og det vart kjøpt 179 døgn ved sjuheim i annan kommune.

23 brukarar har fått tildelt støttekontakt, og dei fleste har tilbod om 3 eller 4 timar per veke. 2 brukarar har avlasting privat, 1 brukar har avlasting i bustad ved Heddelitunet og 1 brukar har avlasting privat og i eigen heim.

I 2020 var det 20 brukarar som har vedtak om koordinator i kommunen.

Tenestekontoret er opptatt av å syte for forsvarlege tenester til innbyggjarane, men ser at det er naudsynt å vere meir restriktive ved tildeling av tenester. Ofte medfører dette at brukar får tildela færre timar tenester eller får avslag. Ingen klagesaker er sendt til Fylkesmann i 2020.

Tenestekontoret har ansvar for dagleg elektroniske samhandlinga mellom sjukehus – kommunen og mellom helsesenteret og avdelingane.

Institusjon

Nesbukti pleie- og omsorgssenter

Nesbukti pleie og omsorgssenter har 31 sengeplassar, der 27 av desse er langtidsplassar, 1 er til øyeblikkelig hjelp, medan 3 er korttidsplassar. I 2020 har institusjon hatt eit stabilt høgt belegg med høg pleietyngde. IPLOS registrering for 2020 viser at 23 av 27 langtidspatientar har ei pleietyngde på 4,5 av 5, noko som inneber at dei har eit omfattande pleiebehov. Høg pleietyngde seier noko om ressursbehovet. Pleiefaktoren som vart rekna ut i desember 2020 var på 0,96.

Belegget i 2020 har vore stabilt høgt, med 93,57 % på dei somatiske sengene, 98,03 på sengene knytt til demens og kognitiv svikt. På øyeblikkeleg hjelp senga har belegget vore på 44,54 %.

Nesbukti har eit stabilt personell med god fagkompetanse og god sjukepleiardekning, men samhandlingsreforma merkast godt i kommunen. Sjukeheimen får stadig fleire og meir krevjande oppgåver for å avlaste sjukehusa, noko som krev god sjukepleiardekning, høg fagkompetanse og behov for spisskompetanse på ulike felt.

Nesbukti har 11 tilsette over 60 år. Mange har signalisert at dei vil gå av med pensjon i løpet av 2021/22. Rekruttering av kvalifisert fagpersonell vil difor bli ein viktig jobb i tida framover. Løn, moglegheit for kompetanseutvikling og fokus på godt arbeidsmiljø er faktorar som blir viktige i ein rekruteringsprosess.

I 2019 vart det oppretta ei korttidsavdeling på Nesbukti, der 3 sengeplassar vart dedikert til rehabilitering og korttids plassar (tidsbegrensa plassar). Fokuset har vore tidleg innsats slik at pasienten kan meistre eigen situasjon og fungere i eigen bustad, ut frå sine eigne forutsetningar og ynskjer. I november 2020 vart prosjekt rehabilitering i institusjon avslutta, og tilbodet vart ein del av ordinær drift. Då prosjektet vart avslutta, var det ikkje mogleg å styrke bemanninga meir, noko som er ei utfordring då arbeid med rehabilitering krev høg ressursinnsats og tett oppfølging. Arbeidet på ei korttidsavdelinga inneberer ikkje berre tettare oppfølging, men og meir administrasjon i form av inkomstsamtaler, målsamtaler og meir systematisk kartlegging. Det vil seie at om talet på korttids plassar skal auke, krev det meir ressursar.

Det er vanskeleg å få til eit godt tilbod om rehabilitering i institusjon då kommunen har få korttids plassar til disposisjon. For å få til eit tilfredstillande tilbod er det naudsynt å auke kapasiteten på korttids plassar og rehabiliterings plassar i institusjon. På landsbasis ligg %-andel tidsbegrensa plassar på omlag 18 % av det totale tal på plassar. Om dette skal vere målet for Seljord, vil det seie at kommunen skal ha 6 plassar til tidsbegrensa opphald. Tidsbegrensa plassar vert nytta til rehabilitering, lindrande behandling, avlastning, kartleggingsopphald m.m. Kommunen har som mål å auke talet på plassar til tidsbegrensa opphald i åra som kjem.

På grunn av mangel på plassar, har me hatt vanskeleg for å ta imot utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset som har hatt behov for eit korttidsopphald på institusjon. Utfordringa har blitt forverra av koronapandemien, då det ikkje har vore mogleg å leige plass i like stor grad i nabokommunane. Det har ført til auke i bruk av overliggardøgn på sjukehuset. Fordi det ikkje har vore mogleg å leige korttids plassar, har kommunen inngått to avtalar om leige av langtidsopphald i to nabokommunar. Kommunen har inngått avtale med Kviteseid om langtids plass i 2021, og ei avtale med Midt-Telemark kommune om å leige plass frå 01.11.2020 til 30.04.2021.

I Mars 2020 blei alt snudd på hovudet då strenge smittevernstiltak blei innført pga. Covid-19 pandemien. Institusjonen blei stengd ned og kvardagen til dei tilsette og bebruarane blei drastisk endra. All planlagd aktivitet blei lagt på is og det dreia seg plutsleg berre om smittevern. Læringskurva har vore bratt. På kort tid har dei tilsette snudd seg om, laga rutinar, prosedyrar, planlagt for intermedieravdeling, og har tatt diverse kurs i smittevernshandtering. Både tilsette, bebruarar og pårørande har vore tålmodige og innretta seg etter situasjonen på best tenkelege måte.

Det blir jobba kontinuerleg med sjukefråvær og nærvær. I starten av Pandemien hadde institusjon eit fråvær på totalt 14,57 %, i hovudskal knytt til koronapandemien. Mangel på personell og vikarar har til tider vore svært utfordrande. Ved årslutt har institusjon eit fråvær på totalt 8,02 %, der 4,6 % er langtidsfråvær.

Når det gjeld velferdsteknologi er det henta inn tilbod på stille sjukesignal, port telefon og automatiske dørlåsar til avdeling for demente. Dette vil det bli jobba vidare med i 2021.

Produksjonskjøkken

Produksjonskjøkkenet i Seljord kommune ligg på Dyrskuplassen. Det er tilsett 2 kokkar, med totalt 1,6 årsverk. Produksjonskjøkkenet leverar og produserar middag og dessertar til Nesbukti, Steinmoen og Nestunet 2 gongar i veka. Dei leverar også middag og dessert til heimebuande i kommunen, der antall varierar gjennom året.

Produksjonen er basert på ein 6 vekers meny der dei forskjellige plassane kan komme med innspel på rettar. Produksjonskjøkkenet bestiller varer frå Tine, Bama og Gilde.

Helseavdelinga (Helsetenester frå 2021)

Legetenesta og legevakt

2020 har fyrst og fremst vore eit år prega av koronapandemien. Tenesta stengte ned den 12. mars, og gjekk over i legevaktsmodus. Det vi seie at berre det som var heil naudsynt fekk kome til på legekantoret. Tenesta starta raskt med å løyse utfordringane kommunen fekk knytt til pandemien. Det var oppgåver som opplæring i smittevernsarbeid, opplæring av nye medarbeiderar, og innreiing av midlertidig smitterom. Vidare vart det bygde om for å få på plass eit permanent smitterom, det vart laga ulike arbeidsplanar med lagdeling, og det vart starta testing og planlagt for vaksinerings. Det har vore eit utfordrande og spennande arbeid, og eit stort arbeidspress.

I tenesta har det vore naudsynt å ta i bruk nye arbeidsmetodar og ny teknologi. Alle legane og sjukepleiarane i PHT (Primærhelseteam) blei utstyrt med bærbar PC, og mange jobba heimanfrå. Alle måtte lære seg nye måtar å kommunisere på, både med pasientar og med kvarandre. Dei tilsette har samhandla på teams med ukentlege informasjonsmøte. Alle dei tilsette har blitt gode på digitale arbeids- og samhandlingsverktøy.

Kommuneoverlegen som har ansvar for smittevern fekk mange tilleggsoppgåver og eit stor ansvar i samband med pandemien. Einingsleiar fekk eit stort ansvar og mykje jobb med å syte for at alle område og alle oppgåver vart dekt. Helseneteret fekk ansvaret for å gjennomføre det meste av dei nye tiltaka som kom i samband med pandemien. TISK-strategi, smittepoliklinikk, planlegging og gjennomføring av vaksinerings er nokon av desse. Det er vanskeleg å få tak i nye folk, noko som vil seie at dei fleste av desse oppgåvene blei/blir utført av dei same tilsette som jobbar på legekantoret/legevakta til vanleg. Dette har gjeve ei auke i belastninga på tenesta. Arbeidsbelastninga for dei tilsette har gjennom året vore stort, og i periodar alt for stort. Tenesta har kome gjennom utfordringene takke vere eit godt arbeidsmiljø og dedikerte tilsette.

Krava til helseavdelinga aukar stadig, også i "fredstid". Kommunen får stadig fleire eldre og fleire oppgåver vert flytta frå sjukehus til kommunehelsetenesta. Dette betyr stort press på tenesta og auka krav til kompetanse. Fleire overlever no tilstandar dei før ville ha døydd av. I tillegg kjem det stadig fleire nye pasientar på listene til legane, noko som gjer at alle tilsette får meir å gjere og kvardagane vert travle.

Grunna nedstenginga vart det naturleg nok ein markant nedgang i produktiviteten i andre kvartal av 2020. Den nye finansieringsmodellen gjev auka inntekter for kommunen, samt prosjektmidlar øyremerka legekantoret. Under nedstenginga vart det tydeleg at det var ein stor økonomisk

tryggleik å ha denne finansieringsmodellen som ikkje er like avhengig av dagleg aktivitet på legekantoret.

Noko av utfordringane for eit fastlegekontor er både å halde på dei legane som ein har og å rekruttere nye. Sterkt fagleg fokus, stor grad av tilrettelegging for spesialisering og oppdatering, og eit godt arbeidsmiljø er nokon av kriteria for dette. Håpet er at kontoret framleis kan skilte med alle desse kriteria i åra som kjem.

Helsestasjon og skulehelsetenesta:

I 2020 har tenestene ved helsestasjon og skulehelsetenesta blitt svært påverka av koronapandemien. Helsestasjonens lokale vart nytta til smittemottak frå 13. mars til i slutten av august 2020. I mellomtida var dei tilsette nøydt til å nytte andre lokale ved helsesenteret, noko som ikkje var tilfredstillande då 3 tilsette måtte disponere 1 kontor. Dei tilsette rulerte på heimekontor i denne perioda. Tilbodet har på grunn av koronapandemien vore redusert, særleg med tanke på drop in aktivitet. Våren 2020 var det berre tilbod til dei som hadde avtale hos lege eller til vaksinasjon. Helsestasjon for ungdom (HFU) og gruppeverksemd vart avlyst. Dei som ikkje fekk konsultasjon vart kontakta per telefon. Frå august 2020 opna tilbodet meir opp, med moglegheit for kontakt via ringeklokke på utsida helsesenteret. For HFU var det timebestilling fram til august, medan det var mogleg å ringe på døra utan timebetilling etter det.

Konsekvensen av pandemien har vore at færre ungdom tek kontakt med helsestasjonen. Dei tilsette har jobba med å få tak i ungdommen igjen og har hatt oppsøkande verksemd på skuleane, inkludert folkehøgskulen, for å informere om tilbodet. Helsestasjonen har og merka at det er færre foreldre som nyttar helsestasjonen til skifting/amming og spørsmål utan avtale.

I 2020 har det vore tilsett jordmor i 40 % stilling, helsesjukepleiarar i 270 % stilling, der 70 % er finansiert av tilskotsmiddel. I tillegg er det knytt lege og fysioterapeut til tenesta. Det er høg kompetanse i tenesta kor fleire har vidareutdanningar i tillegg til helsesjukepleiarkompetansa. Det er då snakk om vidareutdanning i psykiatrisk sjukepleie, fleirkulturelt arbeid, psykiatri og seprep ungdom og rus.

Psykisk helse og rus

Tenesta tek imot innbyggjarar som treng behandling i forhold til lettare psykiske lidningar, og har ansvar for å fylgje opp personar med tyngre psykiske lidningar. I tillegg fylger tenesta opp menneske med rusproblem, både knytt til alkohol, legemiddel og andre narkotiske stoff. Tilbodet vert gjeven som samtalar på kontor, oppfølging i heimen, eller organisert i gruppe. Tenesta arrangerer sosiale treff og ansvarsgrupper.

Per 31.12 2020 var det registrert 65 brukarar av tenesta, med eit tenestetilbod på 135,85 timar i veka. Vedtaka dreier seg om samtaler, miljøarbeid i heimen og dagaktivitet. I 2020 er tilbodet avslutta for 43 brukarar.

Då Noreg vart råka av pandemi og landet vart stengt ned i 12. mars, merka tenesta meir tendensar til angst for sjukdom. Det er og fleire som har kome til samtaler fordi dei er slitne, har ein pressa jobbsituasjon og er i meir sosial isolasjon. Tenestetilbodet har blitt påverka av pandemien, og det har vore naudsynt å ta i bruk digitale verktøy som videokonferanse og teams.

I 2020 har det vore noko utskifting av personalet. 1 tilsett slutta og gjekk over i stilling i ein annan kommune, medan 2 tilsette gjekk av med pensjon. Det er tilsett miljøterapeut i 170 % stilling og SLT koordinator i 30 % stilling. Ei av stillingane vart drege inn som eit ledd i nedbemanningen i kommunen. Ei av dei nye stillingane omfattar 70 % som miljøterapeut og 30 % som SLT-koordinator, og er øyremerkte psykisk helsearbeid for barn og unge. Stillinga kom på plass i desember 2020. Ved utgangen av 2020 var det knytt 5,7 årsverk til tenesta, inklusivt ressurs knytt til einingsleiar. Frå 2021 vert oppgåvene knytt til oppfølging av alkohollova (omlag 10 %) flytta ut av tenesta og over i helseadministrasjonen.

Tenesta peikar på utfordringar knytt til samarbeid med NAV og politiet. I tillegg er det utfordrande med brukarar som treng eit høgare omsorgsnivå, og som ikkje passar inn i sjukeheimen. Kommunen har i dag ikkje eit godt nok tilbod til yngre personar som slit med psykisk sjukdom og som treng eit heildøgns omsorgstilbod. Det er også ei utfordring at kommunen ikkje har bustadar som er tilrettelagt for personar som har nedsett buevne grunna ruslidingar.

Fysioterapitenesta

2020 har vore eit spesielt år for alle tenestene, også for fysioterapitenesta. Den 13. mars 2020 vart tenesta heilt stengt og dei tilsette havna på heimekontor. Tenesta har følgd opp pasientar via digitale løysingar, men det er ikkje optimalt då fysioterapi er fysisk og krev tett oppfølging av pasientane. Frå april opna tenesta gradvis opp, og med full drift frå mai. På grunn av lågare aktivitet har også omsetinga vore lågare i 2020.

Det er tilsett 3 fysioterapeutar i tenesta (300 %), 2 kommunalt tilsette og 1 med driftstilskot. Frå desember 2020 vart det tilsett ergoterapeut i ei 20 % stilling. Det er høg kompetanse i tenesta, med spesialisering i manuell terapi, psykodynamisk fysioterapi, barnefysioterapi og idrettsvitenskap.

Tenesta har stor pågang av pasientar, både frå Seljord kommune og frå nabokommunane. Det kan i perioder føre til lång ventetid, på opptil 5-7 veker. Tenesta skulle gjerne hatt meir gruppetilbod, men ein liten treningsal og slitt utstyr gjev avgrensingar for slike tilbod.

Tenesta har frisklivstilbod, noko som har vore finansiert med tilskot frå Fylkeskommunen. Det har vore naudsynt å avgrense tilbodet pga koronapandemien. Då kontoret etterkvart opna opp igjen etter nedstenginga i mars, dreide aktiviteten seg om gruppeaktivitetar ute. Det er søkt om tilskot til å vidareføre dette tiltaket i 2021.

Open omsorg

Heimetenesta, Steinmoen bu- og servicesenter og Nestunet bukolektiv og dagsenter

Samla har eininga 47 tilsette, fordela på om lag 28 årsverk. Faggruppene er sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar. I heimesjukepleia er det om lag 100 brukarar, fordela på 100 - 110 planlagde brukaroppdrag pr. døgn. I tillegg kjem det som oppstår akutt, og at heimesjukepleia har ansvar for utrykkingar til 52 tryggleiksalarmar. Heimehjelpstenesta har 80 brukarar.

Nestunet og Steinmoen har 9 bebuarar kvar, og Nestunet dagsenter har hatt 13 brukarar, med i alt 16 dagopphald.

2020 har vore eit år der det meste har handla om smittevern og korona, men fyrst litt om ordinær drift. Det er krevjande for tenesta når kommunen manglar sjukeheims plassar. Det er ikkje rom for observasjonsopphald, avlastning og langtidsopphald når brukarane har trong for det. I 2020 førte dette til at det i periodar var naudsynt å ha brukarar i heimane, og på bu- og servicesentra som det var utfordrande å ta hand om på ein fagleg forsvarleg måte. Slike utfordringar krev ei fleksibel heimeteneste med høg kompetanse, og tenesta må vere i kontinuerleg utvikling for å møte krava. Om tenesta skal kunne stå i desse desse utfordringane, er det naudsynt å raskt auka ressursar i heimetenesta. Dei tilsette opplever allereie no å arbeide under eit høgt press.

Det har vore vanskelegare å få tilkallings- og ferievikarar med rett kompetanse dei siste åra. Det er og vanskeleg å rekruttere kvilande nattevakter til Nestunet og Steinmoen, og nattevakter med rett kompetanse i heimesjukepleia. I 2020 var det naudsynt å nytte vikarbyrå i heimesjukepleia for å få dekt opp sommaren. Tenesta jobbar kontinuerleg med å vere ein arbeidsstad med godt arbeidsmiljø og god kompetanse. For å løyse utfordringa med rekruttering, er det naudsynt at kommunen får på plass gode rekrutteringstiltak. I åra som kjem vil utfordringa auke, då det vert vesentleg fleire eldre innbyggjarar i kommunen, og færre til å ta hand om dei.

Pandemien har prega heile eininga i 2020. Alle tilsette har vore gjennom digital og praktisk opplæring i smittevern, og det har kontinuerleg vore krav til nye, oppdaterte prosedyrar. Det har blitt lagt til rette for isolat på Heddeli, med bemanning i samarbeid med Kviteseid kommune. Heimetenesta har hatt ansvaret for å organisere og tilrettelgge for isolatet.

I samband med pandemien har det vore stor fokus på smittevern og reinhald. Steinmoen og Nestunet har ikkje eigne reinhaldarar, og det er pleiepersonalet som også står for reihaldet. Det har difor vore naudsynt å nytte mykje tid på å skaffe ny kompetanse og rutinar knytt til reinhald under pandemien. Til tross for mykje ekstra arbeid, har alle heimebuande fått dei tenestene dei har vedtak på. I tillegg greidde tenesta å lage aktivitetstilbod for dei som ikkje kom på dagsenteret og andre heimebuande. Dei tilsette har møtt utfordringane på ein positiv og løysingsorientert måte. All ferie har blitt avvikla og fråværet har vore svært lågt. Dette har vore mogeleg fordi dei tilsette er innstilt på at dette er ei tidsavgrensa periode. Erfaringane dette året viser er at dei tilsette i heimetenesta saknar samspelet med kollegaer på arbeid. Teams har vore eit nyttig hjelpemiddel, men det dekkjer ikkje alle behov. Møtepunkt med etiske refleksjonar og tilbakemeldingar fører heilt klart til ein betre og meir fleksibel teneste.

Teneste for funksjonshemma (Tilrettelagte tenester frå 2021)

Tilrettelagte tenester (Tt) leverer tenester til 13 personar med ulike funksjonshemmingar, heretter kaldt brukar. Tt drifter eit butilbod, leverer ambulante tenester, drifter eit aktivitetssenter «Eventyrsenteret», samt leverer avlastningstenester både i heimen til brukar og i eigen leilegheit i bufellesskapet.

Per 31.12.20 hadde tenesta 22 tilsette, kor 4 av dei tilsette er over 60 år. Tenesta har avtale om tilkallingsvakt med 5 personar, og per 31.12.20 er det vakant nattevaktstilling på 81 %. 11 av dei tilsette har stilling som assistent, mange av desse med lang og variert erfaringskompetanse. 5 tilsette

er fagarbeidarar og 4 er vernepleiarar. Tenesta har fagleiar for Eventyrsenteret i 80% stilling og einingsleiar i 100% stilling.

Gjennom året har tenesta mellom anna hatt fokus på kompetansebygging, integrering av digitale og velferdsteknologiske løysingar, turnus, utvikling av Eventyrsenteret og endring/etablering av nye tilbod til brukarar. Tenesta har eit ønske om vere open og lærande og har difor vore praksisplass for elevar frå vidaregåande skule, og har tatt i mot lærling. Når det gjeld samarbeid har tenesta hatt eit tett samarbeid med ulike fagmiljø, til døme HAVO, USHT, Munikum, Velferdsteknologiprojektet, primærhelseteam Seljord og Apotek1 Sjukehuset Telemark. Tenesta har også mottatt tilskot frå Dagsrudstiftelsen Nome, samt frå private aktørar.

I 2020 har drifta i Tilrettelagte tenester vore prega av koronapandemien. Brukarar og personale har gjennom året måtte ta omsyn til både «heilt stengt», «delvis stengt», «opent for nokon av brukarane» og «opent for alle brukarane». Dei tilsette har fått trent på både fleksibilitet og omstilling, det meste på kort varsel. Det har slik sett vore eit svært krevande år både for brukarar og tilsette.

Når det gjeld behov for tenesta i åra som kjem, kan det sjå ut som om Seljord vil få ei auke i talet på unge som vil ha behov for Tilrettelagte tenester. Leveranse av avlastningstenester ser også ut til å ekspandere. Dette gjev utfordringar langs fleire dimensjonar: det vil vere behov for fleire bustadar med differensierte tenestetilbod. I tillegg vil det vere behov for tilpassa aktivitets – og/eller arbeidstilbod for brukargruppa. Som ein konsekvens av dette, vil det vere behov for ei auke i talet på fagfolk.

Tenesta har i 2020 hatt sjukefråvær på 16,9 %, noko som er svært høgt. Sjølv med dyktige ekstravaktar og sjukevikarar, samt fast tilsette som tek i eit ekstra tak, gjev dette risiko for stor slitasje blant dei tilsette. Særleg om situasjonen fortsetter. Sjukefråvær og nærværarbeid må difor få ekstra fokus i 2021.

I tenesta har mange tilsette små stillingar, dette har vore naudsynt for å dekke opp timetalet på helg. Det kan vere vanskeleg å rekruttere til små stillingar, og i 2020 har det vore ei særleg utfordring knytt til å rekruttere til stillinga som kvilande nattevakt. Fokus på heiltidskultur, og det å ha ei løn å leve av, må saman med reell godtgjøring for tida ein er på arbeid ha prioritet i 2021.

| Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
|---|-------------------|-------------------|-------------------------------|---------------------------------------|
| 300 Fellestenester kommunalsjef | 65 | 169 | 30 | 463 % |
| 303 Psykolog | 545 | 1 427 | 1 609 | 11 % |
| 305 Samhandlingskoordinator | 1 172 | 1 369 | 1 127 | 21 % |
| 310 Legetenester | 12 687 | 13 199 | 12 527 | 5 % |
| 311 Fysioterapitenester | 2 029 | 2 229 | 2 036 | 9 % |
| 312 Helsestasjon | 3 601 | 2 559 | 2 270 | 13 % |
| 313 Drift helsesenter | 602 | 1 048 | 885 | 18 % |
| 315 Legevakt | 5 810 | 6 629 | 6 001 | 10 % |
| 321 Barnevern | 8 467 | 5 846 | 6 223 | 6 % |
| 330 Tenestekontor | 2 955 | 2 553 | 2 713 | 6 % |
| 331 Heimetenester | 15 408 | 14 955 | 15 627 | 4 % |
| 332 Psykisk helse og rus | 6 495 | 4 790 | 4 859 | 1 % |
| 333 Nesbukti pleie- og omsorgssenter | 32 596 | 33 880 | 32 225 | 5 % |
| 334 Nestunet bukollektiv og dagsenter | 6 654 | 6 919 | 6 828 | 1 % |
| 335 Steinmoen bu- og servicesenter | 4 263 | 4 354 | 4 452 | 2 % |
| 336 Omsorgsbustader | 331 | 287 | 323 | 11 % |
| 337 Teneste for funksjonshemma | 11 412 | 12 096 | 11 468 | 5 % |
| 338 Produksjonskjøken | 2 706 | 2 900 | 2 556 | 13 % |
| Sum | 117 798 | 117 210 | 113 758 | 3 % |
| Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| 300 Fellestenester kommunalsjef | 20 | 102 | 6 | 1600 % |
| 303 Psykolog | 495 | 1 237 | 1 379 | 10 % |
| 305 Samhandlingskoordinator | 1 055 | 1 236 | 1 055 | 17 % |
| 310 Legetenester | 10 960 | 11 387 | 10 351 | 10 % |
| 311 Fysioterapitenester | 988 | 849 | 737 | 15 % |
| 312 Helsestasjon | 881 | 859 | 454 | 89 % |
| 313 Drift helsesenter | 130 | 218 | 156 | 40 % |
| 315 Legevakt | 3 209 | 3 692 | 3 010 | 23 % |
| 321 Barnevern | 0 | 0 | 0 | 0 % |
| 330 Tenestekontor | 226 | 1 | 4 | 120 % |
| 331 Heimetenester | 1 644 | 1 165 | 1 468 | 21 % |
| 332 Psykisk helse og rus | 581 | 278 | 242 | 15 % |
| 333 Nesbukti pleie- og omsorgssenter | 8 295 | 7 478 | 5 925 | 26 % |
| 334 Nestunet bukollektiv og dagsenter | 2 145 | 1 977 | 1 533 | 29 % |
| 335 Steinmoen bu- og servicesenter | 973 | 1 150 | 1 138 | 1 % |
| 336 Omsorgsbustader | 1 531 | 1 581 | 1 593 | 1 % |
| 337 Teneste for funksjonshemma | 2 263 | 3 028 | 2 290 | 32 % |
| 338 Produksjonskjøken | 275 | 452 | 286 | 58 % |
| Sum | 35 671 | 36 689 | 31 627 | 16 % |
| Samandrag (kr 1.000) | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| Drifts- og finansutgifter | 117 798 | 117 210 | 113 758 | 3 % |
| Drifts- og finansinntekter | 35 671 | 36 689 | 31 627 | 16 % |
| Netto drifts- og finansutgifter | 82 127 | 80 521 | 82 131 | 1,96 % |

Kommentarar til rekneskap P03

Helse- og omsorgstenesta er ein stor sektor som forvaltar ein betydeleg del av kommunens samla driftsmidlar. Netto drifts- og finansutgifter for 2020 viser eit mindreforbruk på kr 1.610.000.

Resultatet for 2020 er prega av koronapandemien som har påverka tenestene sidan 12. mars. På fleire område har det vore naudsynt å styrke tenestene med meir ressursar for å kunne handtere alle oppgåvene knytt til pandemien. Det har difor vore ekstra utgifter knytt til innkjøp av personleg smittevernutstyr, etablering av TISK strategi (Testing, isolering, smittesporing og karantenering), innkjøp av diverse utstyr og materiale for å etablere isolat for pasientar med Covid-19 på gamle Heddeli, intermediær avdeling ved Nesbukti, og er ved etableringa av teststasjon og smitemottak på helsesenteret. I tillegg har det kome til ekstra lønsutgifter knytt til årsverk ved helsesenteret pga meir arbeidet med koronapandemien. Det har blant anna vore ved å styrke legetenesta med 100 % stilling lege, 100 % stilling sjukepleiar og 20 % stilling som helsesekretær. I tillegg har det vore naudsynt å leige inn ekstrapersonell i alle deler av tenesta knytt til auke i sjukefråvær. Det kan sjå ut til at produksjonskjøkkenet ikkje har rett budsjett, då det er eit overforbruk kvart år.

På inntektsida har kommunen fått ein del tilskot i samband med koronapandemien, og som har vore med å dekke inn noko av utgiftene knytt til auka i ressursar i helsetenesta. Refusjon av sjukepengar har også virka inn på sluttresultatet. Det skyldast blant anna at det ikkje har vore mogleg å skaffe same kompetanse i langtidsfråvær.

Programområde 4 Samfunnsutvikling og drift

Plan

Seljord kommune har jobba med rullering av kommuneplanens arealdel. Etter høyringsfristen gjekk ut hadde det kome fleire endringsforslag og to motsegn. Planarbeidet blei satt på vent i ein periode hausten 2020, slik at framdriften no viser endeleg vedtak hausten 2021. Det vart vedteke ny planstrategi for perioden 2020 -2024. Vidare er den etterlengta detaljreguleringsplanen for Sinnesodden vore til 1. gongs handsaming.

Kultur

Seljord bibliotek

Utlån og besøk: Totalt utlån 2020: 12.791 , ein nedgang på ca 34 % frå året før. I tillegg kjem utlån av digitale medier (e-bøker, e-lydbøker og film) på 792, opp ca 70 %. Totalt besøk 2020: 10.646, ein nedgang på ca 40 %.

Resultatet har to hovudårsakar: 1. Biblioteket vart heilt stengt 12. mars, etter kvart med tilbod om «bestill og hent på utsida-løysing», og med gradvis opning att i løpet av våren. I korona-tida har fysisk utlån gått ned, medan bruk av digitale tenester har auka. 2. Bibliotekfilialen i Flatdal vart avvikla etter nyttår, siste opningsdag var i mars. Flatdal skule overtok samlinga av barne- og ungdomslitteratur frå filialen.

Vi har gjennomført 14 arrangement, av desse var fem for barn og fire var digitale overføringer.

Kulturkontoret

Pandemiåret 2020 blei eit veldig spesielt år for kultur også i Seljord.

Koronapandemien som lukka m.a. kultur Norge frå 13. mars gjorde at alle arenaer for øving og framføringar blei stengt, og dei som etter kvar fekk lov til å opne har framleis store reduksjon i mengda gjester.

Budsjettet for frie kulturmidlar til utdeling til lag og foreiningar blei sterkt redusert under budsjettforhandlingane i desember 2019, slik at det ikkje blei løyvd midlar til drift og administrasjon av lag/foreiningar/ løypekjøring i 2020.

På grunn av koronasituasjonen fekk mange lag og foreiningar sterkt redusert sin aktivitet og inntekter. Spesielt det at Dyrsku'n og festivalane på Dyrskuplassen blei avlyst gjorde det tøft for mange lag, lag som har store faste utgifter til dømes til lokalleige, trenarar og arenaer.

Kommunestyret sette juni av kr 100.000,- som ein del av Koronamillionen til støtte til lag og foreiningar.

Følgjande lag og foreiningar søkte og fekk rimeleg støtte;

| | | |
|-------------------------------|-------------|---------------|
| Støtte Frivilligsentralen | kr 50.000,- | |
| Støtte Flatdal idrettslag | kr 10.000,- | |
| Støtte Flatdal skulekorps | kr 20.000,- | |
| Støtte Seljord Folkemusikklag | kr 7.000,- | = kr 87.000,- |

17.mai markeringa blei veldig spesiell i år då det aller meste blei pandemiavlyst. Det blei viktig å sikre å ta vare på høgtida og det 17. mai betyr for ungar, vaksne og eldre. Kommunen, med ordførar i

Spissen tok ansvar med å organiserte eit felles opplegg for 17. mai markeringa i heile kommune. Dei fleste mest grunnleggjande aktivitetane i 17. mai blei gjennomført, noko nedjustert og pandemitilpassa.

Kommune leigde m.a. inn Hans Inge Hagen og Jack Hagen til å lage film over markeringa. Denne filmen blei digitalt strøyma på heimesida, Facebook og Youtube. Dei kommunale institusjonar fekk utstyr og opplæring til å strøyme programmet.

Dagane før 17. mai blei ein del av programmet filma, innslag som ordførarens tale, utdeling av kulturpris og kulturstipend, underhaldningsinnslag, Hurraprisen og gudsteneste. Elles så følgde kamera aktivitetane frå flaggheising på Nutheim, til markeringa ved Hærmansbautaen og korps/ juniorspelemannslaget ved Nesbukti. Vi spanderte is i Åmotsdal ved traktorkortesja, i Flatdal og i Seljord ved Granvin Kulturhus. Det blei eit flott program og vi håper at folk hugsar at vi ikkje glømte 17. mai feiringa i 2020, og gjennom filmen har me fått ein god dokumentasjon på korleis 17. mai blei markera i pandemiåret.

Sparebankstiftinga Seljord og Seljord kommune tildelte ut kulturpris til Tellef Solås for eit stort frivillig arbeid i m.a. Seljord idrettslag og ungdomens kulturstipend til skiløparen Johannes Lønnestad Flaaten. Prisen/ stipend blei delt ut av ordførar Beate Marie Dahl Eide.

Seljord seniordans, Seljord songlag og Seljord og Kviteseid leikarring fekk støtte til lokalleige på Granvin kulturhus, jamfør Lov om vaksenopplæring. Sjølv om aktiviteten ikkje blei som planlagt grunna pandemien valte kommunen å stå på vedtaka som var gjort og utbetala støtta for 2020.

Kommunen gjev faste tilskot til Granvin kulturhus, Seljord kunstforeining og Seljord frivilligsentral og Videoarkivet. For å sikre offentleg tilgang til friluftsområder sommar og vinter er det inngått 8 langsiktige avtaler. Dette er ein meir enn tidlegare, det var i 2020 vedteke å sikre god nok veg til P-plassen ved Haugen langs Kivledalsvegen.

Kommunen fekk omlag kr 12.000,- frå fylkeskommune til den Kulturelle spaserstokken som er bruka til å stimulere til gode kulturopplevingar for eldre i kommunen, dette i samarbeid med Seljord mållag og Nesbukti pleie og omsorgssenter.

I samarbeid med Seljord Idrettsråd blei Handlingsplan for idrett og friluftsliv 2020- rullert i januar og seinare vedteke av formannskapet.

9 søknadar om spelemiddlar blei handsamma, prioritert og sendt vidare til fylkeskommunen. Av desse blei 8 godkjente og 7 anlegg fekk tilsaman løyvd kr 2.770.000,- i spelemiddlar av fylkeskommunen.

Ordinære anlegg

| | | | |
|----|---|----------|--------------|
| 1. | Seljord idrettslag, Dagsturhytte, Ballongfararstein | Godkjent | kr 165.000,- |
| 2. | Seljord idrettslag, Eventyrøy Sandbane | Godkjent | kr 79.000.- |
| 3. | Seljord idrettslag, Eventyrøy Tennisbane | Godkjent | kr 229.000.- |
| 4. | Seljord kommune Skilt Opplev Nutheim | Godkjent | kr 0.- |

Nærmiljøanlegg

| | | | |
|----|----------------------------|----------|--------------|
| 1. | Svartdal Grendelag, Turveg | Godkjent | Kr 900.000,- |
|----|----------------------------|----------|--------------|

| | | | |
|----|---|----------------|--------------|
| 2. | Flatdal idrettslag, Skate-/sykkelbane | Godkjent | Kr 197.000,- |
| 3. | Flatdal idrettslag, Aktivitetspark | Ikkje godkjent | |
| 4. | Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del I | Godkjent | kr 600.000,- |
| 5. | Flatdal Bygdeutviklingslag, Turveg del II | Godkjent | kr 600.000,- |

Ungdomsklubben på Granvin kulturhus hadde liten aktivt gjennom året, då alle samlingar blei inndelt i klasser/kohortar, slik at det vart få som kunne møte på klubben. Klubben blir normalt bra besøkt og er eit godt tilbud til dei unge i kommunen. Ungdomsklubbens styre ynskja i slutten av året nye og meir eigna lokalar. Det blei vedteke å flytte klubben til lokala til Colibri diskotek på Fjellheimtomta.

Symjehallen blei koroanstengt 13. mars og var open for det meste av november og desember for organsiert opplæring (skulen) og trening. Fritidsbadinga blei avgrensa til fredagskveldane og laurdagane. Symjehallen fungerer greitt og er svært mykje bruka, men den trenger ein større opprusting/ investering for å ein kan vere trygg på å ha god symjehall som fungerer. Spesielt ventilasjonsanlegget er svært dårleg.

For å få gjennomført den tradisjonelle Jolegrantenninga måtte kommunen igjen ta ansvar for å sikre at den blei gjennomført. Vi arrangerte ein tradisjonell, men koronantilpassa tenning av heile joletre på Fjellheimtomta. Det var helsing frå ordføraren, jolemusikk med skulemusikken, jolesongar med nissekoret frå Folkehøgskulen, gløgg frå Granvin Kulturhus, nissebesøk og godteri til 125 born og 50 vaksne. Det blei eit bra arrangement.

Næring

Koronapandemien og nedstenginga midten av mars av landet gav ein bråstopp for ein del av næringslivet. Det aller meste publikumsretta blei stengt, skulane lukka, tilsette fekk heimekontor, ingen reiste, bussane fekk ikkje passasjerar og alle reiselivsverksemdene fekk ein mengde avbestillingar – Det blei eit utfordrande år.

Eit år utan dyrsku i Seljord – for fyrste gongen sida 1866. Det var ingen aktivitet i det heile på Dyrskuplassen i løpet av heile somaren.

I mai vakna samfunnet litt opp at. Nå skulle nesten "alle" pusse opp hus/ hytter og kjøpe nytt utstyr av alle slag, så nokon forretningar fekk etterkvart bra omsetnad. Mange norske turistar kom på besøk så i juli var det ein del så la att pengar i Seljord, men det roa seg i august, september (utan Dyrsku) og resten av året.

Dei aller fleste verksemdene i kommunen ser ut til å ha klart seg. Kanskje takket være litt støtte og tiltak frå stat og kommune. Tal på permiterte og arbeidsledige i Seljord blei ikkje så veldig høgt. I november var det 28 stk. + 14 frå normalen. Men dette sier lite om korleis langtidseffekten blir for dei einskilde verksemdene og bransjar. Det er t.d. lenge til ekspressbussane gjeng så ofte som før – fulle av passasjerar.

Det vert arbeida mykje med å få ein god plan og finansieringa på plass for å utvikla næringsområdet i Nordbygda – rett vest for sentrum. Det skal byggjast ny avkjøring frå E134 og bru over Bygdaråi. Telemark bilruter AS er svært utolmodige for å komme igang med sin tomt og Seljord Næringspark AS (Bergene Holm AS) venter på dette løftet. Dyrskuarrangøren håper på løysning snart, så dei kan

starte opp med den nye dyrskuinfrastrukturen med alle større kjøretøy på eigen veg rett inn på plassen frå Bergene-Holm og ikkje gjennom sentrum som tidlegare.

På Århusmoen er Vest-Telemark Teknologipark As (VTTP) er nå blitt eit eigendomselskapet med 42 mål opparbeida næringsstomt med sentral plassering. VTTP er nå eigd av Angre Invest 75 % og Seljord kommune 24 %. Det har blitt arbeida med forskjellige planar og omstrukturering i løpet av året.

Eiksenteret Seljord blei opna i nyoppussa lokalar etter Pallefabrikken og sjølv om Eiksenteret berre flytta frå Hjartdalsbygda til Århusmoen har det hatt ein eventyrleg utvikling.

Vegen mellom Århus og Gvammen fekk namnet Sogevegen om Nutheim.

Prosjekt Opplevingsvegen om Nutheim der Seljord kommune og Hjartdal kommune er prosjekt-eigarar, utviklar saman med Telemark fylkeskommune og Statens Vegvesen vegen/området mellom Gvammen og Århus slik at denne strekninga blir ei opplevingsveg for besøkande og syklistar. Prosjektet kan syne til mykje godt arbeid i 2020 og mellom anna er turvegen i Svartdal, knutepunkt Nutheim med skulpturen Nutheim totem (av skulptør Philipp Dommen) og utkikkspunkt Flatdal ferdig. Mange andre tiltak er nesten ferdige og forventast opna i 2021.

Kommunen har gjort avtale med VTK AS om å utbygge breiband/ fiber i dei områda som nå definerast som ikkje kommersielle for utbygging, Vefall/ Brekke, Seljordsheii med Garvik og Telnes og i Kivledalen. Dei som bur i desse områda vil nå få tilbod om breiband/fiber levert innan mars 2022. Med dette kan dei aller aller fleste fastbuande i Seljord kommune bli knytt til breiband/ fiber.

Kommunalt næringsfond/ Kraftfond

Kommunalt næringsfond/ Kraftfond var i 2020 konsesjonsavgift (2.193.566,-) og overføringar frå tidlegare år (264.603,-) sum kr 2.458.169,- .

Det var internt avsetningar på kr 1.351.000,- (Låneavdrag 732', planarbeid 108', landbruk 100', løn nær.sjef 410').

Og eksterne kostnader/ Avsetning på kr 397.000,- (MSAS 252, Telemarks vegen 30', VandreTelemark 20', VisitTelemark 35' og Marknadsføring/ informasjonstavler 60').

Det er overført til kr 372.383,- til år 2021.

Enkeltløyvingane vart fordelt slik;

| | |
|---|------------------|
| Støtte utdanning/ etablering miljøfyrtårkonsulent T. Lauvstad | 10.000,- |
| Støtte til utvikling hagekonsept A. G. Lønnestad | 10.000,- |
| Etablerertilskot kiropraktor Øystein Kåsa | 40.000,- |
| Prosjektstøtte reiselivsprosjekt "Kom til Vest-Telemark" | 50.000,- |
| Etablererstøtte Nye Åmotsdalsbui As | 60.000,- |
| Etablererstøtte fjølbiltenestar H.Tarud | 43.000,- |
| Støtte til verksemdstøtte SANS | 25.000,- |
| Støtte energitiltak Granvin kulturhus AS | 135.000,- |
| Seljord Asia mat, etablerertilskot tilbakebetaling | -10.000,- |
| Sum | 363.000,- |

Koronamillionen

Kommunestyret sette av kr 1. mill. kroner (Koronamillionen) som lokal tiltakspakke for å motverke uheldig verknadar av koronapandemien for verksemder og lag/foreiningar.

Koronamillionen blei disponert slik;

| | | |
|---|--------------------|-----------------------|
| <u>Tiltak små verksemder, budsjett;</u> | | <u>= kr 400.000,-</u> |
| Støtte Fysioterapeut O.P. Østervik | kr 8.347,- | |
| Støtte IZI sko og klede | kr 15.000,- | |
| Støtte Adams frisør | kr 25.000,- | |
| Støtte Wassanas | kr 60.000,- | |
| Støtte Kjetils tur | kr 70.000,- | |
| Støtte Seljord Pizza | kr 40.000,- | |
| Støtte Kunstnar i arbeid H. Manheim | kr 21.000,- | |
| Støtte Slettebø Taxi | kr 45.000,- | |
| Støtte Strand Taxi | kr 35.000,- | |
| Støtte Velten Taxi og skulebuss | kr 40.000,- | = kr 359.000,- |
| <u>Innovative satsingar, budsjett;</u> | | <u>= kr 200.000,-</u> |
| Støtte Telespinn | kr 66.000,- | |
| Støtte Kongehella | kr 100.000,- | = kr 166.000,- |
| <u>Lag og foreiningar, budsjett;</u> | | <u>= kr 100.000,-</u> |
| Støtte Frivilligsentralen | kr 50.000,- | |
| Støtte Flatdal idrettslag | kr 10.000,- | |
| Støtte Flatdal skulekorps | kr 20.000,- | |
| Støtte Seljord Folkemusikklag | kr 7.000,- | = kr 87.000,- |
| <u>Sommararbeid ungdom, budsjett;</u> | | <u>= kr 200.000,-</u> |
| Sommararbeid diverse verksemder | kr 114.855,- | |
| Støtte Ballongferd jubileum | kr 33.000,- | = kr 148.000,- |
| <u>Kommunale tiltak – marknadsføring, budsjett;</u> | | <u>= Kr 100.000,-</u> |
| Kommunale sommarjobb | kr 50.000,- | |
| Joletretenning | kr 15.000,- | |
| Annonse tiltak | kr 20.000,- | |
| Lavine As Utvikling App booking symjehall | kr 16.250,- | |
| Lavine As prod. og strøyming joleprogram | kr 40.000,- | = kr 141.000,- |
| Sum | = 1.000.000 | = kr 901.000,- |

Dei unytta kr 100.000,- er blitt rebudsjettert for bruk i 2021.

Kommunalt næringsfond/ regionale utviklingsmidlar

Staten, gjennom fylkeskommunen, tildelt midlar til kommunalt næringsfond hausten 2020. Seljord kommune blei tildelt kr 1,3 mill. Kommunen har valt å vente til 2021 med å utlyse desse midlane, då det er vurdert som tilstrekkeleg å dele ut koronamillionen i 2020.

Natur og miljø

Utvalt kulturlandskap i Hjartdal og Svartdal

Frå 2020 vart ordninga med det utvalde kulturlandskapet for Hjartdal og Svartdal overført til kommunane med fullt ansvar til å gjere vedtak, utbetale tilskot og rapportere til Fylkesmannen og

direktorata. Styret for UKL Hjartdal og Svartdal har representantar frå grendene, fagлага i landbruket og politisk nivå Hjartdal og Seljord kommunar.

Litt av aktiviteten i 2020:

- Fagkveld om restaurering av eldre bygningar i samarbeid med Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond, Vest-Telemark museum, Granvin kulturhus, Seljord bibliotek og Videoarkivet AS. 250 personar deltok.
- Kulturlandskapsfilmen frå 2019 er no teksta på engelsk og såleis meir tilgjengeleg for til dømes høgskular og universitet innanlands og utanlands. Tekstinga er eit viktig formidlingstiltak for å heve kunnskapsnivået om det levande kulturlandskapet vårt.
- Bygningsrapport for Svartdal. Jørn Berget fekk oppdraget med å registrere tilstand på og tal bygningar på 36 gardsbruk.
- Insektsrapport. Biologisk mangfald er ein av «pilarane» i UKL-satsinga. For å auke kunnskapen om pollinerande insekt i området vårt, laga Biofokus AS ein rapport der det gledeleg nok er gjort store funn av ulike artar av villbier, kvepsar, sommarfuglar og tovingar i området. I begge dei undersøkte områda vart det funne totalt fem raudlisteartar.
- UKL Hjartdal og Svartdal fekk tildelt 1 mill kr for 2020. Vi fekk inn 31 søknader.
- Utfordringar med reduksjon i tal beitedyr i somme område. Det blir ei utfordring som styret må ta på alvor framover.

Midtre Telemark vassområde

Seljord kommune deltek både i arbeidsgruppa og styringsgruppa i Midtre Telemark vassområde som høyrer innunder vassregion Vestfold og Telemark. Arbeidet skal sikre at vatnet i vassområdet skal få betre miljøkvalitet i åra framover, og arbeidet følgjer vedteken handlingsplan. Litt meir her...

Deltok i kanallotteriet – forklare.

Motorferdsel i utmark

I løpet av året 2020 vart det gjeve 67 nye og fornya dispensasjonar for motorferdsel i utmark (snøscooter) etter § 5 i forskrifta. I tillegg er det gjeve éin dispensasjon etter § 6 i forskrifta, fire dispensasjonar etter § 6 i lova (til helikopter) og eitt avslag. Vinteren 2020 var det totalt 21 løyve til leigekøyring/transportløyve etter § 5a) i forskrifta. I Seljord var det totalt 153 dispensasjonar etter § 5 b) funksj.hemma, c) hytte, d) utmarksnæring og e) vedløyve i forskrifta. Det har vore vanleg å gje 4-årige dispensasjonar. Sist periode var 2016-2020. Alle snøscooterløyve gjekk ut i 2020. Ny søknadsperiode vart innført med 5-årige løyve frå 2021-2025. Hausten 2020 kom det endring i forskrifta. Det er ikkje lenger krav om min. 2,5 km frå brøyta veg til hytta. Seljord kommune har ikkje innført avstandskrav eller krav om maks. turar t/r hytta.

Klimaplanarbeidet

Alle kommunane i Vest-Telemark deltek i arbeidet med felles klimaplan. Arbeidet starta i januar 2020. Pga koronapandemien vart dessverre mange av møta digitale. Planprogrammet for klimaplanen kom på høyring hausten 2020 og er no vedteke i alle dei seks kommunane. Vest-Telemarkrådet er sekretariat, og det er leigd inn to personar som bur i Vest-Telemark til å skrive planen. Framdrifta i arbeidet vart presentert på Vest-Telemarktinget 8.des. 2020.

Seljord kommune saman med fleire kommunar og bedrifter skreiv under på klimaavtale med Vestfold og Telemark fylkeskommune hausten 2020 der ein m.a. forpliktar seg til å forankre klimaarbeidet og grønne moglegheiter i toppleiinga, arbeide systematisk med klima- og miljøstyring, gjennomføre årleg klimarekneskap, og etter kvart klimabudsjett, bidra aktivt inn i klimanettverket. Ein skal også vurdere å miljøsertifisere organisasjonen, bli fossilfrie innan 2030 (direkte klimagassutslepp) og å etablere ambisiøse utsleppsmål og klimaprojekt.

Hjorteviltforvaltning

Heile 56 hjortar vart felt i Seljord i 2020. Det er over ei fem-dobling dei siste 10 åra. Det vart felt 83 elgar i kommunen i fjor. Fellingsprosent var 75 for hjort og 78 for elg. Alle opplysningar og statistikkar ligg opne for alle på www.hjorteviltregisteret.no.

Minstearealet for hjort vart i samråd med storvalda og samfunnsutvalet endra frå 7500 daa til 5000 daa pr dyr.

I 2020 vart det påkøyrt åtte rådyr og tre hjortar som anten døde rett etter påkøyninga eller vart avliva ved ettersøk. Det er framleis forbod mot å legge ut fôr og slikkesteinar til ville hjortevilt. Dette er eit tiltak for å avgrense spreinga av CWD (Chronic Wasting Disease).

Storauren i Vallaråi og Seljordsvatnet

Seljord kommune deltok på møte med representantar frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, NVE og Sundsbarm kraftverk/Skagerak kraft (SK) i mars 2020 for å sjå på moglegheiter for vidare tiltak for å betre gyteforholda for storauren i Vallaråi. FM ynskjer m.a. ytterlegare overvaking av ungfisk og gyteaure på strekninga. Det vart semje om at SK lagar eit forslag til utkast for bestilling av undersøkingar/tiltak for m.a. teljing av gytefisk og –groper i Vallaråi, ungfiskundersøkingar, plan for relevante nye tiltak i Vallaråi og ev. i Kivlåi, tilstandsvurdering av Bygdaråi, Hønsesåi og utløpsområdet for Seljordsvatnet. Samfunnsutvalet har fått informasjon om stoda gjennom 2020. FM varsla høyring av eiga forskrift for å regulere fisket i Seljordsvatnet. Meininga var at forskrifta skulle sendast på brei høyring. FM har ikkje fått gjort det.

Villreinprosjekt i Brattefjell-Vindeggen

Seljord kommune ved administrasjonen deltek i eit villreinprosjekt i Brattefjell-Vindeggen. GPS (globalt posisjonssystem)-merkeprosjektet på villrein er eit 5-årig prosjekt frå 2018-2022. Prosjektet har eit hovudfokus på å lære meir om villreinens bruk av skog og beitepreferansar i skog. Prosjektet skjer i samarbeid med USN (Universitetet i Sørøst-Noreg, avd. Bø). Fire simler vart GPS-merka. Dessverre slutta den eine sendaren å virke i mai 2019 og vart droppa av vinteren 2020. I tillegg vart det skotne to simler med sendarar i Brattefjell-Vindeggen både i 2019 og i 2020. Det er dermed berre att ein aktiv sendar i dette området. Det er eit ynskje å merke inntil tre nye dyr vinteren 2021. Merka dyr kan ein følge på www.dyreposisjoner.no med ca 14 dagar forseinking.

Vilkårsrevisjonen for Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet

NVE arbeider vidare med innstillinga si til Olje- og energidepartementet om vilkårsrevisjonen for Sundsbarmvassdraget og Seljordsvatnet. Seljord kommune håpar at NVE har klar innstillinga i løpet av 2021. Vi har vore i kontakt med sakshandsamar fleire gonger. Alt av innspel ligg ope på www.nve.no.

Kanallotteriet og søppelaksjonar

Midtre Telemark vassområde har ansvar for kanallotteriet. Seljord kommune fekk høve til å delta sjølv om vi ikkje er kanalkommune. Seljord camping på Bjørge stilte område til disposisjon slik at vi kunne setje opp samlepunkt. Publikum kunne då forsyne seg med sekkar og plukke eigarlaust søppel i og langs vassdraget. Dei som ville, kunne vere med i ei utlodding og vinne pengepremiar. Ordninga vil halde fram i 2021.

Seljord kommune har hatt samarbeid med Seljord folkehøgskule som gjorde ein stor innsats hausten 2020 med å plukke søppel fleire km langs vassdraga i kommunen. Seljord kommune tok på seg å hente over 700 kg eigarlaust søppel og frakte det til Renovest IKS. Pga korona vart det ikkje vanleg Hold Norge rent-aksjon i 2020.

Landbruk og skogbruk

Jordbruk

2020 har vore eit tilnærma normalår for jordbruket i Seljord til tross for koronapandemien.

Tilskotsstatistikk

| | |
|--------------------|----------------|
| Produksjonstilskot | 14.124.364 kr. |
| RMP | 600.000 kr. |
| SMIL | 216.746 kr. |

Alt i alt har rådmannen attestert på utbetalinger av ca. 14,9 millionar statlege kroner til jordbruksnæringa i Seljord kommune for 2020.

Skogbruk

Seljord kommune fekk tildelt 171.00 kroner i 2020 til Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK). I sum har Seljord kommune utbetalt ca. 171.000 kroner i NMSK-tilskot til tiltak i samsvar med avtalt tiltaksstrategi og retningsliner for skogbruket i Seljord 2020. Tilskott gjekk til 618 daa med ungskogpleie og ekstraordinært tilskot til vårplanting p.g.a. koronapandemien.

12 skogeigarar har i 2020 fått 900.000 kroner i tilskot av staten for å oppretthalde hogst under koronapandemien.

Hogstkvantum, verdi og snittpris Kjelde: LANDBRUKSDIREKTORATET INNMELDT VSOP VIA SKOGDATA

| | Hogst m ³ | Totalverdi | Snittpris pr. m ³ |
|------|----------------------|------------|------------------------------|
| 2020 | 24706 | 8.996.487 | 364 |
| 2019 | 40497 | 16.181.745 | 399 |
| 2018 | 23742 | 8.847.683 | 372 |
| 2017 | 19508 | 6.321.447 | 324 |

Innovasjon Norge

I 2020 løyvde Innovasjon Norge 750.000 kroner i tilskot til Lars Halvor Byberg til oppgradering av eit kalvefjøs. Støttegrunnlaget var 1.500.000 kr.

Gunleik Mæland og Kathrine Kinn fekk løyving om 1.053.500 kroner i tilskot til oppstart av mjølkeproduksjon og mjølkefordling. Støttegrunnlaget var 3.013.000 kroner.

Kommunalt næringsfond/ Kraftfond er konsesjonsavgift og renter. Den delen av fondet som ikkje er disponert i budsjett er fordela slik for 2020:

Landbruksføremål kr 205.000

| | |
|--|----------------|
| Håvard Jønnardalen – tilskot til deltaking pilotprosjekt Nofence Sau | 50 000 |
| Gunleik Mæland og Kathrine Kinn – IN sak oppstart av mjølkeproduksjon og mjølkefordling. | 80.000 |
| Heidi Sudgarden – tilskot til innkjøp av brannvarslingsanlegg i fjøs | 20.000 |
| Lars Halvor Byberg – IN sak oppgradering av eit kalvefjøs. | 40 000 |
| Trygve Aasan – framføring av straum til Kråkeroe | 15.000 |
| Sum | 205 000 |

| Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
|---|-------------------|-------------------|-------------------------------|---------------------------------------|
| 410 Plan og utvikling | 1 061 | 550 | 752 | 27 % |
| 411 Landbruk | 2 535 | 2 856 | 2 967 | 4 % |
| 440 Kultur og næring | 15 274 | 21 378 | 8 920 | 140 % |
| Sum | 18 870 | 24 785 | 12 639 | 96 % |
| Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| 410 Plan og utvikling | 234 | 174 | 456 | 62 % |
| 411 Landbruk | 752 | 349 | 253 | 38 % |
| 440 Kultur og næring | 9 145 | 15 025 | 2 150 | 599 % |
| Sum | 10 131 | 15 548 | 2 859 | 444 % |
| Samandrag (kr 1.000) | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| Drifts- og finansutgifter | 18 870 | 24 785 | 12 639 | 96 % |
| Drifts- og finansinntekter | 10 131 | 15 548 | 2 859 | 444 % |
| Netto drifts- og finansutgifter | 8 739 | 9 237 | 9 780 | 5,55 % |

Kommentarar til rekneskap PO 4 – Kultur, næring, natur, miljø og landbruk.

«Gamle» programområde 4 (ansvar 410-440) gjekk med eit mindreforbruk i 2020 på kr 543.000. Dei to største enkeltfaktorane til dette er at ordninga med bygdevert som vart budsjettert med kr 150.000 ikkje kom i gang i 2020, og at Hjartdal kommune betalte kr 100.000 til Opplevingsvegen Århus-Gvammen til dekning av utgifter Seljord kommune har hatt tidlegare år. I tillegg var 2020 prenga av gjennomgåande lågare «normalt» driftsnivå, blant anna er postane til kurs og reise underbrukt med kr 34.000.

Det som er spesielt med ansvar 440 «Kultur og næring», er at rekneskapen, både på utgifts- og inntektssida, syner eit monaleg større beløp enn budsjettet. Dette skuldast at aktiviteten på **Opplevingsvegen** ikkje er budsjettert. Utgiftene til dette prosjektet i 2020 var kr 6.902.000 som fullt ut er dekt av tilskot frå Statens vegvesen. Det same gjeld investeringsprosjektet *Fjellbrua* (ved Flatsjø) som har hatt ein planleggingskostnad på kr 402.000 som fullt ut er dekt av momskompensasjon og tilskot frå Statens vegvesen. Det er heller ikkje budsjettert med at vi har fått kr 2.575.000 i tilskot til **fiber-/breibandsutbygging** (som er sett av til bunde driftsfond), kr 1.300.000 i tilskot til **kommunalt næringsfond** (som er sett av til bunde driftsfond), og det er heller ikkje budsjettert med at vi har fått utbetalt kr 642.000 i **spelemidler** som vi har vidarebetalt til tilskotmottakaren Seljord IL (til klubbhus, Tuftepark og dagsturhytte Ballongfararsteinen).

Plan, oppmåling og byggesak

Det vart i 2020 registrert 20 nye oppmålingssaker. Ein har gjennomført ei større adresseendring då Flatdalsvegen måtte omadresserast i samband med omlegginga av E134.

Talet på vedtak i delegerte byggesaker vart 105. Desse utgjør for byggeløyver totalt på 151 og 14 utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta. Byggeløyva fordelar seg slik; 3 ramme, 40 1-trinn, 47 u/ansvarsrett, 3 IG, 5 meldingar om ferdig tiltak som ikkje er søknadspliktige, 4 mellombels bruksløyve, 27 ferdigattestar, ingen dispensasjon frå byggesak, 10 dispensasjon frå plan, 7 bruksendringar, 7 endringar av tidlegare gitt løyve.

Utsleppsløyva er gitt til 3 bustader og 11 til hytter.

Gjennomsnittleg tid til handsaming av byggesøknadar var 7 dagar. Det er ikkje oppretta tilsyn med byggesak i 2020.

Seljord Brannvesen

Seljord Brannvesen er eit deltidsbrannvesen, me har 16 brannkonstablar, 4 av desse går befalsvakt 1 veke kvar, heile året. 13 av konstablane tilfredsstiller utdanningskrava for brannkonstablar, 3 stk. gjennomfører grunnkurs, ferdig våren 2021. Me vil då ha 16 ferdig utdanna konstablar.

Befalsvaktene har alle gjennomført beredskapsutdanning trinn 1, som er kravet. Alle mannskaper vert alarmert ved hendingar. Oppmøte er veldig bra, i gjennomsnitt møter ca. 9 konstablar til ein kvar tid.

2020 var året der alt vart annleis, også for brannvesenet. Grunna Korona situasjonen måtte også me gjennomføre tiltak. Me har dele styrken inn i 4 lag, slik at me øver og trenar lagvis. Brannstasjonen har vore stengt for publikum, og me har fått på plass smittevern utstyr i stasjonen og i bilane. I tillegg har me rutinar for korleis me opptrer ute på oppdrag, mannskapa er flinke til å overhalde dette.

I 2020 hadde me 60 oppdrag. Vår/sommaren starta med fint og varmt ver, me vurderer ei tid å ha ekstra beredskap med tanke på drukning / stor båt trafikk på Seljordsvatnet, dette vart ikkje gjennomført, men er noko me kanskje må tenke på frametter. Det var stor trafikk av turistar i kommunen gjennom heile sommaren, dette gjekk det veldig bra med tanke på ulykker og brann. Det har vore ei auke i helseoppdrag, dette er stort sett løfteoppdrag og nokon akutte oppdrag. Me ser og ein liten auke i pipebrannar. Ingen hendingar i Mælefjelltunellen. Har heller ikkje vore nokon alvorlege hendingar på omkøyringsvegen på Garviksida.

Samarbeidet med dei andre naudetatane er veldig godt, me håpar at me snart kan få gjennomført samøvingar att, då dette er viktig for alle innan naudetatane.

Det var ingen store investeringar innan brannvesenet i 2020.

Kommunale vegar

Ein spesiell vinter med tidvis mykje sno, og mykje mildvær/ising førte til store kostnader for vintervedlikehald av kommunale vegar. Naudsynt rep/vedlikehald av vegljøs, og vanleg vedlikehald av kommunale vegar vart utført. Ein fekk også utført noko kantslått og litt reinsk av grøfter/bytting av stikkrenner. Etterslepet på naudsynt vedlikehald på kommunale vegar vert berre større og større.

Prosjektering av bru og infrastruktur til Nordbygdi industriområde vart ferdig, og utlysing på utførande entreprise vart sendt ut på anbod.

Parkeringsplassen på tomte til gamle biblioteket er nesten ferdig. Det manglar kun gateljos.

Seljord kommune vart godkjent som Trafikksikker kommune hausten 2020, og ny/revidert trafikktryggleiksplan vart vedtekjen.

Vatn og avløp

Etter kamerakøyringa i Trongkleiv i 2019 så avdekka ein mange punkter med behov for utbetring. Arbeidet med utbetring vart igangsatt og vil føregå inn i 2021.

Hovudplan for vatn og avløp med overvatn vart ferdigstilt hausten 2020, og godkjent av kommunestyret. Det ligg inne føringar på eit vedlikehaldsbehov på 75 mill kroner over ein periode på 10 år.

Ein slit framleis med mange vasslekkasjar og arbeidet med å kartlegge desse har vore ei prioritera oppgåve i 2020.

VA-nettet på Århusmoen vart ferdigstilt hausten 2020, og kommunen skal overta drifta her iht til kontrakt.

Prosjektering av VA-nett til Nordbygdi vart utlyst og prosjekteringa var ferdigstilt hausten 2020. Utlysing av utførande entreprise på VA-nett til Nordbygdi var utlyst. Etter mykje klager på generande lukt frå Seljord RA, så har ein utført tiltak opp mot luktproblematikken. Det vart ansatt ny operatør på Seljord vassverk, då tidlegare operatør valdde å slutte. Det vart gjennomført ein kapasitetstest på Seljord Vassverk og konklusjonen er at vassverket tilfredstiller krava iht kontrakt.

Kommunale bygg

Utleigebustader

I 2020 har me hatt store utfordringar med hærverk i kommunale utleigeboligar. Det har vore mykje rydding, reparasjon av glasruter, kjøkken, bad og andre overflater. Det blei elles bruka mykje tid på å seie opp bustader som kommunen har leigd i det private marjanden då me hadde ledig kapasitet i kommunale bustadar.

Pandemi-tiltak

Det blei det sett opp gjerde, telt og vaskar ute i barnehagane. Gjerde og telt blei lånt av Dyrskun arrangement. Det blei òg montert telt ved Nesbukti som fungerer som smittesluse, og ved helsesenteret blei det sett opp telt til publikum for koronatest.

Innkjøp, bustadar

Det blei kjøpt ein einestad, Nyveg 31. Her er andre etasje i god stand, medan første etasje måtte totalrenoverast. Det blei laga nytt kjøkken, stoge og to soverom. Badet blir bruka som det er. Her nytta me eigen snikkar, medan det blei leigd inn elektrikar og røyrleggar.

Flatdal barnehage

Ettersom Flatdal barnehage trong reparasjon så blei det bestemt at barnehagen skulle flytte drifta opp i dei gamle skulelokala i Åmotsdal. Her blei det då montert opp ny systemhimling og belysning. Reparasjonen av det innvendige i Flatdal barnehage blei utført av snikkarar på teknisk. Golvet blei isolert og støyppt med varmekabel. Bø Maling la nytt belegg. Drenering bak barnehagen blei utført av Skorve entreprenør. Her blei det grave opp ei lang og djup grøft frå barnehagen og forbi samfunnshuset. Det blei lagt ned dobbel drenering og grøfta blei steinsett for å tole dei store vassmengdene som kjem ned lia.

Gamle Heddeli bu- og servicesenter

Det blei starta riving på gamle Heddeli bu- og servicesenter. Her rakk ein å rive kjøkkenet i 1 etasje før bygget blei etablert som isolat med sju sengeplassar i kjellaren.

Nav

Nav fekk tre nye kontor og venterom, og det blei laga ein eigen hovudinngang for dei.

Helsesenteret

På Helsesenteret blei kommunelegen sitt kontor delt av for å få eit ekstra kontor. Luka til nattevakta fekk montert tryggleiksglas. Parkeringa for tilsette blei utvida. Her står det att å asfaltere.

Nesbukti

Det blei i 2019 sett av pengar for å byggje om styringsystemet for varme på Nesbukti. Arbeidet var

planlagt å gjennomføre med egne tilsette, men på grunn av mange arbeidsoppgåver vil dette arbeidet ta tid.

Omsorgsbustadene ved Nesbukti har fått installert ny varmestyring.

Ekstra løyving

Det kom ei ekstra løyving frå staten på 1,3 mill. Øyremerkt til vedlikehald i løpet av 2020. For desse midlane vedtok politikarane at kommunen skulle bruke midlane slik:

- etablere nye kontor i «gamle» NAV
- bygge nye bad i Heddeli barnehage
- sette opp gjerde rundt Flatdal skule
- kjøling ventilasjon Tussejuv barnehage
- resterande beløp til bygningsmessig vedlikehald. Her har det blitt lagt nytt tak på Moganvegen 9, og leiligheiten i Jakob Naadlansveg 6A er pussa opp.

Det sto att ca. 530 000 kr frå staten ved nyttår. Desse midlane er flytta over og skal nyttast i 2021.

| Drifts- og finansutgifter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
|---|-------------------|-------------------|-------------------------------|---------------------------------------|
| 500 Avdelingskontor teknisk | 1 428 | 1 653 | 1 291 | 28 % |
| 510 Vedlikehaldsavdeling | 7 966 | 10 944 | 9 940 | 10 % |
| 520 Oppmåling og bygningskontroll | 1 757 | 1 739 | 1 546 | 12 % |
| 530 Vegar og grøntanlegg | 6 708 | 5 020 | 4 522 | 11 % |
| 540 Brann og feiarvesen | 4 431 | 3 931 | 4 183 | 6 % |
| 550 Vatn | 4 050 | 3 575 | 4 339 | 18 % |
| 551 Avløp | 4 633 | 4 628 | 4 454 | 4 % |
| 552 Renovasjon | 4 522 | 4 833 | 5 059 | 4 % |
| 560 Utleigebustader | 1 877 | 2 083 | 2 487 | 16 % |
| Sum | 37 372 | 38 406 | 37 821 | 2 % |
| Drifts- og finansinntekter (kr 1.000) Ansvar | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
| 500 Avdelingskontor teknisk | 58 | 89 | 39 | 129 % |
| 510 Vedlikehaldsavdeling | 979 | 2 879 | 2 397 | 20 % |
| 520 Oppmåling og bygningskontroll | 1 530 | 1 534 | 1 525 | 1 % |
| 530 Vegar og grøntanlegg | 1 275 | 1 029 | 790 | 30 % |
| 540 Brann og feiarvesen | 1 477 | 1 430 | 1 290 | 11 % |
| 550 Vatn | 8 310 | 8 102 | 8 135 | 0 % |
| 551 Avløp | 6 814 | 6 909 | 6 917 | 0 % |
| 552 Renovasjon | 4 828 | 5 324 | 5 352 | 1 % |
| 560 Utleigebustader | 2 054 | 1 597 | 1 993 | 20 % |
| Sum | 27 325 | 28 893 | 28 438 | 2 % |

| Samandrag | Rekneskap 2019 | Rekneskap 2020 | Budsjett 2020 (justert) | Avvik (%) R 20 / B 20 (justert) |
|--|-------------------|-------------------|-------------------------------|---------------------------------------|
| Drifts- og finansutgifter | 37 372 | 38 406 | 37 821 | 2 % |
| Drifts- og finansinntekter | 27 325 | 28 893 | 28 438 | 2 % |
| Netto drifts- og finansutgifter | 10 047 | 9 513 | 9 383 | 1,39 % |

Kommentarar til rekneskap PO 4 Teknisk drift

«Gamle» programområde 5 (ansvar 500-560) fekk eit lite **meirforbruk på kr 130.000**. Sjølv om det samla sett var høveleg balanse, var det til dels store avvik på einiskilde ansvar. Til dømes fekk vedlikehaldsavdelinga (ansvar 510) eit meirforbruk på kr 552.000, medan vatn (ansvar 550) fekk eit mindreforbruk på kr 731.000. Desse avvika må ein sjå nærare på i budsjettrapporteringar i 2021, og til budsjettet for 2022.

Samla sett fekk programområde 4 «Samfunnsutvikling og drift» eit mindreforbruk kr 413.000. (mindreforbruk på kr 543.000 på ansvar 410-440 og meirforbruk på kr 130.000 på ansvar 500-560).

Sjølvkostområdet syner fylgjande resultat for 2020.

| Område | Resultat 2020 | | | | Balansen 2020 | |
|---------------------------|-------------------------------|------------------------------|---------------------------|----------------------------------|---|--|
| | Inntekter (gebyrinntekter) | Kostnader (gebyrgrunnlag) | Overskot Underskot (-) | Året deknings- grad i % 1) | Avsetjing (-)/ Bruk av dekningsgrads- fond (inkl. renter) | Sjølvkostfond/ framførbart underskot (-) pr. 31.12 2) (inkl. renter) |
| Vatn | 8 051 144 | 7 410 016 | 641 128 | 108,7 % | 0 | -434 022 |
| Avløp | 5 504 125 | 5 714 495 | -210 370 | 96,3 % | 0 | -1 305 703 |
| Renovasjon | 5 324 199 | 5 124 435 | 199 764 | 103,9 % | -64 800 | 64 800 |
| Feiing/Tilsyn | 1 221 271 | 1 360 281 | -139 010 | 89,8 % | 0 | -580 899 |
| Slamtøming | 1 361 254 | 1 188 080 | 173 174 | 114,6 % | 0 | -350 263 |
| Sum VARFS | 21 461 993 | 20 797 307 | 664 686 | 103,20 % | -64 800 | -2 606 087 |
| Byggjesak | 959 295 | 978 481 | -19 186 | 98,04 % | 0 | 0 |
| Oppmåling | 484 295 | 735 343 | -251 048 | 65,86 % | 0 | 0 |
| Private planar | 0 | 62 123 | -62 123 | 0,00 % | 0 | 0 |
| Sum bygg/oppmåling | 1 443 590 | 1 775 947 | -332 357 | 81,29 % | 0 | 0 |
| Sum totalt | 22 905 583 | 22 573 254 | 332 329 | 101,47 % | -64 800 | -2 606 087 |

1) Årets dekningsgrad før eventuell avsetjing til/bruk av sjølvkostfond.

2) Sjølvkostfond er bundne driftsfond. Disse kan berre brukast til dekning av framtidige utgifter på tilhøyrande sjølvkostområde. Sjølvkostfond må nyttast innan ein 3-5 års periode. Når det gjeld renovasjon og slam er ein lovpålagt å ha sjølvkost (100 % dekningsgrad). På dei andre områda kan ein ha lågare dekningsgrad. Det er ikkje lov (over tid, dvs. 3-5 år) å ha høgare dekningsgrad enn 100 % (sjølvkost). På VARF-området (vatn, avløp/slam, renovasjon og feiing/tilsyn) har Seljord kommune over lengre tid praktisert eigenbetaling til sjølvkost.

Pr. 31.12.2020 er abonnentane skuldig Seljord kommune **kr 2.606.087** i kommunale eigeomsavgifter (VARFS-området). Dette er kr 624.404 mindre enn pr. 31.12.2019.

Saker til handsaming i kommunestyret i 2020

| | |
|----------|--|
| PS 1/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| | Referatsaker |
| PS 2/20 | Val av representant til representantskapet i Telemark Innkjøpssamarbeid KO |
| PS 3/20 | Val av representantar til representantskapet i Kraftkompetanse KO |
| PS 4/20 | Søknad om fritak frå politiske verv - Hanne Sommerfelt |
| PS 5/20 | Felles møter for Eldreråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i 2020 |
| PS 6/20 | Eldreråd 2020 - 2023, val av medlemmar |
| PS 7/20 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2020 - 2023, val av medlemmar |
| PS 8/20 | Revidering av vedlegg 1 til Gul bok, PO3 |
| PS 9/20 | Verdsetjing av eigedomar for utskriving av eigedomsskatt - Val av takseringsnemnd og klagenemnd for 2019-2023 |
| PS 10/20 | Rullering av kommuneplanens arealdel 2020 -2032. 1. gongs handsaming |
| PS 11/20 | Omgjering av vedtak, sal av kommunal bustad Gamle Gullnesveg 8 (Paradis) - Gnr/bnr 45/131 |
| PS 12/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| | Referatsaker |
| PS 13/20 | Orientering om Konona, covid-19 |
| PS 14/20 | Orientering om avtaler til friluftsføremål, avtaler om sikring av områder, bruksavtaler om idrettsanlegg og tilskot til brøyting av private vegar. |
| PS 15/20 | Forvaltningsrevisjon - Arkiv og dokumenthandsaming |
| PS 16/20 | Årsrapport for 2019 - Skatteoppkrevjaren i Seljord kommune |
| PS 17/20 | Eigarskapsmelding for Seljord kommune |
| PS 18/20 | Endring av leiar i velferdsutvalet |
| PS 19/20 | Innspel til Nasjonal transportplan 2022-2033 frå Seljord kommune |
| PS 20/20 | Revisjon av vedtekter for barnehage i Seljord |
| PS 21/20 | Søknad om fritak for alle politiske verv - Helge Hellesø Lundgren |
| PS 22/20 | Nedsett konsesjonsgrense - konsesjonslova § 7 |
| PS 23/20 | Informasjon frå kyrkja, nye Seljord sokn |
| PS 24/20 | Avtaler om friluftsføremål, sikring av områder og bruksavtaler om idrettsanlegg |
| PS 25/20 | Årsmelding for kontrollutvalet 2019 |

| | |
|----------|--|
| PS 26/20 | Etablering av Retningslinjer for regulering av støy frå høgtalarar/musikkanlegg i Seljord kommune |
| PS 27/20 | Heimel av beredskapsfullmakta etter ny kommunelov |
| PS 28/20 | Rehabilitering av vasskade Flatdal Barnehage, status og kostnadsoverslag |
| PS 29/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 30/20 | Vedtak gjort etter smittevernlova i tidsrommet 12-26.mars 2020 |
| PS 31/20 | Heimel av beredskapsfullmakta etter ny kommunelov, justert etter kommunestyre møte 26.mars 2020 |
| PS 32/20 | Forskrift om utvida karantenepåbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen |
| PS 33/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 34/20 | Vedtak- Forbod om sitjande matsservering og sal av smågodt - Forlenga |
| PS 35/20 | Forskrift om utvida karantenepåbod for fastbuande og forbod mot innreise for personar som bur utanfor regionen av 08.04.2020 |
| PS 36/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 37/20 | Forskrift om utvida karantenepåbod for folk som har våre i Oslo og Viken fylker utanom Kongsberg |
| PS 38/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 39/20 | Årsmelding frå Samhandlingskoordinator i Vest-Telemark |
| PS 40/20 | Styringsdokument for Kraftkompetanse KO - Justert utgåve |
| PS 41/20 | Søknad om kommunal støtte - Reiselivsprosjekt Kom til Vest-Telemark 2020 |
| PS 42/20 | Tilstandsrapport for grunnskulen i Seljord 2019 |
| PS 43/20 | Tilskot til brøyting av private vegar |
| PS 44/20 | Val og uttaking av meddommarar for perioden 01.01.21 til 31.12.24 |
| PS 45/20 | Val av skjønnsmedlemmer for perioden 2021-2025 |
| PS 46/20 | Melding til kommunestyret - oppfølging av vedtak investeringsbudsjett 2020, Flatdal skule |
| PS 47/20 | Politisk delegeringsreglement for Seljord kommune for kommunestyreperioden 2019-2023 |
| PS 48/20 | Melding om vedtak etter kommunelova §11-8, hastesak - Vurdering av kjøp av ny kommunal bustad |
| PS 49/20 | Melding om vedtak, bruk av kommunelova §11-8 hastesak - Auka ramme for kjøp av kommunal bustad |
| PS 50/20 | Forhandlings- og utviklingsutval 2020 - 2023 |
| PS 51/20 | Uttale om evakuering av barn og barnefamiliar frå flyktningeleirane i Hellas |
| PS 52/20 | "Ad-hoc"-økonomirapportering pr. 08.05.2020 for driftsbudsjettet 2020 |
| PS 53/20 | Finansiering av 17. mai markeringa 2020 - 17.mai komiteen 2020 |

| | |
|----------|--|
| PS 54/20 | Lokal tiltakspakke i samband med covid-19 |
| PS 55/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 56/20 | Årsmelding 2019 for Seljord kommune |
| PS 57/20 | Årsrekneskap 2019 for Seljord kommune |
| PS 58/20 | Budsjettkontroll pr. 01.06.2020 for driftsbudsjett 2020 |
| PS 59/20 | Seljord som trafikksikkerkommune |
| PS 60/20 | Avvikling av Telemark kommunerevisjon IKS |
| PS 61/20 | Oppdatering av selskapsavtale for Vestfold og Telemark revisjon IKS |
| PS 62/20 | Revisjon av Selskapsavtale for Renovest IKS pr april 2020 |
| PS 63/20 | Akson - Ein innbyggjar, ein journal - Intensjonserklæring i støtte for realisering |
| PS 64/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 65/20 | Årsmelding 2019 - Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark |
| PS 66/20 | Alkoholpolitiske retningslinjer for Seljord kommune 2020 |
| PS 67/20 | Informasjonstavler for Seljord kommune - investeringsprosjekt |
| PS 68/20 | Søknad frå Seljord idrettslag - kunstgrasbana på Eventyrøy - frå kork til gummigranulat |
| PS 69/20 | Vedlikehald og rehabilitering Kap. 576 post 60 - forslag til bruk av ekstra midlar. |
| PS 70/20 | Forslag til kommunal planstrategi for Seljord kommune 2020-2023 |
| PS 71/20 | Merknader og innspel etter 1. høyring kommuneplanens arealdel |
| PS 72/20 | Arbeidsprogram 2020 |
| PS 73/20 | Oppstart rullering handlingsdelen 2021- 2024 |
| PS 74/20 | Vest-Telemark kraftlag – Organisatoriske konsekvensar av kravet om selskapsmessig skilje |
| PS 75/20 | Revidert selskapsavtale Interkommunalt brannvernssamarbeid IKS |
| PS 76/20 | Revidert lokal forskrift om feing og tilsyn med fyringsanlegg. |
| PS 77/20 | SLT koordinator i Seljord kommune - 2020 |
| PS 78/20 | Oppretting av ei reinhaldsavdeling |
| PS 79/20 | Revurdering av avvikling internpoststilling |
| PS 80/20 | Nasjonalt tilsyn på opplæringsområdet - Seljord kommune |
| PS 81/20 | Val og uttaking av meddommarar for perioden 01.01.2021 til 31.12.2024 |
| PS 82/20 | Val av skjønnsmedlemmer for perioden 2021-2025 |
| PS 83/20 | Val av forliksrådsmedlemmar 2021-2025 |
| PS 84/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 85/20 | Akson - Ein innbyggjar, ein journal - Intensjonserklæring i støtte for realisering |

| | |
|-----------|---|
| PS 86/20 | Val av lagrettsmedlemmar og meddommarar til Agder lagmannsrett - val for perioden 2020 - 2023 |
| PS 87/20 | Meddommarar til jordskifteretten - val for perioden 2021 - 2024 |
| PS 88/20 | Eigenandel for fiber/breibandutbygging i ikkje-kommersielle områder del II 2020 |
| PS 89/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 90/20 | Godkjenning av avtale |
| PS 91/20 | Konstituering av rådmann |
| PS 92/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 93/20 | Konstituering av rådmann |
| PS 94/20 | Utfordringsnotat til budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024 |
| PS 95/20 | Melding til kommunestyret frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark - FM sine vurderingar til føreliggande og kommande budsjett -og økonomiplanar i kommunane |
| PS 96/20 | Attendemelding på oppfølging av revisjonsrapport for arkivplan og dokumenthandsaming |
| PS 97/20 | Oppgradering av kommunen si sak-/arkivløyving - kostnader |
| PS 98/20 | IKA Kongsberg - ny selskapsavtale 2021 |
| PS 99/20 | Val av forliksrådsmedlemmar 2021-2025 |
| PS 100/20 | Justert anmodning frå Imdi om busetting 2020 |
| PS 101/20 | Frå leige til eige |
| PS 102/20 | Leige av plassar til heildøgns omsorg - Behov for plassar til heildøgns omsorg |
| PS 103/20 | Frikjøp av kommuneoverlegen - Auke av legeressurs i samband med koronasituasjonen |
| PS 104/20 | Årsmelding 2019 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne |
| PS 105/20 | Årsmelding 2019 - Eldreråd |
| PS 106/20 | Tilleggspunkt til revidert lokal forskrift om feing og tilsyn med fyringsanlegg - Vinje kommune ber Seljord kommune endre sitt vedtak |
| PS 107/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 108/20 | Søknad om fritak frå politiske verv - Jarand Grøstad Barstad |
| PS 109/20 | Opprykk og suppleringsval til kommunestyre for perioden 2019 - 2023 |
| PS 110/20 | Løyving av ekstra midlar til rekruttering av ny rådmann |
| PS 111/20 | Samarbeidsavtale - Ressursteam for barnevernet - administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova kapittel 20 §20-2 |
| PS 112/20 | Forslag til planprogram - Helse- og omsorgsplan 2021-2033 |
| PS 113/20 | Stadfesting av kommunal planstrategi for Seljord kommune 2020 - 2023 |
| PS 114/20 | Rullering av samfunnsdelens handlingsdel 2021- 2024 |

| | |
|-----------|---|
| PS 115/20 | Nedsett konsesjonsgrense - Konsesjonslova § 7 - utsett sak frå 26.mars 2020 |
| PS 116/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 117/20 | Orientering - rådmannen sitt framlegg til budsjett 2021 -handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 -2024 |
| PS 118/20 | Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2023 og plan for eigarskapskontroll 2020 - 2023 - Seljord kommune |
| PS 119/20 | Felles innkjøpsreglement og strategi for kommunene i Telemark innkjøpssamarbeid |
| PS 120/20 | Søknad om tilskot og samarbeidsavtale for perioden 2021- 2024 - Senter mot incest og seksuelle overgrep, Smiso Telemark |
| PS 121/20 | Etablering av Helsefelleskap i Telemark |
| PS 122/20 | Seljord kommune som tiltakshavar på enkelte prosjekt i opplevingsvegen |
| PS 123/20 | Søknad om fritak frå politiske verv - Per Dehli |
| PS 124/20 | Ny handsaming samarbeidsavtale - Ressursteam for barnevernet - administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova kapittel 20 §20-2 |
| PS 125/20 | Godkjenning av protokoll frå forrige møte |
| PS 126/20 | Framlegg til ny Trafikktryggleiksplan 2020-2024 |
| PS 127/20 | Hovudplan vatn og avløp 2020 - 2030 |
| PS 128/20 | Stadfesting av planprogram for felles klimaplan for kommunane i Vest-Telemark |
| PS 129/20 | Svar på oppmoding frå IMDI om busetting av flyktningar i 2021 |
| PS 130/20 | Fullmakt til sal av aksjar i Vest-Telemark Teknologipark |
| PS 131/20 | Godkjenning av nytt namn - Vest Telemark brannvern IKS |
| PS 132/20 | Ny selskapsavtale for VETAKS - inntreden av Sandefjord Kommune |
| PS 133/20 | Suppleringsval til formannskapet - Seljord Høgre |
| PS 134/20 | Søknad om fritak frå politiske verv - Marianne Vadder |
| PS 135/20 | Forslag til møtekalender politiske møte 2021 |
| PS 136/20 | Forslag til politisk delegasjonsreglement for Seljord kommune 2020-2024 |
| PS 137/20 | Budsjettkontroll pr. 15.11.2020 for driftsbudsjettet 2020 |
| PS 138/20 | Investeringsbudsjettet 2020 - Rebudsjetteringar, nedbudsjetteringar og tilleggsløyvingar |
| PS 139/20 | Budsjett for kontrollarbeid 2021 - Seljord kommune |
| PS 140/20 | Søknad om vidareføring av tilskot til vedlikehald av vegen til Raudkleiv - Seljord Idrettslag |
| PS 141/20 | Søknad om fast årleg driftsstøtte og etableringsmidlar til fullføring - Seljord Økologiske Hage |

| | |
|-----------|---|
| PS 142/20 | Budsjett 2021 med handlingsdel, budsjett og økonomiplan 2021 - 2024 |
| PS 143/20 | Taksering av bustadeigedomar for eigedomsskatt - Kommunale takstar eller skatteetatens formuesgrunnlag |
| PS 144/20 | Tilbakeføringar og ekstra avsetjingar til disposisjonsfondet |
| PS 145/20 | Finansforvaltning - Rapportering, kontroll og risikovurderingar |
| PS 146/20 | Nyval til kontrollutvalet for perioden 2019 - 2023 |
| PS 147/20 | Suppleringsval til formannskap og faste utval for perioden 2019 - 2023 |
| PS 148/20 | Reglement for politisk arbeid i Seljord kommune |
| PS 149/20 | Samarbeidsavtale - Ressursteam for barnevernet - administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova kapittel 20 §20-2 |